VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: **Formannskapet**
Møtestad: **Voldsfjorden, Volda rådhus**
Dato: **16.10.2018**
Tid: **12:00**

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordførar

VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 149/18	**Godkjenning av innkalling og sakliste**
PS 150/18	**Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**
OS 139/18	**Moglegheitsstudie for Volda ungdomsskule - orientering om status**
OS 140/18	**Orienteringssak: Kommuneplanen sin arealdel**
OS 141/18	**Øvre Rotset Næringsområde - planavklaring vedr. detaljhandel, planid 2012008**
PS 151/18	**Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø - høyring av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid**
PS 152/18	**Symfoniorkesteret ved Høgskulen - Søknad om konserttilskot**
PS 153/18	**Orienteringssaker**
OS 142/18	**Notat om rekruttering av planleggjar og byggeleiar**
OS 143/18	**Samfunnshuset – amfi**
OS 144/18	**Nyheter fra Helseplattformen - statsbudsjettet 2019**
OS 145/18	**Kartlegging ungdomsklubb- ungdomsarbeid**
OS 146/18	**Informasjon om Arena Sunnmøre 22.11.2018**
PS 154/18	**Referatsaker**
RS 4/18	**Vedtak i Ørsta kommune - Etablering av utviklingsforum for Ålesund lufthamn - invitasjon til deltaking i aksjeselskap**

PS 149/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 150/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Siri Birkeland Solheim	Arkivsak nr.:	2017/2188
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
139/18	Formannskapet	16.10.2018

MOGLEGHEITSSTUDIE FOR VOLDA UNGDOMSSKULE - ORIENTERING OM STATUS

Administrasjonen si tilråding:

Formannsskapet tek orienteringa til vitande.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:
Viser til PS 18/18 der det er vedtatt at det skal gjennomførast ei moglegheitsstudie for Volda ungdomsskule. Arbeidet med moglegheitsstudiet er i gang, og etter planen skulle resultatet av moglegheitsstudiet presenterast i formannsskapet i oktober. På grunn av opplysningar som er kome fram i studien, ynskjer vi å bruke noko meir tid på moglegheitsstudiet for å kostnadsberekne to andre alternativ i tillegg til det vi har sett på i studiet til no.

Saksopplysningar/fakta:
Gjennom arbeidet som er gjort, med bakgrunn i dei føringar som ligg i mandatet og føringar frå oppvekst, kjem det fram at det er vanskeleg å halde seg innanfor det ambisjonsnivået som er satt for økonomien. Ein del av grunnen til dette, er at det blir vurdert som lite hensiktsmessig å behalde størrelsen på klasseromma slik dei er i dag. Dette vil seie at ein må gjere ei omfattande ombygging av eksisterande bygningsmasse og det vil bli vanskeleg å nytte seg av dei verdiane som er tilført bygget dei siste åra.

I moglegheitsstudiet har vi til no sett på ei løysing med renovering/oppgradering av eksisterande hovudfløy opp til dagens krav, i kombinasjon med eit tilbygg. I kostnadsvurderingane som er gjort for denne løysinga, ser vi at dette alternativet ligg høgt i

pris, sjølv før kostnadane for midlertidige lokalar til skulen under bygging er inkludert. Dersom vi legg på desse leigekostnadane, vil vi truleg stå igjen med ein kostnad som er om lag den same som for ein ny skule.

For å få eit godt beslutningsgrunnlag for vegen vidare, ynskjer vi å inkludere to kostnadsoverslag til i studiet. Dette er for å kunne samanlikne kostnadsanalysen av løysinga med eit tilbygg og renovering, opp mot det som blir vurdert til å vere maksimumsalternativet og minimumsalternativet for ungdomsskulen. Desse to alternativa er skildra under.

- Minimumsalternativet er satt ut i frå det som er vurdert som nødvendige tiltak for å kunne drive skulen for den elevmassen som statistisk sett kjem dei neste ti åra. Dette er eit alternativ der ein riv sidefløyen og gymsalane, samtidig som ein bevarer hovudbygget utan ombygging, men med ei utbetring av dei punkta som blir definert som ikkje akseptable i tilstandsvurderinga. I tillegg bygger ein eit mindre nybygg med nye klasserom og tilhøyrande grupperom, samt med nokre spesialundervisningsrom som ikkje bør ligge i hovudbygget (sløyd og musikk). På denne måten frigjer ein plass i hovudbygget som kan brukast til areal for lærarar og administrasjonen i ei periode, medan elevane får nye, tilfredsstillande klasseromslokale. Eit slikt alternativ må sjåast på som ei overgangsløysing, og tanken er då at ein, i eit seinare byggetrinn, erstattar dei funksjonane som framleis er i hovudbygget med eit nytt tilbygg.
- Maksimumsalternativet er satt til å bygge ein ny skule. Det er då vurdert at det er mogleg å bygge ein ny skule på vestsida av tomta, og at hovudbygget av eksisterande skule kan brukast i byggeperioden. Dette gjer at ein kan spare kostnadar med midlertidig lokale for skulen i byggeperioden. Ein ny skule vil også kunne utformast som ein meir arealnyttig skule, og det er moglegheit for å redusere drifts- og vedlikehaldskostnadane.

Kostnadsoverslaget for begge alternativa tek utgangspunkt i det minste alternativet for skulen med 12 klasserom. Klasseromma blir dimensjoner for å kunne romme opp til 30 elevar, og ein får då ein totalkapasitet på 360 elevar på skulen. Ut frå den statistikken vi har i dag, skal dette vere nok til å dekke behovet så langt vi kan sjå.

Vurdering og konklusjon:

Ved å inkludere kostnadsoverslag for desse løysingane i moglegheitsstudiet, har ein eit betre grunnlag for å kunne vurdere løysinga med eit tilbygg og renovering. Med bakgrunn i at det ikkje utarbeidast skisser for alternativa og at ein tek utgangspunkt i rom- og funksjonsprogrammet som er utarbeida, er ekstraarbeidet vurdert til å vere av ei mindre art og kostnadane for overslaga blir dekka av pengar som er satt av til prosjektet i inneverande år.

Vi planlegg med å ferdigstille arbeidet med moglegheitsstudiet i november.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen nye konsekvensar

Økonomiske konsekvensar:
Tilleggskostnadar for utarbeiding av kostnadsoverslaga blir dekt av avsette midlar til prosjektet i inneverande år.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen nye konsekvensar

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Kommuneplanen sin arealdel

Prosjektgruppa for kommuneplanen sin arealdel er i ferd med å få klart eit førsteutkast til ny arealdel, og rådmannen har bedt prosjektgruppa orientere formannskapet om arbeidet. Det er ynskjeleg at formannskapet kan fylgje prosessen, og sette seg inn i vurderingar undervegs.
I formannskapsmøtet vil prosjektgruppa presentere arbeidsutkast til planomtale, konsekvensutgreiing (KU), plankart og føresegner. Ingen av dokumenta er ferdige, og ein kan vente at det kjem endringar frå administrasjonen si side. Formannskapet kan kome med kommentarar eller spørsmål knytt til arbeidet.

24. oktober skal arbeidsutkastet leggast fram for regionalt planforum, der også Formannskapet skal vere representert. Prosjektgruppa ynskjer å presentere eit komplett høyringsutkast til formannskapsmøtet 30. oktober. Om kommuneplanen sin arealdel kan sendast ut på høyring denne datoen avhenger m.a. av kva innspel som kjem frå formannskapet og frå regionalt planforum. Viss det til dømes kjem innspel om nye utbyggingsareal, må desse konsekvensutgreiast, og ein må vurdere kva samla verknadar dei eventuelle nye innspela har.

Planomtale

Arbeidsutkast til planomtalen ligg som vedlegg 1. Dokumentet inneheld mellom anna Kapittel 3: Hovudtema i planen, der ein viser til arealstrategiar frå planprogrammet. I dette kapittelet viser ein også til viktige grunnlagsdokument, og gjer greie for behov. Kapittel 5 ROS og konsekvensutgreiing inneheld utdrag frå ROS-analysen og konsekvensutgreiinga. I kapittel 6 gjer ein greie for kva vurderingar som er gjort i planen, for å svare på målsettingar og behov. Kapittel 7 gjer greie for den samla verknaden av planen.

Planomtalen er arbeidd vidare med sidan kommunestyremøtet 27. september, men må utarbeidast parallelt med dei andre plandokumenta, og er ikkje ferdig.

Planomtalen viser til ei rekke arbeids-, kartleggings- og grunnlagsdokument. Desse dokumenta er tilgjengelige på kommunen si heimeside: https://www.volda.kommune.no/plan

Konsekvensutgreiing

Fyrste del av konsekvensutgreiinga, som skildrar metoden, ligg som vedlegg 2.

Vedlegg 3 viser ein oversikt over vurderte innspel, inkludert vurdering i KU (vist med fargekode).

Vedlegg 4 er eit arbeidsutkast til KU for fylgjande formål:

- Bustadareal
- Forretningar
- Fritids- og turistformål
- Fritidsbustadar og naust
- Grav og urnelund
- Kombinert byggje- og anleggsformål
- Næringsverksemd
- Offentleg og privat tenesteyting
- Råstoffutvinning

- Sentrumsformål
- Spreidde bustader i LNF

Arbeidsutkast til KU for andre formål (akvakultur, andre typar bygningar og anlegg, idrettsanlegg, småbåthamn, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur) er ikkje ferdige enda.

Ein har, sidan møtet i kommunestyret 27. september, arbeidd vidare med kvalitetssikring av konsekvensutgreiinga, og dei fleste dokumenta er oppdatert etter det. Rådmannen ynskjer likevel å presisere at dette er eit arbeidsutkast, dokumenta er ikkje fullstendig kvalitetssikra og ein er ikkje ferdig med å vurdere den samla verknaden av planen. Ein kan framleis vente forandringar frå administrasjonen si side.

Plankart

Plankartet (vedlegg 5) viser administrasjonen sitt arbeidsutkast til noverande og framtidig arealbruk. Kartet er noko oppdatert sidan møtet i kommunestyret 27. september.

Rådmannen ynskjer å presisere at dette er eit arbeidsutkast og ein kan framleis vente forandringar frå administrasjonen si side. Det er positivt at politikarane får høve til å påverke arbeidet undervegs i prosessen, og rådmannen ynskjer kommentarar frå formannskapet til arbeidsutkastet.

Administrasjonen vil trykke opp plankartet på papir og dele ut dette i møtet, for vidare arbeid i partigruppene mot handsaming av komplett planframlegg.

Det endelege plankartet vil bestå av omsynssonekart i tillegg til det kartet som er utsendt. Omsynssonekarta er tilgjengelege på kommunen si heimeside: https://www.volda.kommune.no/plan

Føresegner

Arbeidsutkast til føresegner ligg som vedlegg 5. Dokumentet inneheld verknader av planen (kapittel 1), generelle føresegner til kommuneplanen sin arealdel (kapittel 2). Dokumentet er oppdatert etter møtet i kommunestyret 27. september.

Retningsliner til kommuneplanen sin arealdel og føresegner til arealformål og omsynssoner (kapittel 3–6) må utarbeidast parallelt med dei andre plandokumenta og er ikkje klare for utsending.

Rådmannen ynskjer å presisere at dette er eit arbeidsutkast, og det kan kome forandringar frå administrasjonen si side.

Det er viktig at politikarane får høve til å påverke planen og føresegnene undervegs i prosessen. Føresegnene vert, saman med plankartet, juridisk bindande for framtidig arealbruk og skal leggast til grunn for all planlegging og sakshandsaming av enkeltsaker innan planområdet. Rådmannen ber formannskapet lese arbeidsutkastet, og kome med kommentarar.

Vedlegg:

1. Arbeidsutkast planomtale 09.10.2018
2. Konsekvensutgreiing – metode
3. Vurdering av innspel til arealdelen pr. 09.10.2018
4. Arbeidsutkast konsekvensutgreiing 09.10.2018
5. Arbeidsutkast plankart 09.10.2018
6. Arbeidsutkast føresegner 05.10.2018

KOMMUNEPLAN FOR VOLDA

PLANOMTALE AREALDELEN 2018–2030

Utkast, dato: 09.10.2018
Vedteken av Volda kommunestyre x.x.xxxx

UTKAST

FORORD VED ORDFØRAREN

(dato)
Jørgen Amdam
Ordførar

(Bilete)

(Biletetekst) Foto: xxx.

UTKAST

1 INNHALD

Forord ved ordføraren

1 INNHALD

2 BAKGRUNN
2.1 Kva er ein kommuneplan?
2.2 Føremål med planarbeidet
2.3 Om planområdet
2.4 Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventingar
2.5 Organisering, prosess og medverknad

3 HOVUDTEMA, AREALSTRATEGIAR OG BEHOV
3.1 Sentrumsutvikling og senterstruktur
3.2 Busetting
3.3 Offentlege og allmenne formål
3.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust
3.5 Landbruk og næringsliv
3.6 Transport og kommunikasjon
3.7 Grønstruktur, friluftsliv og kultur

4 INNSPEL OG MERKNADER

5 KONSEKVENSUTGREIING OG ROS-OPPSUMMERING

6 OM PLANFRAMLEGGET
6.1 Overordna grep
6.2 Arealføremåla
6.2.1 Bebyggelse og anlegg
6.2.2 Samferdsel og teknisk infrastruktur
6.2.3 Grønnstruktur
6.2.4 Forsvaret
6.2.5 Landbruks-, natur og friluftsformål
6.2.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone
6.3 Omsynssoner
6.3.1 Sikrings-, støy- og faresoner
6.3.2 Sone med særlige krav til infrastruktur
6.3.3 Sone med særlige hensyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø
6.3.4 Sone for båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover
6.3.5 Sone med krav om felles planlegging for flere eiendommer
6.3.6 Sone hvor gjeldende reguleringsplan fortsatt skal gjelde.
6.4 Verknader av planframlegget
6.5 Oppsummering

7 VERKNADER AV PLANEN
7.1 Samla verknader av planen
7.2 Oppsummering hovudtema

8 KJELDER
9 VEDLEGG

UTKAST

2 BAKGRUNN

2.1 Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplan for Volda
Kommuneplanen for Volda består av ein samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Volda kommune sin samfunnsdel (2016–2028) vart vedteken av Volda kommunestyre 26.5.2016. Kommuneplanen sin samfunnsdel gir retningar og føringar for kommunen sin samla utvikling, og innheld føringar for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.

Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sitt styringsverkty for bruk og vern av areal, og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekk i arealdisponeringa og rammar og betingelsar for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, og kva viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av areala.

Kommuneplanen sin arealdel omfattar plankart, føresegner og planomtale.

I plan- og bygningsloven § 1-1 står det at:
"Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene."

2.2 Føremål med planarbeidet

Siste samla arealdel vart godkjent av kommunestyret 31.05.1990. Det er seinare godkjent fleire kommunedelplanar. Arealdelen frå 1990 og dei fleste kommunedelplanane var av eldre karakter, og det var behov for ein oppdatering av plandokumenta og ein gjennomgang av arealbruken for heile kommunen.
I Volda kommune sin planstrategi (vedteken 29.11.2012) står det at kommunen skal gjennomføre ei fullstendig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken 26.05.2016. Formålet med full revisjon av arealdelen er å legge til rette for å nå målsettingane vedteke i samfunnsdelen.

2.3 Om planområdet

Arealdelen av kommuneplanen omfatter alt areal innanfor kommunen sine grenser, både land- og sjøareal. Planområdet er 548 km^2.



(Figurtekst)

UTKAST

2.4 Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar

I planprogrammet for arealdelen er det gjort greie for sentrale nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar til planarbeidet.

Nokre viktige føringar:

- Lovar og forskrifter
- Stortingsmeldingar, rikspolitiske og statlege planretningslinjer
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017–2020
- Regional planstrategi 2016–2020
- Regionale delplanar
- Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016–2020
- Kommunedelplanar og fagplanar
- Kommuneplanen sin samfunnsdel

I kapittel 3 vert det vist til nokre av dei mest relevante dokumenta, med lenker.

Arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument
I samband med dei ulike tema i kommuneplanarbeidet er det utarbeidd og nytta ei rekke arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument som grunnlag for planen. Dei ulike dokumenta er lista opp under kvart tema i kapittel 3 (med lenker). Dokumenta er også tilgjengelege på kommunen si heimeside.

Kommunereform
Volda og Hornindal kommuner har gjort vedtak om samanslåing frå 01.01.2020. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gjort vedtak om at Bjørke og Viddal krins (i Ørsta kommune) vil verte grensejustert over til nye Volda kommune frå 2020.

Som følgje av dette kan det vere behov for endring av tenestestruktur og behov for felles strategi for arealbruk. Volda kommune har frå før eit utstrekt samarbeid med Ørsta kommune og det kan vere aktuelt med felles strategiar og planar for arealbruk i grenseområda mellom Volda og Ørsta.

I kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015 vart det lagt opp til å samle alle kommunedelplanane i ein samla arealdel. Det har vore prioritert i dette arbeidet. Kva planar Nye Volda kommune skal arbeide med framover, og eventuelle samarbeid med andre kommunar, vil gå fram av neste planstrategi.

SUNNE KOMMUNER
WHOs NORSKE NETTVERK

Sunne kommuner
Volda kommune er medlem av Sunne kommuner – WHOs norske nettverk. Sunne kommuner arbeidar lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å skape lokalsamfunn det er godt, sunt og trygt å leve i. Som medlem av Sunne kommuner har Volda formulert fylgjande hovudmål og retningsliner for kommunen:

Hovudmål:
Helse- og miljøomsyn skal byggjast inn i all kommunal verksemd med sikte på å fremje helse, førebygge sjukdom og skade på menneske og miljø, verne om kultur, økosystem og biologisk mangfald.

Retningsliner:

- Stimulere til helsefremjande tenking innan all offentleg og privat verksemd, og vektlegge oppgåveløysingar av førebyggjande karakter.
- Skape ein kontinuerleg prosess som mobiliserer innbyggjarane i kommunen til felles innsats for eit berekraftig samfunn.
- Utvikle arenaer i kommunen som utløyser frivillig innsats.
- I samarbeid med innbyggjarane arbeide for å skape positive og trygge oppvekst- og nærmiljø.
- Prioritere helsefremjande og førebyggjande arbeid blant barn og unge og integrering av vanskelegstilte.
- Fremje heilskapleg tenking gjennom tverretatleg og tverrsektorielt samarbeid i kommunale planar og tiltak.
- Skape helse- og miljøfremjande prosessar gjennom utviklingsarbeid i kommunal regi.
- Fastsetje administrative rutiner for konsekvensvurdering for helse- og miljø i ulike tiltak som vert iverksett i kommunen.

UTKAST

2.5 Organisering, prosess og medverknad

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har vore leia av planleggar frå sektor for utvikling. Ei prosjektgruppe frå administrasjonen har hatt ansvar for den praktiske gjennomføringa av arbeidet.

Rådmannen si leiargruppe, planmøtet og dei ulike sektorane i kommunen har vore nytta som administrativ arbeids- og ressursgruppe. Formannskapet har jamleg hatt kommuneplanen sin arealdel som tema på formannskapsmøta.

Saman med grendelaga har det vore arrangert møter på bygdene for å samle innspel til planen. Publikum og andre har vore invitert til å kome med innspel, mellom anna gjennom annonser i lokalavisene og informasjon på kommunen si heimeside. Det har også vore arrangert eigne temamøter for å sikre medverknad frå aktuelle interesser, grupper og samfunnsaktører.

14. mars 2018 arrangerte prosjektgruppa eit heildagsmøte med tema "senterstruktur og funksjonsfordeling". Kommunestyret vart innkalla, men møtet var opent for alle, og grunn- og huseigarar, næringsliv, studentar og andre vart også invitert. Møtet besto av foredrag frå ulike perspektiv fyrst på dagen, og diskusjon i arbeidsgrupper på slutten av dagen.

Parallellt med kommuneplanarbeidet har det vore arbeidd med fleire ulike arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument. Nokre av dei er lista opp her:

- Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda
- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar
- Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum
- Hovudplan vatn og avløp
- Retningsliner for leike- og aktivitetsområde
- Kartlegging av kvartalsleikeplassar i Volda
- Behovsanalyse offentleg og privat tenesteyting
- Kjerneområde landbruk
- Barnetrakk Volda
- Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde i Volda kommune
- Kommunedelplan for kulturminne

Det har vore gjennomført fleire ulike medverknadsmetodar knytt til dei ulike dokumenta, med mål om å sikre brei deltaking i prosessen. Dokumenta er tilgjengelege på kommunen si heimeside (www.volda.kommune/plan).

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vart det lagt opp til ein breid medverknadsprosess, der mellom andre ungdomsrådet, eldrerådet, studentar, næringsliv, frivillig sektor og "folk i gata" fekk kome med innspel på ulike måtar. Dette arbeidet har også vore nytta aktivt i samband med kommuneplanen sin arealdel.

Informasjon om kommuneplanarbeidet har underveis i prosessen vore publisert på heimesida til kommunen, på Volda kommune sin facebookside og i lokalavisene Møre og Møre Nytt.

3 HOVUDTEMA - AREALSTRATEGIAR OG BEHOV

Dette kapittelet tek for seg dei sju hovudtema i planprogrammet;

- Sentrumsutvikling og senterstruktur
- Busetting
- Offentlege og allmenne formål
- Fritidsbusetnad, setrar og naust
- Landbruk og næringsliv
- Transport og kommunikasjon
- Grønstruktur, friluftsliv og kultur

For kvart tema vert arealstrategiane frå planprogrammet presentert, og det vert vist til sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument. Vidare inneheld kapittelet ei kort omtale av moglegheiter, behov og utfordringar knytt til dei ulike tema.

3.1 Sentrumsutvikling og senterstruktur

Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og klare hovudsenter. I samfunnsdelen er det formulert eit klart mål om at Volda sentrum skal vere midtpunktet i kommunen og eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar saman med Ørsta. Det er også eit mål at Volda sentrum skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel og aktivitet, der fleire skal bu og opphalde seg.

Volda kommuna har fleire små lokalsenter, som i dag har ein sterk og viktig identitetsberande funksjon og fungerar som viktige møteplassar. I samfunnsdelen har ein satt som mål at ein ynskjer å redusere den negative folketalsutvikinga på bygdene.

Arealstrategiar
Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema sentrumsutvikling og senterstruktur:

- Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen og institusjonar med krav til utrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.
- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument
- Senterstruktur sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader
- Byregionen Volda Ørsta
- Handelsanalyse Ørsta-Volda
- Tettstadsanalyse for Volda sentrum
- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum

Volda tettstad. Foto: Regine S. Aklestad.

UTKAST

Senterstruktur
Med utgangspunkt i Statistisk sentralbyrå (SSB) sin definisjon av ein tettstad har det utvikla seg to tettstadar i kommunen; Mork-Furene og Volda sentrum. Kommunen har elles fleire spreidde bygder rundt om i kommunen.

Volda sentrum
Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og kommunesenter. Volda sentrum er delt i tre sonar: indre, midtre og ytre sentrumssone, sjå figur x.x. Dei tre sonene har til dels ulike funkjsonar.

I *indre sentrumssone* finn ein i dag handels-, service- og kulturtilbod, tingrett, torg, parkar og plassar. Her er både blokker, konsentrerte småhusområde og einebustadar. Det er om lag 800 meter og gangavstand mellom ytterpunkta. I samsvar med målsettingar i samfunnsdelen og arealstrategiane skal indre sentrumssone utviklast til eit regionalt handels-, bu- og næringssentrum med urbane kvalitetar. For å sikre ei slik utvikling i Volda sentrum må ein ha klare føringar for kva funksjonar som skal kunne lokaliserast i dei ulike sentrumssonene, i Mork-Furene og dei andre lokalsentra.

For å få til eit sentrum med meir urbane kvalitetar er det i arealstrategiane gitt føringar om at detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen. I tillegg til å styrke nærings- og handelsaktivieten i indre sentrumssone, vil det å legge til rette for attraktive og sentrumsnære bustader, styrke større arbeidsplassar og offentlege funksjonar og å satse på kulturelle og sosiale møtestader, vere viktige grep for å auke aktiviteten i sentrumskjernen. Gangavstand mellom målpunkt og samspel mellom ulike funksjonar er viktige suksessfaktorar for eit levande og pulserande sentrumsområde. Dette er også grep som er viktige i eit folkehelseperspektiv, og i arbeidet med å redusere utslepp frå transportsektoren.

Det er til dels store areal i indre sentrumssone med utviklings- og fortettingspotensiale for både bustader, handel og andre funksjonar. Dette er synleggjort i dokumentet Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling. I gjeldande reguleringsplanar i indre sentrumssone er det lagt til rette for fortetting og transformasjon i store deler av sentrumsområdet, som enno ikkje er utnytta.

For å lukkast med å utvikle eit sentrum med urbane og bærekraftige kvalitetar er det også ein viktig strategi å definere kvalitetane og særpreget ved staden, og nytte desse aktivt i utviklingsarbeidet. Tettstadsanalysen for Volda peikar m.a. på sjøgløtt, viktige byrom, eit særprega bygningsmiljø, sjøfronten, samanhengande grønstruktur, fjorden og fjella som viktige kvalitetar, og som ein bør vidareføre og framheve. Dokumentet Bygningsmiljø og estetisk rettleiar inneheld ei gjennomgang av særprega bygningsmiljø i tettstaden, inkludert rutinar og retningsliner for utvikling.

I *midtre sentrumssone* finn vi i dag fleire regionale funksjonar og større arbeidsplassar som høgskule, sjukehus og vidaregåande skule. Her er det også pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, daglegvarebutikkar og anna privat og offentleg tenesteyting. Området inneheld både einebustadar og område med konsentrerte småhus og blokker.

Området ligg i gangavstand frå sentrumskjernen. Store delar av området har også busstilbod. I midtre sentrumssone er det ein stor del konsentrert busetnad med rom for fortetting i etablerte bustadstrøk og utbygging av udisponert bustadareal. I området mellom den framtidige Voldatunnelen og Rotsethorntunnelen er det store areal som er egna som suppleringssenter for handel. Her er det potensiale for å legge til rette for etablering av handelspark med høve til handel av både plasskrevjande varer og enkelte utvalsvarer som hushaldningsapparat, verktøy og sportsutstyr som kjem under definisjonen av detaljhandel.

Det er viktig for Volda sin utvikling at offentlege og regionale funksjonar i indre og midre sentrumssone har tilstrekkeleg areal for vidareutvikling. Moglegheit for fleire offentlege funksjonar i indre sentrumssone og tenkje samspel mellom ulike funksjonar vil vere positivt for sentrumsutviklinga.

Ytre sentrumssone er i dag dominert av bustader med einebustader og meir konsentrerte bustadformer med to- og firmannsbustader. Her finn ein også offentleg og privat tenesteyting til lokale behov, som til dømes barnehagar, skular og forsamlingshus.

Mork-Furene
Tettstaden Mork-Furene har utvikla seg til å bli både eit attraktivt bustadområde og eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. Mork-Furene er også eit trafikkknutepunkt mellom ytre og indre Søre Sunnmøre. I området finn ein i dag skule, barnehage, forsamlinghus, idrettsanlegg og helse- og omsorgsinstitusjonar, detaljhandel med daglegvarer og teneste- og serviceverksemder. Her finn ein også meir tradisjonell transport, industri-, verkstad-, bygg-, og anleggverksemd.

I Furene er det etablert fleire handelsverksemder med plasskrevjande varegrupper. Plasskrevjande varer er i regional delplan for attraktive

UTKAST

Figur x.x: Illustrasjon soneinndeling Volda sentrum.Det er om lag 800 meter og gangavstand mellom ytterpunkta. Dette samsvarar langt på veg med prinsipp i regional delplan for attraktive byar og tettstader.

byar og tettstader definert som bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer samt utsal frå hagesenter og planteskolar. I følgje den regionale delplanen skal denne typen handel etablerast innanfor føremålsavgrensingar som allereie er gitt i gjeldande kommune- eller reguleringsplanar. Utviding bør berre tillatast dersom det ikkje fører til arealkonflikt, og etter at fullt utbyggingspotensiale innanfor føremålsavgrensingane er utnytta. Delplanen er også tydeleg på at det utanfor by- og tettstadsentrum ikkje er lov å etablere nye handelsverksemder som kvar for seg eller samla utgjer eit bruksareal på meir enn 3000 m2.

Mork-Furene har potensiale for både auka busetting og næringsaktivitet. Området er saman med Hovdebygda i Ørsta eit regionalt viktig handelsområde, og det er ønskjeleg at området skal vidareutviklast. I Furene er det i tidlegare planar sett av areal til næringsverksemd der utbyggingspotensialet enno ikkje er realisert. Det regulerte næringsarealet er også lavt utnytta. For å sikre området som eit regionalt viktig handelsområde, er det likevel behov for å sette av meir areal til handelsverksemder med plasskrevjande varegrupper.

På bakgrunn av fastsett arealstrategi der det er lagt vekt på at Volda sentrum skal utviklast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum med urbane og berekraftige kvalitetar, er det ikkje ønskjeleg med auka detaljhandel utover 3000 m2 bruttoareal i Furene. Meir detaljhandel i Furene vil truleg påverke detaljhandelen i Volda sentrum negativt. Det vil i tillegg føre til auka transportbehov.

Lokalsenter

Lauvstad-Dravlaus, Folkestad og Fyrde er lokalsentra i kommunen. Sentraliseringstrenden dei seinaste tiåra har gitt nedgang i folketalet på bygdene og med det også eit redusert servicetilbod i lokalsentra. Den kommunale økonomien set også dei kommunale tenestene i lokalsentra under press. Betra kommunikasjonsløysingar mellom lokalsentra og kommunesenteret gir enklare tilgang til tenestetilbodet i kommunesenteret og gjer at behovet for offentleg og privat service og tenesteyting i lokalsentra ikkje er det same.

Lokalsentra har likevel ein sterk identitetsberande funksjon og er viktig som møteplass. For å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene er det viktig å vidareføre prinsippet om lokalsenter. Det er her ein har den best utbygde infrastrukturen og det er her det er naturleg å legge til rette for auka bustadbygging, næringsutvikling og offentleg og privat teneste- og servicetilbod. Det er viktig å sikre at funksjonane som er i lokalsentra i dag har tilstrekkeleg areal.

Ny kommunestruktur etter 2020 (der Hornindal kommune og Bjørke og Viddal krins vil vere ein del av Volda kommune), vil truleg påverke lokalsenterstrukturen i framtida.

UTKAST

3.2 Busetting

Folketalet i Volda er jamt aukande, og det er ei viktig målsetting i kommuneplanen sin samfunnsdel at kommunen skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. Vidare er det satt som mål at kommunen skal tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktive bumiljø. I samfunnsdelen går det også tydeleg fram at ein ønskjer auka busetting i Volda sentrum, og at ein skal redusere fråflytting frå bygdene.

Arealstrategiar
Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema busetting:

- Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdesentra.
- Nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterar samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne.
- Det kan leggast til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument
- Behovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum
- Hovudplan vatn og avløp
- Rettleiar for leike- og aktivitetsområde
- Kartlegging av kvartalsleikeplassar i Volda

Folketal[1] og flyttemønster[2]
1. januar 2018 hadde Volda kommune 9188 innbyggarar. I 2008 var det 8406 innbyggarar i kommunen. I følge SSB sitt mellomalternativ vil folketalet i Volda fortsettje å stige jamt framover. I 2030 spår SSB at det vil vere 10 113 innbyggarar i Volda. Det er busett omtrent 1500–2000 studentar i Volda. Mange av desse meldar ikkje flytting, og vert difor ikkje med i statistikkane frå SSB.

75 % av innbyggarane i Volda bur i område definert som tettbygd strøk. Det er også her folketilveksten er størst, i bygdene går folketalet jamt nedover.
Frå 2008 til 2018 har folketalet:
- i Volda kommune auka med 782 personar.
- i Volda tettstad auka med 810 personar
- i Egset og Mork grunnkrets auka med 154 personar
- i spredtbygde krinsar gått tilbake med 184 personar

Bustadbehov
Framskriving av folketalet mot 2030 viser ein forventa folketalsauke på om lag 1300 personar i planperioden. Folketalsutvikling i perioden 2006–2016 viser at folketalet i bygdene går ned, medan folketalet i Volda sentrum aukar meir enn den samla folketilveksten i kommunen. Ein må derfor planlegge for ein folketilvekst på om lag 1500–1600 personar i Volda sentrum i planperioden.

I Volda bur i overkant 65 % i små hushald på 1–2 personar. Volda har fleire åleinebuande enn dei andre kommunane i Møre og Romsdal. Ut frå størrelsen på hushald og framskiving av folketilvekst, som i hovudsak vil komme i Volda sentrum, vil det i planperioden vere behov for om lag 750 små bustader eller leilegheiter og 200 ein- eller tomannsbustader i Volda sentrum.

Prisutviklinga på brukte sjølveigarbustader viser at det er marknad for auka tilgang på småhus og leilegheiter i Volda. Både utviklinga av stadig fleire små hushald, mange åleinebuande, marknadssituasjonen for leilegheiter og målsettingar om eit meir urbant sentrum tilsei at minst 70 % av nye bueiningar bør vere små bustader og leilegheiter.

Totalt for heile kommune er det i tidlegare planer i utgangspunktet tomtereservar for å dekke behovet for nye bustader i planperioden. Ein stor del av tomtereservane ligg derimot i ulike bygder med nedgang i folketalet, og det er behov for å etablere fleire tomtereserver i tettstadene. Det er berre i lokalsentra og tettstadene det er ynskjeleg med bustadfelt og det er berre i Mork-Furene og Volda sentrum det er behov for tilrettelegging av nye bustadfelt.

(Spreidd busetting i LNF; behov for gjennomgang av eksisterande områder, grunna m.a. rasvurderingar. Kan vere behov for å vurdere nye/andre plasseringar)

I arealstrategiane står det at det kan leggast til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen. Dette vil vere positivt for å auke folketalet i sentrum. Arealdelen er ein overordna plan for heile kommunen, og ein har ikkje i denne prosessen teke stilling til høgder på bestemte tomter eller hus. I

UTKAST

samband med ein områdeplan for Volda sentrum bør ein gjere eit volumstudie, for å undersøkje nærare høgder på hus.

Teknisk infrastruktur
Hovudplan for vatn og avlaup viser at det er store behov for investeringar knytt til vatn og avlaup. Fleire stader manglar ein også oversikt over dagens kapasitet. Dette må vere på plass før ein kan sette i gang større utbyggingsprosjekt, spesielt gjeld dette i Volda sentrum. Større utbyggingsprosjekt er også avhengig av kapasitet på vegsystemet.

Leike- og aktivitetsområde
Dokumentet Kartlegging av kvartalsleikeplassar i Volda viser at det i tidlegarea planar er sett av areal til leikeplassar monge stader i buområda. Dei fleste har 300 meter eller mindre å gå til næraste kvartalsleikeplass. Der avstanden er lengre er det behov for å sette av nye areal til leik.

(Bilete)

Gode leike- og aktivitetsområde er med på heve kvaliteten i buområda. Både leike- og uteopphaldsareal i buområda, uteområde tilknytt barnehagar og skular, nærmiljøanlegg, badeplassar, skianlegg og andre idrettsanlegg er trivselsfremmande og fremmer bulyst for alle aldersgrupper. Nær- og kvartalsleikeplassar i buområda er uformelle møteplassar der folk kan møtast på tvers av generasjonar, kultur, nasjonalitet, interesser eller meistringsnivå. Leike- og aktivitetsområder er også areanaer der både born, ungdom, vaksne og eldre kan vere i fysisk aktivitet, i kontakt med naturen og oppleve sansestimuli. Dokumentet Rettleiar for leike- og aktivitetsområde inneheld krav og retningsliner knytt til leike- og aktivitetsområda i kommunen.

(Biletetekst) Foto: xxx.

UTKAST

3.3 Offentlege og allmenne formål

Fleire viktige regionale institusjonar som sjukehus, høgskule og tingrett er lokalisert i Volda sentrum. I kommuneplanen sin samfunnsdel har ein eit mål om at Volda og Ørsta skal utvikle seg til å bli eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar, samtidig som ein skal styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon. Om lag halvparten av arbeidsplassane i Volda er i offentleg sektor, og kommunen har fleire større statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar. Den pågåande kommunereformprosessen kan vere med på å styrke dei regionale funksjonane i kommunen. For å halde på dei regionale funksjonane, og for å kunne tiltrekke seg eventuelle nye regionale funksjonar, er det viktig å sikre areal til desse. Dette krev bevisste strategiar når det gjeld framtidig arealbruk og lokalisering av offentlege og allmenne funksjonar. Ein bør legge til rette for at både noverande og framtidige funksjonar kan lokaliserast i indre og midtre sentrumssone.

Kommunen har også tenestar plassert i lokalsentra, som skular, barnehagar, pleie- og omsorgsinstitusjonar og forsamlingshus. Dette er viktige nøkkelfaktorar i målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Arealstrategiar
Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema offentlege og allmenne formål:

- Offentlege funksjonar med tilhøyrande uteområde skal lokaliserast til Volda sentrum.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda sentrum skal lokaliserast til bygdesentra.
- Allmenne formål i Volda sentrum skal lokaliserast i gangavstand frå sentrumskjernen med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler
- Behovsanalyse offentleg og privat tenesteyting
- Bustadsosial handlingsplan 2017–2020
- Omsorgsplan 2014–2017
- Demensplan 2014–2017
- Klimaendringar i arealplan

Barnehagar
Kunnskapsdepartementet har fastsett veiledande normer for inne- og uteareal i barnehagar, og krava er knytt til tal barn. I arbeidet med arealdelen har ein sett nærare på dagens areal sett opp mot forventa folketalsutvikling og auka barnetal i dei ulike barnehagene.
Kommunestyret har i sak PS 108/17 bede administrasjonen greie ut ei eventuell strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset barnehage. Denne utgreiinga er under arbeid, og fleire eventuelle lokaliseringar vert vurdert.

Ut frå forventa og planlagd foketalsutvikling må ein legge til rette for auka barnetal i Mork barnehage. For å sikre bygningsmessige behov og tilstrekkelege areal på uteområda er det behov for å utvide arealet i denne barnehagen.

Skular
Helsedirektoratet har fastsett anbefalingar til minimum nettoareal på uteområda til skular. Også desse anbefalingane er knytt til tal barn. Ut frå forventa og planlagd foketalsutvikling må ein legge til rette for auka elevtal på skulane i Volda tettstad og på Mork. For å sikre bygningsmessige behov og tilstrekkelege areal på uteområda er det behov for å utvide areala til Bratteberg skule, Mork skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule.

Helse- og omsorgstenester
I følgje framskrivingane til Statistis sentalbyrå vil gruppa eldre doblast dei neste 30 åra på landsbasis. Det er ein konsekvens av at dei store etterkrigskulla vert eldre, samtidig som levealderen aukar. Dette vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester; til dømes helse og omsorgstenester, kultur- og fritidsaktivitetar og økonomi. Utviklinga vil også få konsekvensar for kommunen sin bustadpolitikk.

Ut frå behov skissert i omsorgsplan, demensplan og bustadsosial handlingsplan er det særleg viktig å sikre handlingsrom og areal rundt dei sentrale pleie- og omsorgsinstitusjonane i kommunesenteret; Volda omsorgssenter og Fjordsyn. Det er også behov for å sikre auka kapasitet for omsorgsbustader.

Rådhus-, og samfunnshusområdet
Planar for nytt kulturhus ved dagens samfunnshus er under arbeid. Ein ser for seg at området ved dagens rådhus og samfunnshus skal dekkje mange funksjonar (m.a. rådhus, bibliotek, ungdomsklubb, kultursal og tilhøyrande parkering). Det er behov utviding og meir fleksibel arealbruk for området rundt rådhuset og samfunnshuset.

UTKAST

Gravplassar
I fylgje gravferdsforskriften har kommunen ansvar for å sikre tiltrekkeleg areal til gravplassar. Volda kyrkjeleg fellesråd har saman med administrasjonen vurdert behov for eventuelle utvidingar av gravplassane i kommuen og lokalisering av desse. Lid gravplass og Dalsfjord kyrkje har behov for utviding av gravplass og parkeringsareal tilknytt gravplassen. Austefjord kyrkje og Leirshaugen gravplass har også behov for utvidingsareal.

Sjukehusområdet
Volda sjukehus er ein stor arbeidsplass i kommunen, med regional funksjon. For å ha areal til framtidige utbyggingsplanar og eventuelle nye lokaliseringsbehov er det naudsynt å halde fast på mest mogleg areal til vidare utvikling i sjukehusområdet.

Høgskulen

Museer, forsamlingslokaler, grendahus
I arbeidet med arealdelen har ein henta inn informasjon knytt til ulike offentlege funksjonar som museer, forsamlingslokaler og grendahus. Det er behov for å oppdatere plankartet etter dagens bruk, og vurdere utvidingsareal.

Andre offentlege funksjonar
I arealdelen må ein ta stilling til kva areal som skal vere offentlege eller ikkje. Areal som skal nyttast til offentlege funksjonar skal merkast på kartet (som til dømes bustader for vanskelegstilte).

Kommunaltekniske anlegg
Det er behov for å sette av areal til nytt reinseanlegg. (++)

3.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust

I kommuneplanen sin samfunnsdel har ein eit mål om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde, og å styrke og bygge opp om Volda-Ørsta som handels,- kultur-, og opplevingsdestinasjon. Å legge til rette for fritidsbustader er eit tiltak for å nå desse målsettingane.

Fleire gamle setreområde i Volda fortel historia om jordbruket gjennom mange hundre år på Sunnmøre. Synleggjering og ivaretaking av slike område kan også nyttast til å nå målsettingane i samfunnsdelen.

Arealstrategiar
Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema fritidsbusetnad, setrar og naust:

- Nye område for fritidsbustader og naust skal i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt/ naustrekker.
- Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.
- Vorar, småbåthamner og moloar skal fungere som fellesløysingar.
- Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Verdifulle setremiljø
- Kartlegging av vassdrag, strandsone og sjøareal.

Fritidsbustad
I samband med kommuneplanarbeidet har administrasjonen sett nærare på alle område i kommunen sett av til fritidsbustader og naust, og vurdert behov for nye område. Ein har også sett nærare på føresegner og retningsliner knytt til dei ulike områda.

Det er i tidlegare planar om lag 180 ledige regulerte tomter for frittliggande fritidsbustader i kommunen. 120 av dei ligg i Reset hyttegrend. Der er det også regulert 15 daa til til konsentrert fritidshus. På Berknes, Lid, Kråkeneset er det om lag 20 udisponerte

UTKAST

hyttetomter. På Lid/Kråkeneset er det også om lag 12 ledige tomter for rorbuer. Dei andre udisponerte hyttetomtene er spreidd rundt ulike stader i kommunen.

I perioden 2000–2016 vart det gjeve 33 igangsetjingsløyve for fritidsbusetnad. I same tidsperiode vart det gitt 28 ferdigattestar til fritidsbygg. Slik sett har ein ved å vidareføre det som er regulert i gjeldande planar, rikeleg areal avsett til fritidsbusetnad, viss ein ser kommunen under eitt. Det er likevel behov for å sjå nærare på om ein skal vurdere areal andre stader enn det som er sett av i gjeldande planar.

(Spreidd fritidsbustad i LNF)

Naust
Det finst i dag omlag 600 naust i Volda kommune. Nausta er spreidd langs heile kystlina. Det er også naust ved enkelte vatn i kommunen.

Jamfør arealstrategiane skal nye område for fritidsbustader og naust i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt eller naustrekker. Lokalisering av naust skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.

Setrar
Sæterdrift med mjølkeproduksjon frå storfe og geit har spela ei sentral rolle i jordbruket gjennom mange hundre år på Sunnmøre. Sæterdrifta var svært viktig for husdyrbruket. Bøndene nytta beitemoglegheitene i skog og utmark, slik at avlingane heime på garden kunne haustast til vinterfôr. Dei fleste gardane hadde ei sæter eller part i ei sæter. Dei eldste sætrane er frå 1500-talet. Sæterbruket hadde sitt høgdepunkt kring 1850.

På 1990-talet vart det gjennomført ei omfattande registrerting av stølsområde i kommunen, der 70 stølsområde vart registrert. Fem av dei vart definert som verneverdige:

- Nyestølen (Dravlausdalen)
- Dansen (Åmela)
- Laurdalssætra (Bjørkedalen)
- Fladalssætra (Tjørnanakkane)
- Kvivsdalssætra (Kalvatn)

Dokumentet Verdifulle setremiljø inneheld status for dei verneverdige støylane, og framlegg til føresegner og retningsliner knytt til ulike stølsområde.

(Bilete)

(Biletetekst) Foto: xxx.

UTKAST

3.5 Landbruk og næringsliv

Landbruket og næringslivet er viktige faktorar for verdiskapinga i kommunen. I kommuneplanen sin samfunnsdel har ein fastsett et mål om at Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad. Å satse målretta på innovasjon og gründerverksemd, støtte eksisterande lokal industri- og næringsverksemd og utvikle kompetansearbeidsplassar er strategiar for å få til dette. Ein har også definert ein strategi om å leggje til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp mot dette. Val Volda kommune gjer i dag vil påverke kva moglegheitar framtidas generasjonar får til å drive med mat- og jordbruksproduksjon i kommunen, og framtida er avhengige av jordvern. Det er også eit mål å styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon.

Arealstrategiar
Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema landbruk og næringsliv:

- Legge til rette for bærekraftig utvikling av landbruk, skog- og fjordbruk.
- Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.
- Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og trasèar for kollektivtransport.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Kjerneområde landbruk
- Nasjonal jordvernstrategi
- Senterstruktur sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling

Landbruk
Volda er ein typisk sunnmørskommune med mange og hovudsakleg små bruk; totalt om lag 554 landbrukseigedomar med dyrka jord. I 2017 var det 104 landbruksføretak i drift som søkte om produksjonstilskot. Ut frå arealressursstatistikk har kommunen eit samla jordbruksareal på 21 329 daa. 100 % av jordbruksareala vert nytta til gras- eller grovfôrproduksjon. Arealressursstatistikken for Volda syner at den dyrka jorda berre utgjer 2,8 % og innmarksbeita 1,3 % av det totale arealet for kommunen.

Hovudproduksjonane i Volda kommune er basert på grovfôr, med mjølkeproduksjon som den største. Det er om lag 530 kyr i kommunen, som produserer ikring 3,8 mill. liter mjølk. I tillegg vert det produsert 0,34 mill. liter geitemjølk. Vidare er det om lag 1700 vaksne sauer i kommunen. Kommunen har også to aktive svineprodusentar. Slakteleveransen frå jordbruket er årleg på 390 tonn. Landbruksnæringa sysselset om lag 94 årsverk i primærproduksjonen, og omsetnaden utgjer 58 mill. kroner.

Dyrka og dyrkbar jord er viktig for å sikre matforsyning på lang sikt. Noreg har lite jordbruksareal samanlikna med mange andre land. I 2015 vedtok Stortinget ein nasjonal jordvernstrategi, der ein viktig målsetting er å redusere tapet av matjord. Det er kommunane som har hovudansvaret for å ta i vare jordressursane. Tal frå dei siste fem åra viser at Møre og Romsdal fylke er eit av dei fylkene som omdisponerar mest landbruksareal årleg.

Av omsyn til beredskap, busetting, sysselsetting og verdiskaping, kulturlandskap og andre miljøverdier er det behov for å ta i vare mest mogleg av jordressursane i Volda. Rundt tettstadene Volda og Mork-Furene er det fleire viktige samfunnsinteresser som har behov for dei same areala. Arealstrategiane i planprogrammet er tydelege på at kommunen ynskjer bustad- og næringsutvikling i tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod. Ein vil legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnett og trasèar for kollektivtransport. Ein ynskjer også å planlegge for korte avstandar mellom målpunkt, og legge vekt på gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange. Dette kan kome i konflikt med landbruksinteressene. I samband med kommuneplanarbeidet har ein utarbeidda dokumentet Kjerneområde landbruk. Dokumentet peikar på spesielt viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap.

Fjordbruk
Det har vore fleire eigne møter med havbruksnæringa underveis i prosessen, for å få avklart næringa sine ynskjer og behov.

I Volda finn ein djupe fjorder med god gjennomstrauming, skjerma farvatn og fjorder som er godt egna for produksjon av høgverdig sjømat. Næringa har gjennomgått ei sterk rasjonalisering og strukturendring gjennom dei siste åra. Både eigarstruktur og driftsstruktur er vesentleg endra. Dette har grunnlag både i samordning gjennom sjukdomshandtering, rasjonaliseringsbehov og samordning av drift over kommunegrenser. Næringa ynskjer å avsette større areal i planen, fremfor mindre "frimerkelokaliseringar". Dei ynskjer også nokre

UTKAST

mindre areal til testing av nye artar.

Det er behov for å sjå nærare på areal til havbruksnæringa, og oppdatere plankarta etter dagens bruk. I plankartet skal areal til fortøyningar også visast, og ein må vurdere landsida knytt til dei ulike lokasjonane.

Næringsliv, industri og handel
I samband med kommuneplanarbeidet har det vore arrangert fleire både større og mindre møter med tema næringsliv. Møtene har vore gjennomført i ulike fora, både i regi av kommunen, og i regi av næringslivet. På heildagsmøtet om "senterstruktur og funksjonsfordeling" 14. mars 2018 var utvikling av næringslivet eit viktig tema. Dokumentet "Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda" inneheld m.a. vurderingar knytt til funksjonsfordeling, og gir føringar for lokalisering av næringsområde.

Volda har høg arbeidsplassdekning, med ein dominerande offentleg sektor som sysselset om lag 46 % av arbeidstokken. Sjølv om servicenæringane og sekundærnæringane står for den største delen av det private næringslivet utgjer dette ein langt mindre del av dei sysselsette enn i resten av fylket. Brunvoll AS er ein av dei største arbeidsplassane i Volda, og er ein del av den maritime klynga i regionen. Industriverksemder og næringslivet elles har i Volda, som andre stader i landet, gjennomgått store strukturendringar. Dette er synleg fleire stader som tomme industribygg eller transformering av område frå industriverksemd til handel og bustadformål. Næringslivet og grunneigarar i Volda sentrum ynskjer at arealplanen legg til rette for fleksibel bruk i indre sentrumssone, og at areal her kan kunne nyttast til ulike sentrumsfunksjonar som til dømes bustad, forretning, kontor, kultur mv.

Detaljhandelen har og gjennomgått strukturendringar, ved at det vert større vekt på storformathandel med handelsparkar og kjøpesenter utanfor sentrum. Volda sentrum har eldre bygningsmasse som gjer det utfordrande å behalde detaljhandelen i sentrumskjernen. Volda sentrum har likevel potensiale for å utviklast som handelssenter, det er til dømes fortettingspotensiale og korte avstandar mellom målpunkt.

Reislivsnæringa i Volda har gode føresetnadar for å lukkast innan kortferie og det naturbaserte opplevingssegmentet. Dei mange festivalane i kommunen fungerar som trekkplaster. I kommunen er det eit klart potensiale i å legge til rette for fleire typar overnattings-, serverings- og servicetilbod knytt til reiselivsnæringa.

Næringsområdet på Rotset er tidlegare regulert, og har eit stort utviklingspotensiale. Her er det framleis fleire større, ledige areal for næringsutvikling. Området ligg i midtre sentrumssone, og i gang- og sykkelavstand frå store deler av Volda sine innbyggarar. Området ligg også i nær tilknyting til hovudvegnettet (E39) og er lett tilgjengeleg for dei som køyrer gjennom kommunen. Området har soleis eit potensiale for å verte eit regionalt viktig handelsområde.

Furene er eit viktig næringsområde for Volda. Saman med Hovdebygda (i Ørsta kommune) er Furene eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. Dette området har framleis rom for fleire etableringar av plasskrevjande varer. Store delar av næringsarealet er lavt utnytta og det er regulert areal til næringsformål som ikkje er utbygd. For å sikre området som eit regionalt viktig handelsområde, er det likevel behov for å sette av meir areal til handelsverksemder med plasskrevjande varegrupper.

Mottak og deponi for masser
Det har vore fleire møter med bygge- og anleggsbransjen, med tema mottak og deponi for masser. (...)

Andre typer næringsareal (sjønære næringsareal, industri, næring, forretning mv.)

UTKAST

3.6 Transport og kommunikasjon

Eit effektivt tenestetilbod er avhengig av gode kommunikasjonsløysingar internt i kommunen, både når det gjeld vegar, breiband og straumforsyning. For å nå målet i samfunnsdelen om å styrke og sikre dei regionale funksjonane som er etablert i Ørsta og Volda, og for å vidareutvikle bu- og arbeidsregionen må ein ha gode transport- og kommunikasjonsløysingar. Det same gjeld om ein skal nå målet om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Samtidig vil målsettinga om at utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport gjere at ein må gjere det enklare og meir attraktivt å ferdast med sykkel eller til fots, og ein må i større grad enn tidlegare prioritere løysingar for kollektivtrafikk.

Arealstrategiar
Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema transport og kommunikasjon:

- Sikre gode kommunikasjonar i regionen og kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Sikre infrastruktur som grunnlag for god kommunikasjon.
- Legge til rette for reduksjon av klimagassutslepp knytt til transport ved å gjere kollektivtilbod, sykkel og gange meir attraktivt.
- Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster med veg, gate og parkeringsstruktur som gjer det lett å orientere seg, er trygt for alle, og inviterer til å gå og sykle i/til sentrumskjernen.
- Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelvegar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge.
- Utvikle Volda som kollektivknutepunkt og betre offentleg kommunikasjonstilbod.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

- Områderegulering for E39 Volda–Furene
- Planprogram for kommunedelplan for bru over Voldsfjorden
- Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda
- Arbeidsdokument kollektivtrafikk, sykkel og elbil
- Barnetrakk Volda hausten 2017
- Barnetrakk Vikebygda skule vår 2018
- Kartlegging snarvegar i Volda
- Kartlegging av farlei, ankringsområde for skip og fiskerihamner.

Transport
E39 og RV651 går gjennom kommunen, og dei to store vegprosjekta Eiksundsambandet og Kvivsvegen har endra trafikkmønsteret i regionen med påfølgjande auka trafikk over Ørsta-Volda lufthamn. Etablering av Voldatunnelen vil flytte gjennomgangstrafikken vekk frå sentrumskjernen, noko som vil opne for nye moglegheiter med omsyn til sentrumsutvikling i Volda.

Volda har ein utfordrande geografi og topografi når det gjeld å få til god kommunikasjon og gode trafikkløysingar, både mellom sentrum og bygdene og internt i Volda sentrum. I samband med målsetting om å redusere fråflyttinga frå bygdene kan gode kommunikasjonar vere viktige tiltak. Volda har utfordringar når det gjeld å sikre bygdene rastrygge vegar. Det er starta opp arbeid for bru over Voldsfjorden.

Bustadbygging oppover i dei relativt bratte fjellsidene i Volda sentrum gjer det utfordrande å få til gode og attraktive gangsamband mellom bustadområda og sentrumskjernen. På same måte gir aukande trafikkmengde gjennom allereie etablerte bustadområde utfordringar i forhold til trafikksikring og trafikkflyt.

Mjuke trafikantar
Det er eit nasjonalt mål å redusere trafikken i byar og tettstader, m.a. med omsyn til klimagassutslepp, plassbehov, støy- og støvproblematikk og legge til rette for auka fysisk aktivitet i kvardagen. Fortetting, korte avstandar mellom målpunkt og attraktive ferdselsårer for mjuke trafikantar er viktige prinsipp i dette arbeidet. I sentrumskjernen er det kamp om areala, og det er grunn til å tro at det er potensiale for å auke kollektiv-, sykkel- og gangtrafikken. Barnetrakkregistreringane peiker på områder der det er spesielt viktig å sikre gode og trygge gang- og sykkelforbindelsar. Å sikre samanhengande

UTKAST

grønstruktur frå fjord til fjell bør også koplast med viktige gang- og sykkeltrasear. Det er behov for å sikre at gang-, sykkel- og kollektivtrafikk vert viktige utgreiingstema i framtidige reguleringsplanar. Dette bør implementerast i føresegnene. Dokumentet "Hovudnett for sykkel" inneheld framlegg til hovud- og lokalruter i kommunen. Desse trasseane bør implementerast i plankartet. Arbeidsdokumentet "Kollektivtrafikk, sykkel og elbil" peikar mellom andre på behovet for å oppdatere føresegner knytt til parkering (både for bil, elbil og sykkel).

Kollektivtrafikk
Volda kommune ynskjer at det skal vere lett å velge miljøvennlig transport. Busstasjonen i Volda ligg sentralt plassert, men tek opp mykje areal i sentrumsområdet, og har til dels dårlege tilhøve når det gjeld venterom eller sittemoglegheiter under tak. Det er heller ikkje sykkelparkering på staden. Det er behov for å undersøkje om området kan utnyttast meir effektivt, og legge til rette for betre fasilitetar enn det er i dag.

Avstand frå bustad til kollektivtransport er ein viktig faktor for om folk vel å reise kollektivt. Å legge opp til fortetting i Volda sentrum, og langs kollektivårene, er viktige strategiar for å få til dette. I tillegg er det viktig å sikre eit finmaska gangnettverk i buområda, med mange snarvegar, så ein kan kome seg effektivt frå holdeplassar til bustaden.

3.7 Grønstruktur, friluftsliv og kultur

Dei gode mogelegheitene for naturopplevingar og friluftsliv gjer Volda attraktiv både som studie- og bustadkommune. Det er viktig å ta vare på, framheve og styrke faktorar som gjer Volda attraktiv. Ei viktig målsetting i samfunnsdelen er at alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen.

I samfunnsdelen står det også at Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning, og sikre biologisk mangfald både på land, i vatn og i sjø. Dette er også i samsvar med målet om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

Arealstrategiar
Planprogrammet for arealdelen inneheld fylgjande arealstrategiar for tema grønstruktur, friluftsliv og kultur:

- Sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda.
- Sikre og vidareutvikle grønstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell".
- Sikre viktige kulturmiljø og kulturminne.

Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument
- Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde i Volda kommune
- Kommunedelplan for kulturminne
- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum
- Tettstadsanalyse for Volda sentrum
- Kjerneområde landbruk
- Kartlegging av vassdrag, strandsone og sjøareal.
- Fastsetting av markagrense, grense mot jordbruksareal og byggegrense mot sjø og vassdrag.

Grønstruktur og friluftsliv
Naturen i Volda gir eit unikt utgangspunkt for naturoppleving og friluftslivstilbod. Det er eit stadig større fokus på å nytte naturen til dagleg fysisk aktivitet og tilgang til slike område er viktig i eit folkehelseperspektiv. Ein samanhengande grønstruktur er viktig for innbyggarane si helse og levekår, og for å oppretthalde det biologiske mangfaldet. Gode grøntområde nyttast som

UTKAST

uformelle møteplassar og bidreg til liv i tettstaden. Nærleikeplassar og grøne kilar i bustadområda er med på å auke butrivsel og fremje utandørsaktivitet.

Turbøkene som vert sett ut på målpunkt ulike stader i kommunen viser at naturen vert mykje nytta til alle årstider, spesielt nærturområda. Det er viktig å ta vare på desse viktige natur- og friluftsområda, også for framtidige generasjonar. For å utvikle og ta i vare areal for friluftslivet må ein sikre både viktige område og gode tilkomstar. Ei medviten haldning til leikeplassar, grønstruktur, snarvegar og "hundremeterskoger" er også viktig. Dokumentet Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde viser viktige friluftslivsområde i kommunen. Det er behov for å gjere fleire av områda lettare tilgjengelege for ålmenta, til dømes ved å sikre atkomst til områda, eller ved å legge til rette for parkeringsplassar knytt til utfartsområda.

Tettstadsanalysen for Volda sentrum pekar på at Volda ikkje er god nok på å ta i vare koplinga mellom land og sjø. Ei kopling mellom desse elementa er identitetsskapande og kan bidra til å styrke Volda som tettstad. Det er behov for å styrke denne koplinga gjennom arealdelen. Øyraelva er ein av dei viktigaste koplingane mellom fjord og fjell i tettstaden. Grøntområdet langs elva opplever stadig press frå fleire kantar, og det er behov for å fastsette ei byggegrense langs elva.

Kommunen har lange fjordar med lang og til dels lite tilgjengeleg strandsone. Talet på bygg i strandsona er likevel aukande, noko som indikerer press på den tilgjengelege strandsona. Det er behov for å sjå nærare på kva område som bør takast i vare som uberørt og tilgjengeleg strandsone.

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
Kulturlandskap og kulturminne er viktige kjelder til kunnskap og opplevingar, for utvikling av lokalsamfunn og for verdiskaping for næringslivet. Godt ivaretekne kulturminne og -miljø er identitetsskapande, og kan nyttast aktivt som viktige ressursar for regional og lokal utvikling. Kommunedelplan for kulturminne inneheld ei oversikt over viktige kulturminner, som bør takast i vare.

Eit aktivt jordbruk med slått og beiting med ulike husdyr gjev aktive bygder og vakre kulturlandskap. Når areala vert haldne opne vert dei og meir attraktive for friluftsliv og bruk av ålmenta. Eit aktivt jordbruk er den beste måten å hindre gjengroing av kulturlandskapet i Volda på, og særleg er beiting gunstig for floraen og som motvekt til attgroing. Dokumentet kjerneområde landbruk peikar på spesielt viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap.

Bygningsmiljø i Volda sentrum
Dagens byar og bygder ber med seg spor etter historia. Desse spora karakteriserar staden og gir den særpreg og eigenart. Dei er også med på å gjere historier levande. Bygningsmiljøet i Volda er ein del av kulturarven, og representerar viktige verdiar og felles ressursar for samfunnet i dag – og i framtida. Opplevingsverdien, identitetsverdien, symbolverdien og kunnskapsverdien er viktige sider av kulturarven si samfunnsmessige verdi. Kulturarven kan også nyttast til å auke staden sitt omdømme og konkurransekraft, til å tiltrekke besøkande og til merkevarebygging.

I dokumentet "Bygningsmiljø og estetisk rettleiar" har ein sett nærare på Volda sitt særpreg og kvalitetar innanfor bygningsmiljøet. Trehusmiljøa i Halkjelsvika, Hauane og Rotsetfjøra og sveitserrekkja i Gamlevegen, industribygga i Elvadalen, funkishusa i Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen og typehusa i Brenslene, Granlida og Furebakken er peika på som viktige bygningsmiljø – frå kvar sine tidsepokar, og på kvar sine måter. Skulebygningane, skifertaka, dei raude løene og alle uthusa er også trukke fram som særpreg for bygningsmiljøet i Volda. I tillegg til områda inneheld dokumentet også liste over enkeltbygningar med nasjonal, regional og lokal høg verdi.

UTKAST

4 INNSPEL OG MERKNADER

xx innspel til planen.
Kva type innspel.
Litt om prosess.

Ev. også ta inn noko om merknader etter 1. gangs høyring.

UTKAST

5 ROS OG KONSEKVENSUTGREIING - OPPSUMMERING

5.1 Risiko- og sårbarheit (ROS)

Alle planar for utbygging skal innehelde ei ROS-analyse, jf. pbl § 4-3. ROS-analysen er ein oversiktsanalyse og ei grov kartlegging av mulege faremoment for å unngå større skadar på liv, helse, miljø og materielle verdiar. Alle innspel til planen som gjeld nye utbyggingsområde er vurdert i ROS-analysen, og ligg i sin heilskap som vedlegg. Kartlegginga er nytta som grunnlag for vurdering av nye utbyggingsområde i konsekvensutgreiinga. Utdrag frå kartlegginga er vist i tabellene i kapittel 4.3.

Område som ein i ROS-analysen har oppdaga ligg i område med fare, risiko eller sårbarheit, og som likevel er teke med i planen, er merka med omsynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Føresegnene til omsyssonene inneheld vilkår ved utbygging som er naudsynt for å hindre skade eller tap.

5.2 Konsekvensutgreiing

Kommuneplanen sin arealdel skal innehalde ei konsekvensutgreiing med vurdering og beskrivelse av planen sine verknader for miljø og samfunn, jf. pbl § 4-2. Alle innspel til planen som gjeld nye utbyggingsområde er vurdert i konsekvensutgreiinga. Resultata frå konsekvensutgreiinga vert presentert i kapittel 4.3. Utgreiinga i sin heilskap ligg som vedlegg.

5.3 ROS og konsekvensutgreiing - oppsummering

Tabellene under viser alle enkeltområda som er vurdert i konsekvensutgreiinga. Tabellen inneheld resultat frå ROS-analysen og konsekvensutgreiinga, og konklusjonen i endeleg plan. Område som er teke med i planen er vist med svart skrift, område som ikkje er teke inn er vist med grå skrift. Kolonnen med "områdenamn" viser til namnet området har fått i plankartet.

*Ja = *Innarbeidd i planen.* Delar = *delar av området er innarbeidd i planen.* Nei = *området er ikkje innarbeidd i planen*

Bustader (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU	Konklusjon*	Områdenamn
B2	Lid/Berknes					
B3	Lid/Berknes					
B4	Morkabygda					
B5	Morkabygda					
B7	Morkabygda					
B12	Volda sentrum					
B13	Volda sentrum					
B14	Volda sentrum					
B16	Volda sentrum					
B17	Volda sentrum					
B21	Volda sentrum					
B22	Volda sentrum					
B24	Volda sentrum					
B28	Volda sentrum					
B32	Vikebygda					
B34	Vikebygda					
B36	Vikebygda					

UTKAST

B38	Vikebygda					
B39	Austefjordområdet					
B42	Dalsfjordområdet					
B43	Dalsfjordområdet					
B45	Dalsfjordområdet					
B46	Dalsfjordområdet					
B47	Vikebygda					
B50						
B52	Austefjordområdet					
B53	Morkabygda					
B54	Morkabygda					
B55	Volda sentrum					

Fritidsbustader (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU	Konklusjon	Områdenamn
BFR1	Lid/Berknes	Hytte				
BFR3	Lid/Berknes	Hytter og naust				
BFR4	Lid/Berknes	Naust				
BFR5	Lid/Berknes	naust og rorbu				
BFR6	Lid/Berknes	Hytte				
BFR7	Lid/Berknes	naust og rorbu				
BFR8	Lid/Berknes	Hytte				
BFR9	Lid/Berknes	naust				
BFR10	Lid/Berknes	sjøbud				
BFR11	Volda sentrum	Hytte				
BFR12	Austefjordområdet	Naust				
BFR20	Dalsfjordområdet	Naust				
BFR23	Vikebygda	Hytte				
BFR25	Folkestadområdet	Hytter				
BFR28	Austefjordområdet	Hytter				
BFR29	Morkabygda	Hytter				
BFR30	Dalsfjordområdet	Hytter/rorbu				

Sentrumsformål (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU	Konklusjon	Områdenamn
BS1	Volda sentrum					
BS2	Volda sentrum					
BS3	Volda sentrum					
BS4	Volda sentrum					

Forretningsformål (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
BF1	Volda sentrum					
BF2	Morkabygda					

UTKAST

Offentleg eller privat tenesteyting (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
BOP1	Morkabygda					
BOP2	Morkabygda					
BOP3	Morkabygda					
BOP4	Morkabygda					
BOP5	Volda sentrum					
BOP6	Volda sentrum					
BOP7	Volda sentrum					
BOP10	Volda sentrum					
BOP14	Volda sentrum					
BOP16	Volda sentrum					
BOP17	Volda sentrum					
BOP19	Volda sentrum					
BOP22	Volda sentrum					
BOP23	Volda sentrum					
BOP24	Volda sentrum					

Fritids- og turistformål (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
BFT1	Folkestadområdet					
BFT4	Folkestadområdet					
BFT8	Austefjordområdet					

Råstoffutvinning (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
BRU4	Morkabygda					
BRU2	Austefjordområdet					
BRU3	Austefjordområdet					
BRU5	Folkestadområdet					
BRU6	Dalsfjordområdet					
BRU7	Dalsfjordområdet					
BRU9	Volda sentrum					
BRU10	Lid/Berknes					

Næringsverksemd (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
BN1	Austefjordområdet					
BN2	Morkabygda					
BN3	Austefjordområdet					
BN4	Austefjordområdet					
BN5	Austefjordområdet					
BN7	Folkestadområdet					
BN8	Morkabygda					

UTKAST

BN12	Folkestadområdet					
BN13	Dalsfjordområdet					
BN14	Dalsfjordområdet					
BN15	Morkabygda					
BN16	Morkabygda					
BN17	Morkabygda					
BN18	Morkabygda					
BN19	Morkabygda					

Idrettsanlegg (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
BIA1	Folkestadområdet					
BIA2	Volda sentrum					
BIA3	Austefjordområdet					
BIA4	Volda sentrum					
BIA5	Volda sentrum					

Andre typar bygningar og anlegg (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
BAB2	Austefjordområdet					
BAB3	Austefjordområdet					
BAB4		Offentleg				
BAB5		Offentleg				
BAB6		Offentleg				
BAB7		Offentleg				
BAB8		Offentleg				
BAB9		Offentleg				
BAB10		Offentleg				
BAB11		Offentleg				
BAB12		Offentleg				
BAB14		Offentleg				
BAB15		Offentleg				
BAB16		Offentleg				
BAB17		Offentleg				
BAB18		Offentleg				
BAB19		Offentleg				
BAB20		Offentleg				
BAB21		Offentleg				

Grav- og urnelund (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
BGU1	Lid/Berknes					
BGU2	Lid/Berknes					
BGU3	Volda sentrum					

UTKAST

BGU4	Austefjordområdet					
BGU5	Austefjordområdet					
BGU6	Folkestadområdet					
BGU7	Dalsfjordområdet					
BGU8						

Kombinasjon av byggje- og anleggsformål (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
BKB2	Volda sentrum	Bustad, privat/off, allmennyttig				
BKB6	Austefjordområdet	Bustad/Hytter				

Samferdsleanlegg (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
SB	Volda sentrum					
SPA	Morkabygda					
SHA1	Dalsfjordområdet					
SHA2						
STI1	Volda Sentrum					

Spreidde bustader i LNF-område (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
LSB1	Morkabygda					
LSB3	Morkabygda					
LSB9	Lid/Berknes					
LSB15	Folkestadområdet					
LSB21	Folkestadområdet					
LSB14	Folkestadområdet					
LSB16	Austefjordområdet					
LSB20	Dalsfjordområdet					
LSB23	Dalsfjordområdet					
LSB22	Dalsfjordområdet					
LSB25	Vikebygda					

Småbåthamn (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
VS1	Folkestadområdet					
VS2	Lid/Berknes					
VS3	Austefjordområdet					
VS4	Lid/Berknes					
VS5	Austefjordområdet					
VS6	Dalsfjordområdet					
VS7	Austefjordområdet					
VS8	Austefjordområdet					

UTKAST

Kombinerte formål i sjø og vassdrag (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
VKA1	Austefjorden	NFFFA				
VKA2	Voldsfjorden	NFFFA				
VKA3	Austefjorden	NFFFA				
VKA4	Voldsfjorden/Dalsfjorden	NFFFA				
VKA5	Dalsfjorden	NFFFA				
VKA6	Austefjorden	NFFFA				
VKA7	Austefjorden	NFFFA				
VKA8	Voldsfjorden	NFFFA				
VKA9	Voldsfjorden	NFFFA				
VKA10	Dalsfjorden	NFFFA				

Akvakultur (NB: IKKJE OPPDATERT)

KU-nr.	Område	Formål/kommentar	ROS	KU-vurdering	Konklusjon	Områdenamn
VA1						
VA2						
VA3						
VA4						
VA5						
VA6						
VA7						
VA8						
VA9						
VA10						

6 OM PLANFRAMLEGGET

Dette kapittelet inneheld drøftingar og vurderingar knytt til ulike arealformål, og kva grep ein har gjort i arealdelen for å stette opp om mål og strategiar.

6.1 Generelle oppdateringar

I samband med kommuneplanarbeidet har ein oppdatert arealføremål slik at kommuneplanen samsvarer med reguleringsplanar eller gjeldande bruk. Ein har også justert formålsgrensene meir nøyaktig mot eigedomsgrenser der det har vore hensiktsmessig.

6.1 Hovudgrep

6.1 Bebyggelse og anlegg (pbl § 11–7 nr. 1)

Bustad
Med bakgrunn i arealstrategiar og grunnlagsdokument er det prioritert å legge til rette for fortetting i sentrumskjernen, rundt kollektivknutepunkt, langs kollektivakser og i gangavstand til handels- og tenestetilbod. I Volda sentrum er det gjort grep for å kunne legge til rette for etablering av om lag 200 nye leilegheiter i indre sentrumssone, 600–700 nye bueiningar i midtre sentrumssone og om lag 500 nye bueinigar i ytre sentrumssone. I Indre og midtre sentrumssone vil dette hovudsakeleg måtte løysast gjennom fortetting, fornying og auka grad av bustadtettleik. I midtre sentrumssone er det også lagt inn eit større område til bustadformål, på Rotset.

I ytre sentrumssone er det framleis tomtereservar som ikkje er utbygd. Det er ikkje lagt til nye større areal til bustad i ytre sentrumssone. Dette er eit bevisst verkemiddel for å realisere strategien om fortetting og utbygging av nye bustadareal i indre og midtre sentrumssone.

For Mork-Furene er det (foreslått to alternativ. Eit nøkternt alternativ utan større kostnader for etablering av ny samfunnsinfrastruktur, der ein legg til rette for ein auke i folketalet på opp mot 300 personar i planperioden. Eit meir ekspansivt alternativ der ein legg til rette for auke av folketalet i området med om lag 600 personar, med påfølgande større kostnader til både teknisk infrastruktur og samfunnsinfrastruktur.)

I lokalsentra er det lagt til rette for 10–15 nye einebustader i planperioden. I tillegg er det sett av egna område til spreidd bustadbygging i LNF-område i lokalsentra. Områda sett av til spreidd busetnad i tidlegare planar er vurdert på nytt ut i fra oppdatert kunnskap om naturfare, viktige landbruksområde, samanhengande grøntområde, restriksjonsområde kring kulturminne oa. Nokre område er difor redusert i omfang i forhold til tidlegare planar, medan andre stader er nye område lagt til på egna areal.

Område for spreidde busstader i LNF

For å sikre at alle som bur i Volda tettstad skal ha maksimum 300 meter å gå til næraste kvartalsleikeplass er det sett av areal til tre nye

UTKAST

leikeplassar; i Andanesvegen, Martavegen og Prestegarden.

Sentrumsformål, forretningar, næring
I gjeldande reguleringsplanar i indre sentrumssone er det lagt til rette for fortetting og transformasjon i store deler av sentrumsområdet, som enno ikkje er utnytta. Dette vert vidareført. I tillegg er fleire større areal lagt inn som sentrumsformål, for å sikre at områda kan nyttast fleksibelt og til ulike sentrumsfunksjonar.

Funksjonar i indre sentrumssone:
- Detaljhandel, utvalshandel og plasskrevjande varer.
- Ikkje plasskrevjande storhandel, lager, godsterminal, bilhandel, bilbutikk eller støyande og forureinande verksemder.

Eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur har fått omsynssoner i arealdelen (sjå også om Bygningsmiljø i Volda sentrum i kapittel 3.7).

På Rotset vert det lagt til rette for etablering av handelspark med høve til handel med både plasskrevjande varer og enkelte utvalsvarer som hushaldningsapparat, verktøy og sportsutstyr som kjem under definisjonen av detaljhandel.

Funksjonar i midtre sentrumssone:
- Detaljhandel og utvalshandel totalt samla areal inntil 6000m2 BRA, plasskrevjande varer. Utvalshandel og plasskrevjande varer med min. 1000m2 BRA. Ikkje sko, klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i sentrum.
- Regional og lokal offentleg og privat tenesteyting

Funksjonar i ytre sentrumssone:
- Daglegvarehandel inntil 3000 m2 BRA.
- Skule, barnehage, lokalt forsamlingshus.

I Furene er det i gjeldande kommunedelplan og reguleringsplan sett av areal til næringsverksemd der utbyggingspotensialet enno ikkje er realisert. Det regulerte næringsarealet er også lavt utnytta, og det er framleis rom for fleire etableringar av plasskrevjande varer. For å sikre området som eit regionalt viktig handelsområde, og for å redusere handelslekkasje, er det likevel sett av meir areal til handelsverksemder med plasskrevjande varegrupper.

På bakgrunn av fastsett arealstrategi der det er lagt vekt på at Volda sentrum skal utviklast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum med urbane og berekraftige kvalitetar, er det ikkje ønskjeleg med auka detaljhandel utover 3000 m2 bruttoareal i Furene. Meir detaljhandel i Furene vil i tillegg føre til auka transportbehov.

Funksjonar i Mork-Furene:
- Plasskrevjande varer med min. 1000m2 BRA.
- Detaljhandel inntil 3000 m2 BRA. Ikkje detalj-/ utavlshandel ut over 3000 m2 BRA.
- Næringsareal for ulike typar verksemder med bransjevis lokalisering. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov.

Ein har lagt vekt på å sikre at dei funksjonane som er i lokalsentra i dag har tilstrekkeleg areal.

Funksjonar i lokalsentra Lauvstad-Dravlaus, Folkestad og Fyrde:
- Detaljhandel inntil 3000 m2 BRA.
- Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov. Næringsareal for ulike typar verksemder.

Anna næringsbebyggelse

Sentrumsformål
I indre sentrumssone har ein lagt inn fleire større område til sentrumsformål. Dette formålet inkluderar både forretningar, tenesteyting og bustadbebyggelse, og legg på den måten til rette for ein fleiksibel bruk av areala.

Kjøpesenter
(ikkje nytta?)

Forretningar

Bebyggelse for offentleg eller privat tenesteyting
Ein har lagt vekt på at regionale funksjonar i midre sentrumssone skal ha tilstrekkeleg areal for vidareutvikling.

For å sikre bygningsmessige behov og tilstrekkelege areal på uteområda er det behov for å utvide areala til Bratteberg skule, Mork skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule. På bakgrunn av dette er det i arealdelen lagt inn utvidelsesområde til Bratteberg og Mork skular.

Det er i arealdelen ikkje lagt inn utvidelsesområde direkte tilknytt Mork barnehage, men det er lagt til utvidelsesområde vest for Mork skule. Ein ser for seg at barnehagen kan utvidast mot vest, til dagens skuleområde.

Det er ikkje lagt inn utvidelsesområde til Øyra skule eller Volda ungdomsskule, da områda rundt er tett bebygd. Øyra skule ligg tett inntil friområder på

UTKAST

høgskulen sitt område, som skuleelevane nyttar i skuletida (grusbane, klatrejungel mv.). Både Øyra skule og Volda ungdomsskule har gangavstand til friområder i Elvadalen og til planlagde Campus Arena. Dette kan kompensere for lite internt areal. Det er viktig å sikre trafikktrygge gangsamband frå skulane til desse områda. Volda ungdomsskule; innspel frå FSK: sjå på ein gong til? Undersøkje om det er mogleg å utvide mot Elvadalen. Kan hende også mogleg å få ein sterkare kopling mellom ungdomsskulen og framtidige Volda campus arena?

I arealdelen er området sett av til offentleg og privat tenesteyting ved Volda omsorgssenter utvida mot nord-aust (mot Kleppevegen og Haslevegen). I tillegg er det mogleg å fortette eller utnytte eksisterande areal annleis.

Ved Fjordsyn er det ikkje lagt inn utvidelsesområde, da områda rundt er bebygd. Det er framleis noko uutnytta areal innanfor eksisterande område, og ein kan vurdere å bygge meir i høgda.

På Rotset er det i arealplanen lagt til rette for auka kapasitet for omsorgsbustader (delar av området var tidlegare sett av til utvidingsareal for barnehage). For å sikre areal til ulike funksjonar, og for å legge til rette for meir fleksibel bruk av eksisterande areal, er området avsett til privat og offentleg tenesteyting utvida. I nord er ein tomt omregulert frå bustad til offenleg og privat tenesteyting. Området avsett til parkeringsplass og park er også sett av til offentleg og privat tenesteyting.

På bakgrunn av behov for utvida areal til gravplassar i planperioden er det lagt til utvidingsareal for Austefjord kyrkje (?) og Dalsfjord kyrkje, Leirshaugen og Lid gravplass.

Areal sett av til offentleg og privat tenesteyting rundt sjukehuset i tidlegare planar vert vidareført. Området vert utvida mot Bøkevegen i nord-vest, som i tidlegare planar.

Museer, forsamlingslokaler, grendahus
Områda er oppdatert i planen etter dagens bruk. Behov for tilleggsareal har vore vurdert, og det er lagt inn utvidingsareal m.a. knytt til trykkerimuseet.
Det er sett av areal til to områder for framtidig reinseanlegg med tilhøyrande omsynssone på Mork. Høgdebassenget Volda Vassverk var sett av til offentleg og privat tenesteyting i tidlegare plan, men er nå sett av til areal for teknisk infrastruktur.

Råstoffutvinning

Næringsbebyggelse

Rotset:
Furene: I tillegg til næringsareal i gjeldande reguleringsplanar, er det i arealplanen lagt til to (?) område på til saman xx daa til næringsformål, mellom andre på sørsida av hovudvegen.

Fritids- og turistformål

Fritidsbustad
I samband med varsel om oppstart, kom det inn ei rekkje innspel med ønske om fritidsbusetnad. Om lag halvparten av innspela gjeld området Lid/Berknes. Elles er det ein del innspel til knytt til Austefjord, Folkestad og Dalsfjord.

Fleire av dei innkomne innspela er uaktuelle grunna rasutsette område, flaum eller andre farar avdekka i ROS-analysen.

I området Lid/Berknes er det lagt inn eit nytt hytte- og naustområde i planen. Mange av innspela i Lid/Berknes-området vil ha negative konsekvenser for friluftsliv, strandsone, landskap og/eller landbruksinteresser i området. Ein viser også til at det framleis er udisponerte hyttetomter i området i tidlegare planar. Desse vert vidareført.

Det er elles lagt til eit nytt område for fritidsbusetnad i Austefjordområdet.

Føresegnene til arealdelen inneheld krav og retningsliner knytt til fritidsbustader.

Naust
I samband med varsel om oppstart, kom det inn fleire innspel med ønske om nye naustområde. Fleire av dei innkomne innspela er uaktuelle grunna rasutsette område, flaum eller andre farar avdekka i ROS-analysen.

Det er lagt inn eit område til hytte/naust på Lid/Berknes, eit område til naust i Austefjordområdet og eit i Dalsfjordområdet.Føresegnene til arealdelen inneheld krav og retningsliner knytt til naustområda.

I samband med kommuneplanarbeidet har ein sett nærare på desse fem støylane, og dei har nå fått omsynssone i arealdelen. Føresegnene til arealdelen inneheld krav og retningsliner knytt til støylar.

Idrettsanlegg

Andre typer anlegg
Område til havbruksnæringa er oppdatert etter dagens bruk. I plankartet er nå areal til fortøyningar også vist, og ein har vurdert landsida knytt til dei ulike lokasjonane.

UTKAST

Tidlegare areal avsett til akvakulturområde i Gjøsdal, Høydalsneset, Kalvatn, Sageneset, Straumshamn, Velsvika og er teke ut av planen (?). Området ved Alida, Andanes, Hesteneset, Kornberg, Skarsteinane og Støylen er utvida for å legge til rette for meir fleiksibilitet (?).
(Skrubbeneset, Årvika ??)

Områder ved Dravlaus, Steinsvik og Dale er vidareført til settefisk (?).

Uteopphaldsareal

Grav- og urnelunder

6.2 Samferdsel og teknisk infrastruktur (pbl § 11–7 nr. 2)

Konsekvensar for transport og trafikk har vore tema i konsekvensutgreiinga.

Reguleringsplanen for E39 Volda–Furene vert vidareført i arealplanen. Det er lagt inn tre moglege krysningspunkt for voldsfjordkryssing (?). Plankartet er oppdatert i høve "Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda". Det er teke omsyn til barnetrakkregistreringane i konsekvensutgreiingane.

Føresegnene til planen inneheld krav og retningsliner m.a. knytt til parkeringsplassar for bil og sykkelparkering.

6.3 Grønstruktur (pbl § 11–7 nr. 3)

I arealdelen er område registrert som friluftslivsområde markert med omsynssone friluftsliv. Kunnskap frå kartlegginga av friluftslivsområda har vore nytta aktivt i konsekvensutgreiinga. I nokre område med arealformål grønstruktur har ein utvida områda for å sikre tilkomst for ålmenta til areala. Fleire stader har ein også lagt inn areal til opparbeiding av parkeringsplass knytt til viktige utfartsområde (t.d. ved ...?).

(Nye områder til grønstruktur/friluftsliv?)

I føresegnene er det sett krav til størrelse, tettleik og kvalitet på nær- og kvartalsleikeplassane i kommunen. For å sikre at alle som bur i Volda tettstad skal ha maksimum 300 meter å gå til næraste kvartalsleikeplass er det sett av areal til tre nye leikeplassar; i Andanesvegen, Martavegen og Prestegarden.

UTKAST

6.4 Landbruks-, natur og friluftsformål (pbl § 11–7 nr. 5)

I konsekvensutgreiinga vert konsekvensane av dei ulike tiltaka synleggjort, og tiltak som har store negative konsekvensar for landbruket er i mange høve ikkje teke med i planen.

I midtre sentrumssone er eit større landbruksareal (som også inngår i kjerneområde landbruk) teke inn i planen til bustadareal. Her meiner ein at jordvernet må vike for andre viktige samfunnsinteresser.
Det same gjeld i området Mork-Furene, der også landbruksareal er teke inn i planen som bustad- og næringsareal. Samla sett er xx daa lanbruksareal omdisponert til andre formål.

6.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl § 11–7 nr. 6)

6.6 Omsynssoner

Områder som er særleg utsett for farer er lagt inn i planen med omsynssoner og tilhøyrande føresegner. Sikrings-, støy- og faresonene dekker områder utsett for skred, ras, flaum, radon, akutt forureining, kraftliner(?), vassforsyning, støy m.v. Farekart frå ulike sektormynde er nytta som utgangspunkt for soneinndelingane. Sonene skal sikre mot fare eller ulykker, og hindre miljøulempar eller forureining. Føresegnene til dei ulike sonene inneheld forbod eller krav om å ta i vare tryggleik og avverge fare.

Kulturminne og kulturmiljø registrert i kommunedelplan for kulturminne er markert i plankartet. Registreringane har vore aktivt nytta i konsekvensutgreiinga. Føresegnene inneheld krav og retningsliner knytt til kulturminner og kulturmiljø.

I dokumentet "Bygningsmiljø og estetisk rettleiar" har ein sett nærare på Volda sitt særpreg og kvalitetar innanfor bygningsmiljøet. Trehusmiljøa i Halkjelsvika, Hauane og Rotsetfjøra og sveitserrekkja i Gamlevegen, industribygga i Elvadalen, funkishusa i Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen og typehusa i Brenslene, Granlida og Furebakken er lagt inn i planen med omsynssone bygningsmiljø. Formålet med sonene er å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Føresegnene inneheld krav og retningsliner knytt til dei ulike områda.

UTKAST

7 VERKNADER AV PLANEN

7.1 Samla verknader av planen

Samla areal for nye utbyggingsområde i planframlegget er xxxx daa. Dette fordeler seg slik:

Bustadar	xxx daa
Fritidsbustadar	xxx daa
Offentleg tenesteyting	xxx daa
Næring	xxx daa
Fritids- og turistformål	xxx daa
Idrettsanlegg	xxx daa
Naust	xxx daa

...

Landbruk og jordressursar
xxx daa dyrka og dyrkbar jord vert omdisponert som fylgje av planen. Av dette ligg xxx daa innanfor kjerneområde landbruk. Omdisponert dyrka og dyrkbar jord er fordelt på formål slik:

Bustadar	xxx daa
Fritidsbustadar	xxx daa
Offentleg tenesteyting	xxx daa
Næring	xxx daa
Fritids- og turistformål	xxx daa

...

Utbyggingsområda der dyrka og dyrkbar jord er i hovudsak lokalisert til Volda sentrum og Mork-Furene. (Seie noko konkret om kvar det er omdisponert areal innanfor kjerneområde landbruk). Landbruksareal utanfor tettstadene er i liten grad lagt ut som utbyggingsområde.

Utbyggingsområda er viktige for vekst og utvikling av tettstaden, og vil stette opp om mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Ved å konsentrere utbygging til sentrumsnære område oppnår ein ein meir effektiv areal- og transportbruk, noko som kan bidra til å redusere utslepp frå transportsektoren. Å legge til rette for auka bruk av sykkel og gange er i tillegg ein viktig strategi for å fremme folkehelsa. Fleire folk busett i Volda sentrum vil verke positivt for utvikling av sentrumsområdet. Utviding av næringsområdet i Furene er ein viktig strategi for å styrke Volda som eit regionalt viktig handelsområde.

Naturmangfald og naturmiljø
(samla verknader)

Kulturminne og kulturmiljø

Landskap

Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv

Vassmiljø og verna vassdrag

Strandsone langs sjø og vassdrag

Energiforbruk og energiløysingar

Klimaendringar

Forureining

Transport og trafikk

Teknisk infrastruktur

Befolkningsutvikling og tenestebehov

Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit

Estetikk og arkitektur

Barn og unge

Folkehelse

UTKAST

7.2 Oppsummering hovudtema

Sentrumsutvikling og senterstruktur		
Arealstrategiar	**Behov**	**Tiltak i planen**
Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen og institusjonar med krav til utrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad. Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar. Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.	Legge til rette for fortetting, transformasjon og fleksibel arealbruk i indre sentrumssone. Legge til rette for fortetting og utbygging av udisponert bustadareal i midtre sentrumssone. Behov for meir bustadareal i midtre sentrumssone. Potensiale for å utvikle Rotset som eit suppleringssenter for handel. Behov for utviding av næringsområdet i Furene. Sikre at funksjonar i lokalsentra har tilstrekkeleg areal. Definere kva område som er spesielt viktige å ta i vare m.o.t. bygningsmiljø.	I tidlegare reguleringsplanar i indre sentrumssone er det lagt godt til rette for fortetting og transformasjon, som enno ikkje er utnytta. Dette vert vidareført. I tillegg er fleire større areal lagt inn som sentrumsformål, for å sikre at områda kan nyttast fleksibelt og til ulike sentrumsfunksjonar. Lagt til xx dekar til bustadareal i midtre sentrumssone. Legg til mindre nytt areal (xx dekar) til bustadareal i ytre sentrumssone, som ein bevisst strategi for å legge press på å realisere fortettingsprosjekt og realisering av utbyggingsareal i indre og midtre sentrumssone. Vidareførar område til offentleg og privat tenesteyting kring eksisterande institusjonar. Rotset: Legg til rette for etablering av handelspark med høve til handel av både plasskrevjande varer og enkelte utvalsvarer som hushaldningsapparat, verktøy og sportsutstyr som kjem under definisjonen av detaljhandel. Legg til rette for etablering av detaljhandel med totalt bruksareal opp til 6000m2 i midtre sentrumssone. Furene: Lagt til xx daa til næringsformål/kombinert arealformål. Opnar ikkje for meir detaljhandel. Eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur har fått omsynssoner i arealdelen. Føresegnene innehelder krav og retningsliner for områda.

UTKAST

Busetting		
Arealstrategiar	**Behov**	**Tiltak i planen**
Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdesentra. Nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange. Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterar samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne. Det kan leggast til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg.	Framskriving av folketalet mot 2030 viser ein forventa folketalsauke på om lag 1300 personar. Utviklinga viser at folketalet i bygdene går ned, medan det i Volda sentrum aukar meir enn den samla folketilveksten. Må difor planlegge for ein folketilvekst på om lag 1500–1600 personar i Volda sentrum. Det er behov for 750 små bustader eller leilegheiter og 200 ein- eller tomannsbustader i Volda sentrum. Det er behov for å etablere fleire tomtereserver i tettstadene. Det er berre i lokalsentra og tettstadene det er ynskjeleg med bustadfelt og det er berre i Mork-Furene og Volda sentrum det er behov for tilrettelegging av nye bustadfelt. Behov for areal til bustadar på Mork. Behov for å sjå nærare på område til spreidd bustad, og oppdatere dei i høve m.a. skred- og flaumkart.	I Volda sentrum er det gjort grep for å kunne legge til rette for etablering av om lag 200 nye leilegheiter i indre sentrumssone, 600–700 nye bueiningar i midtre sentrumssone og om lag 500 nye bueinigar i ytre sentrumssone. I Indre og midtre sentrumssone vil dette hovudsakeleg måtte løysast gjennom fortetting, fornying og auka grad av bustadtettleik. I midtre sentrumssone er det lagt inn eit større område til bustadformål, på Rotset. I ytre sentrumssone er det framleis tomtereservar som ikkje er utbygd. For Mork-Furene er det (foreslått to alternativ. Eit nøkternt alternativ utan større kostnader for etablering av ny samfunnsinfrastruktur, der ein legg til rette for ein auke i folketalet på opp mot 300 personar i planperioden. Eit meir ekspansivt alternativ der ein legg til rette for auke av folketalet i området med om lag 600 personar, med påfølgande større kostnader til både teknisk infrastruktur og samfunnsinfrastruktur.) I lokalsentra er det lagt til rette for 10–15 nye einebustader i planperioden. I tillegg er det sett av egna område til spreidd bustadbygging i LNF-område i lokalsentra. Områda sett av til spreidd busetnad i tidlegare planar er vurdert på nytt ut i fra oppdatert kunnskap om naturfare, viktige landbruksområde, samanhengande grøntområde, restriksjonsområde kring kulturminne oa. Nokre område er difor redusert i omfang i forhold til tidlegare planar, medan andre stader er nye område lagt til på egna areal. **Område for spreidde busstader i LNF** (Områda frå tidlegare planar er vidareført, men oppdatert og avgrensa meir i høve skred- og flaumkart.)

UTKAST

Offentlege og allmenne formål		
Arealstrategiar	**Behov**	**Tiltak i planen**
Forholdet til strategiar om arealbruk	Området er bebygd og tiltaket kan gi mulgheit for noko fortetting i nærleiken av bygdesenteret og er såleis i samsvar med arealstretgi om busetting.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket er i samsvar med strategi om busetting og vil kunne gi eit meir robust lokalmiljø. Bør kanskje vurdere å ta inn som LNF-område med høve til spreidde bustader.

Konklusjon:
Imøtekome som LNF-med spreidde bustader.

UTKAST

Område nr. KU B47 Nymarka, Vikebygda

Eigedom:	28/7	Forslagsstillar:	Per E. Vassbotn
Formål i dagens kommuneplan:	LNF	Skildring av tiltak:	Ønskjer mulegheit for frådeling av ei hustomt.
Gjeldande reguleringsplan:			
Foreslått formål	Bustad		
Areal:	1,5 daa.		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Arealet er eit innmarksbeite av middels verdi. Barskog og lauvskog med høg bonitet. Nedbygging vil gi middels negativ konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at omr¨det har særleg verdi for naturmangfald eller naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller funn av kulturminne. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Tiltaket ligg i tilknyting til tunområde og noko verdi som del av kulturlandskapet. Bygging av ein einebustad vil i avgrensa grad forringe området. Ubetydeleg konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at område er del av grønstruktur eller viktig friluftslivsområde. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Ligg i for stor avstand frå Volda sentrum til at gang og sykkel vert meir attraktivt transportløysing enn bil. Middels negativ konsekvens.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsone langs sjø eller vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Teknisk infrastruktur	Kan medføre behov for investeringar i infrastruktur.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Eit bustadhus vil ikkje påverke befolkningsutvikling og tenestebehov. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ikkje avdekt uakseptabel risiko.	
Folkehelse	Området ligg truleg i for stor avstand frå Volda sentrum til at gang og sykkel vert ytta til dei fleste kvardagsfunksjonane. Middels negativ konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Området er bebygd ingen spesielle estetiske kvalitetar. Fortetting med ein ny bustad vil ha ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil vere i samsvar med strategi om busetting som spreidd bustadbygging i LNF-område.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket er lite med små konsekvensar. Bør kunne vurdere å ta inn som LNF-område med spreidde bustader.

Konklusjon:
Kan imøtekomast som spreidd bustad i LNF.

UTKAST

Område nr. KU B50 Nymarka 20/12

Eigedom:	20/12	Forslagsstillar:	Tømrer Service AS
Formål i dagens kommuneplan:		Skildring av tiltak:	Ønskjer å utvide bustadarealet ned mot Øyraelva.
Gjeldande reguleringsplan:			Berre nedre del er vurdert i KU.
Foreslått formål	Bustader		
Areal:	9,3 daa.		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel

Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Utan betydning for landbruk. Ingen konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Berre areal nærast elva har verdi for naturmangfald og naturmiljø. Øyraelva er eit viktig bekkedrag med artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Nedbygging nær elva med kantsone vil sterkt forringe kvalitetane. Stor negativ konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Området er ikkje registrert som verdi som kulturmiljø eller andre kulturminne. Nedbygging vil medføre ubetydeleg endring. og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Areal som inngår i grønstrukturformål har gode visuelle kvalitetar og er ein del av eit særprega grøntbelte langs Øyraelva med stor verdi. Nedbygging vil sterkt forringe denne verdien. Stor negativ konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området er ein viktig del av grønstrukturen frå fjord til fjell og har stor lokal verdi. Nedbygging vil forringe kvaliteten og tiltaket vil ha stor negativ konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Ligg godt til rette for gang og sykkel som meir attraktivt transportløysing enn bil.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Arealet grensar til Øyraelva med kantsone som er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og dermed har svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Kantsona langs Øyraelva er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og har dermed svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil kunne nytte planlagt tilkomst via ny rundkøyring på Vikebygdvegen. Ubetydeleg konsekvens	
Teknisk infrastruktur	Kartlegging av kapsitet for spillvatn og overvatn i eksisterande VA-nett må avklarast før utbygging.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i tettstaden Volda som kan gi driftsfordelar når det gjeld effektiv tenesteyting. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Arealet nærast elva ligg i aktsemdsområde for flaum/erosjon og i område med sårbare artar.	
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle. Nedre del er viktig nærturterreng. Middels negativ konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Nedre del har ikkje bebyggelse øvre del kan kunne tilpasse seg dei bygde omgjevnadane og kunne framstå som eit positivt element. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Gjennom Barnetrakk-registreringar er det kome fram at barn og unge likar å opphalde seg i grøntsona langs elva. Nedbygging vil sterkt forringe denne muligheita. Stor negativ konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Er i samsvar med arealstrategi om busetting, men er i strid med arealstrategi om "Grønstruktur, friluftsliv og kultur".	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Området nærast Øyraelva har svært stor verdi, med fleire raudlisteartar. Utbygging nærare elva vil på grunn av risiko for flaum/erosjon truleg måtte førebyggast. Dette vil kunne ha store konsekvensar for fleire raudlistartar og landskapet. Området har og stor verdi som del av grønstrukturen "frå Fjord til fjell" og området er dessutan av stor verdi for barn og unge. Dersom utbyggingsområdet skal utvidast mot elva vil det måtte vere føremål som er styrkar barn og unge sine opplevelsar i området og som er med på å ivaretek grønstrukturfunksjonen. Reine bustadføremål er ikkje eit slikt føremål. Området som i dag ligg som utbyggingsområde kan utbyggast i samsvar med eksisterande planar. Krav til auka grad av fortetting i midtre sentrumssone gjer at det ikkje er ønskjeleg med reine bustadareal i dette området. Dette er i samsvar med gjeldande planer.

Konklusjon:
Bør ikkje imøtekomast.

UTKAST

Område nr. KU B52 Årset, Austefjorden.

Eigedom:	42/2	Forslagsstillar:	Bernhard Rekkedal
Formål i dagens kommuneplan:	LNF	Skildring av tiltak:	Ønskjer å legge til rette for etablering av bustad.
Gjeldande reguleringsplan:			
Foreslått formål	Bustad		
Areal:	6,4		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse-kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Delvis lauvskog med middels bonitet og åpen fastmark . Ubetydeleg konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at omr¨det har særleg verdi for naturmangfald eller naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller funn av kulturminne. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Området ligg i utkanten av lauvskogområde utan spesielle landskapsmessige kvalitetar. Ubetydeleg konse-kvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at område er del av grønstruktur eller viktig friluftslivsområde. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Vi auke behove for privatbilisme. Middels negativ konsekvens.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsone langs sjø eller vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte eksisterande veginfrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Teknisk infrastruktur	Truleg behov for ny VA-infrastruktur i området. Middels negativ konsekvens.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil kunne gi 2-4 nye bustader i området og er av avgrensa betydning når det gjeld befolkningsutvikling og tenestebehov. Kan vere med på å danne grunnlag for skule og barnehage i krinsen. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ikkje avdekt uakseptabel risiko.	
Folkehelse	Området ligg i for stor avstand frå bygdesenter eller Volda sentrum til at gang og sykkel vert nytta til kvardags-funksjona. Middels negativ konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Området har ikkje bebyggelse men kan tilpassast dei bygde omgjevnadane. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil vere i samsvar med strategi om spreidd busetnad utafor bygdesentra. Og er på grunn av omfanget kkje i direkte strid med andre arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket er lite med små konsekvensar. Bør kunne vurdere å ta inn som LNF-område med spreidde bustader. Må vere krav om etablering av VA-infrastruktur.

Konklusjon:
Kan imøtekome som LNF-område med spreidde bustader.

UTKAST

Område nr. KU B53 Liaskaret

Eigedom: 14/2
Formål i dagens kommuneplan: LNF
Gjeldande reguleringsplan:
Foreslått formål Bustad
Areal: 25,8 daa.

Forslagsstillar: Ola Veddeng
Skildring av tiltak: Ønskjer utbygging av bustadfelt.

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Fulldyrka jord av stor verdi som inngår i kjerneområde landbruk. Nedbygging vil øydelegge denne verdien. Stor negativ konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at omr¨det har særleg verdi for naturmangfald eller naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller funn av kulturminne. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Området er del av eit større samsnhengande landbruksområde med gode visuelle kvalitetar med middels verdi. Nedbygging vil gi store endringar med middels negativ konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at område er del av grønstruktur eller viktig friluftslivsområde. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	
Klimaendringar	Tiltaket med nedbygging av eit vesentleg område vil krevje lokal handtering av overvatn med krav til løysing som del av reguleringsplan.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsone langs sjø eller vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil krevje nye og/eller vesentleg oppgradering av løysing for køyrande og gåande.	
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil krevje oppgradering/ny VA-infrastruktur.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil auke busettinga i området som kan påverke kapasitet når det gjeld offentlege tenestar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området manglar slokkevatn, det går høgspentleidning gjennom området og eit eksisterande bygg er SE-FRAK-registrert.	
Folkehelse	Det må etablerast nye gang-/sykkelvegar for å kunne gå/sykle til skule, barnehage og daglegvarehandel og idrettsanlegg, eller til anna offentleg tenestetilbod som kan nåast ved kollektivtransport.	
Estetikk og arkitektur	Området er ikkje bebygd i dag. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil med etablering av nye løysingar for gang-/sykkelveg kunne vere i samsvar med arealstrategi for busetting. Tiltaket er i klar strid med arealstrategi om landbruk.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Området er i strid med arealstrategi om landbruk og tiltaket vil krevje nye løysingar for gang-/sykkelveg og VA-infrastruktur for å kunne vere i samsvar med strategi om busetting. Ikkje imøtekome no, men kan vere eit potensiale for framtida.

Konklusjon:
Bør ikkje imøtekome.

UTKAST

Område nr. KU B54 Nakkane, Morkabygda.

Eigedom:	14/3	Forslagsstillar:	Leite og Howden AS
Formål i dagens kommuneplan:	LNF	Skildring av tiltak:	Ønskjer å nytte arealet til nytt bustadfelt.
Gjeldande reguleringsplan:			
Foreslått formål	Bustad		
Areal:	72 daa.		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Fulldyrka jord av stor verdi på nedre del av området, som inngår i kjerneområde landbruk. Nedbygging vil øydelegge denne verdien. Stor negativ konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	I øvre del av området er eit svært viktig trakkveg for vilt. Arealet ligg i overgangen mellom jordbruksareal og lauvskogområde som kan ha verdi som funksjonsområde for fleire artar. Stor negativ konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er eit bygningsmiljø med fleire SEFRAK-registrerte bygg som har middels verdi. Nedbygging av area inn mot dette kan forringe bygningsmiljøet. Middels negativ konsekvens.	
Landskap	Området er del av eit større samsnhengande landbruksområde med gode visuelle kvalitetar med middels verdi. Nedbygging vil gi store endringar med middels negativ konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det går ein turveg til viktig tur-/rekreasjonsområde gjennom området. Denne har stor verdi ogbør kunne vidareførast. Middels negativ konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	
Klimaendringar	Tiltaket med nedbygging av eit vesentleg område vil krevje lokal handtering av overvatn med krav til løysing som del av reguleringsplan.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Tiltaket råkar ikkje vassmiljø eller verna vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsone langs sjø eller vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil krevje nye og/eller vesentleg oppgradering av løysing for køyrande og gåande.	
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil krevje oppgradering/ny VA-infrastruktur.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil auke busettinga i området som kan påverke kapasitet når det gjeld offentlege tenestar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området manglar slokkevatn og det er fleire SEFRAK-registrerte bygg i området.	
Folkehelse	Det må etablerast nye gang-/sykkelvegar for å kunne gå/sykle til skule, barnehage og daglegvarehandel og idrettsanlegg, eller til anna offentleg tenestetilbod som kan nåast ved kollektivtransport.	
Estetikk og arkitektur	Området er delvis bebygd i dag. Nye bustader il truleg medføre endringar av dette bygningsmiljøet. Middels negativ konsekvens.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som område for barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil med etablering av nye løysingar for gang-/sykkelveg kunne vere i samsvar med arealstrategi for busetting. Tiltaket er i klar strid med arealstrategi om landbruk, naturområde og kulturmiljø.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Området er i strid med arealstrategi om landbruk, naturområde og kulturmiljø. Tiltaket vil krevje nye løysingar for gang-/sykkelveg og VA-infrastruktur for å kunne vere i samsvar med strategi om busetting. Ikkje imøtekome no, men delar av området kan vere eit potensiale for framtida.

Konklusjon:
Bør ikkje imøtekome.

UTKAST

Område nr. KU B55 Nymarka 20/12

Eigedom:	20/12	Forslagsstillar:	Norhus AS
Formål i dagens kommuneplan:		Skildring av tiltak:	Ønskjer å utvide bustadarealet ned mot Rotevatnet.
Gjeldande reguleringsplan:			
Foreslått formål	Bustad		
Areal:	23 daa.		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel

Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Utan betydning for landbruk. Ingen konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Berre areal nærast elva har verdi for naturmangfald og naturmiljø. Øyraelva er eit viktig bekkedrag med artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Nedbygging nær elva med kantsone vil sterkt forringe kvalitetane. Stor negativ konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Området er ikkje registrert som verdi som kulturmiljø eller andre kulturminne. Nedbygging vil medføre ubetydeleg endring. og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Areal som inngår i grønstrukturformål har gode visuelle kvalitetar og er ein del av eit særprega grøntbelte langs Øyraelva med stor verdi. Nedbygging vil sterkt forringe denne verdien. Stor negativ konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området er ein viktig del av grønstrukturen frå fjord til fjell og har stor lokal verdi. Nedbygging vil forringe kvaliteten og tiltaket vil ha stor negativ konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Ligg godt til rette for gang og sykkel som meir attraktivt transportløysing enn bil.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Arealet grensar til Øyraelva med kantsone som er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og dermed har svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Kantsona langs Øyraelva er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og har dermed svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil kunne nytte planlagt tilkomst via ny rundkøyring på Vikebygdvegen. Ubetydeleg konsekvens	
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil i stor grad kunne utnytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka befolkning i tettstaden Volda som kan gi driftsfordelar når det gjeld effektiv tenesteyting. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Arealet nærast elva ligg i aktsemdsområde for flaum/erosjon og i område med sårbare artar.	
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle. Nedre del er viktig nærturterreng. Middels negativ konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Nedre del har ikkje bebyggelse øvre del kan kunne tilpasse seg dei bygde omgjevnadane og kunne framstå som eit positivt element. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Gjennom Barnetrakk-registreringar er det kome fram at barn og unge likar å opphalde seg i grøntsona langs elva. Nedbygging vil sterkt forringe denne muligheita. Stor negativ konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Er i samsvar med arealstrategi om busetting, men er i strid med arealstrategi om "Grønstruktur, friluftsliv og kultur".	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Området nærast Øyraelva har svært stor verdi, med fleire raudlisteartar. Utbygging nærare elva vil på grunn av risiko for flaum/erosjon truleg måtte førebyggast. Dette vil kunne ha store konsekvensar for fleire raudlistartar og landskapet. Området har og stor verdi som del av grønstrukturen "frå Fjord til fjell" og området er dessutan av stor verdi for barn og unge. Dersom utbyggingsområdet skal utvidast mot elva vil det måtte vere føremål som er styrkar barn og unge sine opplevelsar i området og som er med på å ivaretek grønstrukturfunksjonen. Reine bustadføremål er ikkje eit slikt føremål. Området som i dag ligg som utbyggingsområde kan utbyggast i samsvar med eksisterande planar. Krav til auka grad av fortetting i midtre sentrumssone gjer at det ikkje er ønskjeleg med reine bustadareal i dette området.

Konklusjon:
Ikkje imøtekome

UTKAST

Område nr. xx - (Områdenemning, grunnkrins)

Eigedom:
Formål i dagens kommuneplan:
Gjeldande reuleringsplan:
Foreslått formål
Areal:

Forslagsstillar:
Skildring av tiltak:

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel

Tema	Vurdering	Konse-kvens
Miljø		
Forureining	(Vurdering om det er eksisterande forureiningskjelder i nærleiken. Nye utbyggingsområde kan medføre ureining, støy, klimaendringar m.m.)	
Landbruk og jordressursar	(Vurdering av omfang og verknad på landbruksareal; tap av produksjonsareal, driftsulemper m.v.)	
Naturmangfald og naturmiljø	(Endra arealbruk kan endre naturmangfald og naturmiljø.)	
Kulturminne og kulturmiljø	(Vurdering av om utbygging kan gje negativ konsekvens for kulturminne-/miljø.)	
Landskap	(Vurdering av om ny utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad.)	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	(Vurdering av om ny utbygging kan gi negativ konsekvens for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv.)	
Energiforbruk og energiløysingar	(Vurdering av om ny utbygging kan gi auka energiforbruk.)	
Klimaendringar	(Vurdering av om det er eller om ny utbygging vil gi utfordringar i forhold til overvasshandtering, stormflo og havnivåstigning.)	
Vassmiljø og verna vassdrag	(Vurdering av om ny utbygging kan gi negative konsekvensar for verna vassdrag eller andre vassmiljø.)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	(Vurdere om ny utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjø og vassdrag.)	
Samfunn		
Transport og trafikk	(Vurdering av om nye utbyggingsområde må vere trafikksikre og fungere i forhold til vegsystemet.)	
Teknisk infrastruktur	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.)	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for dagens tenestestruktur og gi behov for endringar.)	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	(Vurdering av om nye utbyggingsområde kan gi endra risikobilde, eller utbyggingsområdet ligg i eit risikoutsett område. Kan gi endra behov for førebygging og normalisering ved uføresette hendingar.)	
Folkehelse	(Vurdering av mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle.)	
Estetikk og arkitektur	(Vurdering av om ny utbygging kan gi endra estetisk uttrykk i eit område.)	
Barn og unge	(Vurdering av om utbygging kan komme i konflikt med verdiar i barn og unge sine oppvekstområde.)	
Forholdet til strategiar om arealbruk	(Vurdering av om tiltaket er i samsvar med arealstrategiane.)	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
(Samla vurdering av konsekvensar med forslag til oppfølging eller utgreiing på reguleringsplannivå.)

Konklusjon:
(Oppsummering)

UTKAST

Område nr. BF1 - Volda sentrum, Myrane

Eigedom:	19/10	Forslagsstillar:	Kiwi Volda
Formål i dagens kommuneplan:	Grønstruktur	Skildring av tiltak:	Ønskjer å kunne utvide forretningsareal mot Øyraelva.
Gjeldande reuleringsplan:	E39 Volda - Furene 2016001		
Foreslått formål:	Forretning		
Areal:	ca. 1,2 daa.		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Miljø		
Forureining	Arealet nærast Vikebygdvegen er utsett for støy elles ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Ikkje relevant jf. anna formål i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Berre areal nærast elva har verdi for naturmangfald og naturmiljø. Øyraelva er eit viktig bekkedrag med artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Nedbygging nær elva med kantsone vil sterkt forringe kvalitetane. Stor negativ konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert verdi som kulturmiljø eller andre kulturminne. Nedbygging vil medføre ubetydeleg end-ring. og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Areal som inngår i grønstrukturformål har gode visuelle kvalitetar og er ein del av eit særprega grøntbelte langs Øyraelva med stor verdi. Nedbygging vil sterkt forringe denne verdien. Stor negativ konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Området er ein viktig del av grønstrukturen frå fjord til fjell og har stor lokal verdi. Nedbygging vil forringe kvali-teten og tiltaket vil ha stor negativ konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	
Klimaendringar	Må vurdere lokal handtering av overvatn. Ligg godt til rette for gang og sykkel som meir attraktivt transportløys-ing enn bil.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Arealet grensar til Øyraelva med kantsone som er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og dermed har svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Kantsona langs Øyraelva er funksjonsområde for fleire raudlisteartar og har dermed svært stor verdi. Nedbygging vil øydelegge denne verdien og tiltaket har svært stor negativ konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil kunne nytte planlagt tilkomst via ny rundkøyring på Vikebygdvegen. Ubetydeleg konsekvens	
Teknisk infrastruktur	Tiltaket vil i stor grad kunne utnytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ikkje relevant, ubetydeleg konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ligg i aktsemdsområde for flaum/erosjon og i område med sårbare artar.	
Folkehelse	Mange kan gå og sykle til området. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Området har ingen bebyggelse. Ny bygningsmasse kan truleg tilpassast eksisterande bygningar som ligg nær området. Tettare utbygging i området vil skape ein meir kompakt og urban tettstadstruktur. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Barn og unge	Gjennom Barnetrakk-registreringar er det kome fram at barn og unge likar å opphalde seg i grøntsona langs elva. Nedbygging vil sterkt forringe denne muligheita. Stor negativ konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Er i strid med arealstrategi om "Grønstruktur, friluftsliv og kultur".	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Området nærast Øyraelva har svært stor verdi, med fleire raudlisteartar. Området har og stor verdi som del av grønstrukturen "frå Fjord til fjell" og området er dessutan av stor verdi for barn og unge. Det er ein nettopp godkjent reguleringsplan for området i samsvar med gjeldande kommunedelplan. Det er ikkje aktuelt å gå imøtekome forslaget.

Konklusjon:
Ikkje imøtekome.

UTKAST

Område nr. KU BF2 - Furene, Morkabygda.

Eigedom:
Formål i dagens kommuneplan: LNF
Gjeldande reuleringsplan: E39 Volda - Furene 2016001
Foreslått formål: Forretning
Areal: ca. 19,4 daa.

Forslagsstillar: Kari R. og Fredrik Mork Håskjold
Skildring av tiltak: Ønskjer å kunne utnytte teigen til forretningsverksemd.

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Området er svært utsett for støy som må kartleggast nærare, elles ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Barskog og fulldyrka areal av noko til stor verdi. Ikkje vurdert som kjerneområde. Middels verdi. Nedbygging vil medføre sterk forringing og gi middels negativ konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert at området har særleg verdi for naturmangfald og naturmiljø. Nedbygging vil ha ubetydeleg konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har særleg verdi for kulturminne eller kulturmiljø. Nedbygging vil ha ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Delar av området framstå som samanhengande landbruksområde med gode visuelle kvalitetar, medan det skogkledte området ikkje har særlege landskapsmessige kvcalitetar. Nedbygging vil medføre middels negativ konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Arealet har ingen verdi som nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Krav i TEK om løysingar som vil gi lavt energibehov og miljøvennlege energikjelder vil medføre ubetydeleg endring. Ubetydeleg konsekvens.	
Klima	Overvatn må løysast med løysingar innanfor området. Kanal/bekk gjennom området må ikkje leggast i røyr.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant. Ubetydeleg konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ikkje relevant. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket vil krevje utbetra/ny tilkomst frå overordna vegnett.	
Teknisk infrastruktur	Området krev ny VA-infrastruktur til området.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ikkje felevant for formålet. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Kan vere knytt flaum/erosjonsfare til bekk/kanal gjennom området. Må avklarast i RP.	
Folkehelse	Det er tilgjenge til område via kollektivtransport. For dei fleste er det lite aktuelt å gå /sykle til området og tiltaket vil kunne gi auka bilbruk.	
Estetikk og arkitektur	Området er ikkje bebygd. Ny bebyggelse kan vere med på å urbanisere området. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket vil kunne legge til rette for næringsareal langs hovudvegnett og er slik sett i samsvar med arealstrategi om næringsliv. Vil kunne vere noko i strid med arealstrategi om sentrumsutvikling og transport og kommunikasjon og Landbruk.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket er klart i strid med arealstrategi for landbruk, har store negative konsekvensar for landbruk og vil ha middels negative konsekvensar for fleire utgreiingstema. Ein stor del av arealet er sett av til riggområde i samband med tunnel Volda - Furene og vil ikkje kunne utnyttast til anna formål før vegprosjektet er gjennomført. Arealbruk er vurdert i reguleringsplan godkjent i 2018 der ein konkluderte med at framtidig arealbruk skal vere jordbruksareal. Området er eit viktig strategisk område for vidareutvikling av handels- og næringsverksemd i Furene, som eit viktig regionalt knutepunkt. Istadenfor tilbakeføring til jordbruk kan vi tilrå å nytte arealet til framtidig handels og næringsareal.

Konklusjon:
Kan imøtekomast med vilkår om rekkjefølgjekrav.

UTKAST

Område nr. KU BFT1 - Helset, Bjørkedalen

Eigedom: 92/1
Formål i dagens kommuneplan: LNF
Gjeldande reuleringsplan:
Foreslått formål: Fritids- og turistformål
Areal: ca. 2,5 daa.

Forslagsstillar: Trygve Helset
Skildring av tiltak: Ønskjer å kunne vidareutvikle turistsatsinga på garden med etablering av grillhytte m.v.

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Fulldyrka jord av stor verdi. Ikkje kjerneområde landbruk middels verdi og middels negativ konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Fulldyrka jord utan særleg verdi for naturmangfald. Arealet nærast vatnet har truleg noko verdi. Verna vassdrag. Middels negativ konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for kulturminne og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Området er prega av landbruksverksemd ned til vasskanten. Middels verdi som kulturlandskap. Tiltaket er lite og vil gi ubetydeleg konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ikkje registrert som viktig for nærmiljø, grønstruktur eller friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Vil truleg ikkje ha konsekvensar for energibruk og energiløysingar.	
Klima	Truleg ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing eller andre klimautfordringar.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ligg i område med verna vassdrag. Tiltak må ta omsyn til vassdragsverdiar. Middels negativ konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Det er dyrka mark heilt i strandsona og av liten verdi som strandsone for ålmenta. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Køyretilkomst er truleg ikkje aktuelt. Må sette krav om gode gangsamband til resten av turistanlegget.	
Teknisk infrastruktur	Truleg lite behov for teknisk infrastruktur.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Kan vere med på å sikre arbeidsplassar og busetting. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Kan vere utsett for høg vannstand, ligg i område med verna vassdrag og høgspent gjennom området.	
Folkehelse	Ingen konsekvensar eller utfordringar.	
Estetikk og arkitektur	Ikkje bebygd område. Nye bygg må tilpasse seg andre bygg langs vatnet.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området er viktig for barn og unge sin aktivitet.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Det er ikkje noko klar arealstrategi som gjeld turistanlegg. Tiltaket legg til rette for tilleggsnæring til landbruk og er slik i samsvar med arealstrategi om landbruk.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket ligg i verneområdet for Stigedalsvassdraget. Det er ikkje noko klar arealstrategi når det gjeld turistanlegg, men tilltaket kan vere med på å sikre turisme som tilleggsnæring til landbruksdrifta. Det må takast omsyn til ROS-utfordringar og bygningane må harmonere med andre bygg i strandsona langs vatnet. Tiltaket bør kanskje takast med som spreidd næringsbygg i LNF-område.

Konklusjon:
Kan imøtekomast som LNF- område med spreidd næring.

UTKAST

Område nr. KU BFT4 - Kornberg, Folkestad

Eigedom: 117/1
Formål i dagens kommuneplan: LNF
Gjeldande reuleringsplan:
Foreslått formål: Fritids- og turistformål.
Areal: ca. 25 daa.

Forslagsstillar: Turid Nautvik og Per Kåre Nesset
Skildring av tiltak: Ønskjer å kunne etablere rorbuanlegg.

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel





Tema	Vurdering	Konse-kvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Mindre del av området er fulldyrka jord av stor verdi, men er ikkje kjerneområde landbruk. Middels verdi og middels negativ konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Området inngår i viktig viltområde og det er leveområde for raudliste art i nærleiken, som må takast omsyn til . Middels negativ konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for kulturminne og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Bratt topografi med ordinære visuelle kvalitetar. Ubetydeleg konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ikkje registrert som viktig for nærmiljø, grønstruktur eller friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Større utbygging bør kunne nytte framtidsretta lavenergiløysingar. Ubetydeleg konsekvens.	
Klima	Må ta omsyn til havnivåstigning. Ubetydeleg konsekvens.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Området har stor grad av utilgjengeleg og påverka strandsone av mindre verdi. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Vil måtte ha ny avkøyrsle frå Fylkesveg.	
Teknisk infrastruktur	Må truleg ha ny VA-infrastruktur.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Kan vere med på å sikre arbeidsplassar og busetting. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdsone skred på delar av området, utsett for havnivåstigning og manglande sløkkevatn i området. bør redusere utbyggingsområdet og krav om tilstrekkeleg vassforsyning.	
Folkehelse	Tiltaket vil ikkje gi endra situasjon. Ubetydeleg konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Arealet og nærområda er ikkje bebygd. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området er viktig for barn og unge sin aktivitet.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Det er ikkje noko klar arealstrategi som gjeld turistanlegg. Tiltaket legg til rette for næringsverksemd langs hovudveg.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Forslaget er ikkje i direkte strid med arealstrategiar og legg til rette for næringsverksemd som kan vere med på å sikre busetting og aktivitet i bygdene. Det er ikkje gjort behovsvurdering av areal til overnattingstilbod. Tiltaket har middels negativ konsekvens for landbruk, naturmangfald og naturmiljø, det må settast krav om å ta omsyn til dette i RP. Det må settast krav til avklaringar når det kjem til ROS-utfordringar, og tilstrekkeleg vassforsyning.

Konklusjon:
Kan imøtekome redusert areal med vilkår av krav til RP.

UTKAST

Område nr.KU BFT8 - Årset, Austefjorden

Eigedom: 42/2
Formål i dagens kommuneplan: LNF
Gjeldande reuleringsplan:
Foreslått formål: Fritids- og turistformål
Areal: ca. 134,6

Forslagsstillar: Bernhard Rekkedal
Skildring av tiltak: Ønskjer å kunne etablere landskapshotell på området.

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	Delvis barskog av middels til lav bonitet. Liten verdi og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Det går eit vilttrakk gjennom området. Det er ikkje registrert at området har verdi for naturmangfald eller naturmiljø. Området er truleg viktig funksjonsområde for raudlisteart som har yngleområdet nærleiken. Stor negativ konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har spesiell verdi for kulturminne og naturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Området er ein del av eit særprega område med spesielt gode visuelle kvalitetar. Tiltaket vil i varierande grad kunne forringe denne verdien. Middels negativ konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ikkje registrert som viktig for nærmiljø, grønstruktur eller friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Det bør vere eit krav at slik type utbygging nyttar framtidsretta lavenergiløysingar. Ubetydeleg konsekvens.	
Klima	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing. Kunder vil hovudsakleg måtte nytte bil til og frå området for andre tenestar. Middels negativ konsekvens.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Strandsona er i stor grad utilgjengeleg. Men har verdi som naturområde. Middels negativ konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte eksisterande vegnett.	
Teknisk infrastruktur	Må truleg ha ny VA-infrastruktur.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Kan vere med på å sikre arbeidsplassar og busetting. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Ytre delar av området kan vere utsett for skred og flaum. Det går vilttrekk og høgspent gjennom området.	
Folkehelse	Ubetydeleg konsekvens for folkehelse.	
Estetikk og arkitektur	Området er ikkje bebygd. Arkitektur og estetikk bør tilpasse seg landskapet sine dimensjonar.	
Barn og unge	Det er ikkje registrert at området er viktig for barn og unge sin aktivitet.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Det er ikkje noko klar arealstrategi som gjeld turistanlegg. Tiltaket legg til rette for næringsverksemd langs hovudveg og kan vere med på å styrke Volda som eit attraktivt reiselivs- og friluftsområde.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket har truleg eit potensiale som landskapstilpassa turistanlegg. Sjølv om tiltaket vil ha middels negative konsekvensar for fleire utgreiingstema, så vil ein truleg kunne løyse desse gjennom RP. Det må spesielt fokuserast på tilhøvet til vilttrakk og raudlisteart. Arealet bør reduserast for å unngå aktsemdsområda for skred.

Konklusjon:
Kan imøtekome redusert areal med vilkår av krav til RP.

UTKAST

Område nr. BFR1- Lid/Berknes

Eigedom:	2/1	Forslagsstillar:	Norvald Bjerknes
Formål i dagens kommuneplan:	LNF-A område (kystsoneplan)	Skildring av tiltak:	Ønskjer at området vert lagt ut til fritidshus
Gjeldande reuleringsplan:			
Foreslått formål:	Hytte		
Areal:	5,35 daa		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse-kvens
Miljø		
Forureining	Det er ikkje forureiningskjelder i nærleiken.Tiltaket vil i liten grad medføre ureining, støy eller klimaendringar. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.	
Landbruk og jordressursar	På eigedommen er det i dag lauvskog av middels bonitet. Ikkje konsekvensar for landbruk og jordressursar.	
Naturmangfald og naturmiljø	Lauvskog med liten verdi for naturmangfald og naturmiljø. Det er ikkje registrert verdiar knytt til naturmangfald og naturmiljø i området.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området.	
Landskap	Området ligg som ein grøn korridor mellom to område som er bebygd med hytter og naust. Ei utbygging vil punktere den grøne korridoren. Nedbygging vil forringe verdien av landskapet.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Skog som ikkje er registrert til å ha verdi for friluftsliv. Området er ikkje registrert som opphaldsareal. Utbygging vil medføre fullt arealbeslag. Ubetydeleg/positiv konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Klima	Ingen spesielle utfordringar når det gjeld klimatilpassing. Ved ei eventuell utbygging i området, må det takast omsyn til stormflo og havnivåstigning.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje konsekvensar for verna vassdrag eller anna vassmiljø.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ei utbygging i området vil redusere kvaliteten å strandsona.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Det er lite trafikk i området. Forslaget ligg langs FV. Mindre streng haldningsklasse for avkøyrsler. Ikkje gang-/sykkelveg i området.	
Teknisk infrastruktur	Vil krevje investeringar i høve til VA.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Vil ikkje ha innverknad på befolkningsutvikling. Vil ikkje endre tenestebehovet.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Det er registrert marine strandavsetningar i området.	
Folkehelse	Ingen folkehelsemessig verdi i dag. Det er langt å gå/sykle til viktige funksjonar. God tilgang til uteområde og sjø.	
Estetikk og arkitektur	Utbygging vil endre det estetiske utrrykket. Utbygginga vil kunne bli oppfatta som ei utviding av eksisterande hyttebebyggelse. Positivt med fortetting..	
Barn og unge	Ikkje konfklikt med barn og unge sine interesser.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi for fritidsbusetnad, setrar og naust.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Utbyggingsforslaget har middels negativ konsekvens for landskap, strandsone, transport og trafikk. Forslaget vil medføre at større del av strandsona i kommunen vert påverka av utbyggingstiltak. Det er ledig areal til hyttebygging i området. Plankrav med ma. byggegrense.

Konklusjon:
Innspelet kan imøtekomast.

UTKAST

Område nr. BFR3 - Lid/Berknes

Eigedom:	2/2, 2/8, 2/15 og 2/78	Forslagsstillar:	Odd og Runar Bjerknes
Formål i dagens kommuneplan:	Hytte, camping og LNF-område	Skildring av tiltak:	Ønskjer at området vert lagt ut til hytter og naust.
Gjeldande reguleringsplan:	Hytter, naust, campingpl. og friluftsområde		
Foreslått formål:	Hytte og naust		
Areal:	36,28		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i nærleiken.	
Landbruk og jordressursar	Delar av arealet består av overflatedyrka jord, ca. 7 daa. Også skogkledd (lauvskog: uproduktiv skog og middels bonitet). Eksist. avkøyrsle går gjennom delar av areal som er fulldyrka.	
Naturmangfald og naturmiljø	Ingen registreringar knytt til naturmangfald og naturmiljø i tilgjengelege basar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området.	
Landskap	Ei utbygging vil påverke landskapet. Området er eit viktig grønstrukturområde, og har funksjon som lokalt/regionalt friluftsområde.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Viktig grønstrukturområde. Området har funksjon som lokalt/regionalt friluftsområde. Utbygging kan gi negativ konsekvens for grøntstruktur og utøving av friluftsliv.	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Klima	Ingen særskilde utfordringar. Området er lite sårbart i høve til klimaendringar (jf. www.miljøstatus.no).	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjøen, jf. punkt ovanfor knytt til friluftsliv.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Ligg i nærleiken av FV 47. Liten trafikk ÅDT. Ikkje gang- og sykkelveg. Eksist. avkøyrsle ligg nær krapp kurve. Vurdere ny avkøyrsle.	
Teknisk infrastruktur	Vil krevje investeringar i høve til VA.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Utbyggingsforslaget vil ikkje medføre trong for endra tenestetilbod i området.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området ligg innanfor aktsemdsone flaum. Det er registrert marine strandavsetningar.	
Folkehelse	Viktig turområde. God tilgang til sjø. Middels negativ konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Utbygging vil endre det estetiske utrykket. Området ligg eksponert til frå sjøsida.	
Barn og unge	Grønstrukturområde. Ingen kjende konflikter med barn og unge sin bruk av området i dag.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er strid med arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Forslaget har negativ konsekvens for landbruk og jordressursar, landskap, grøntstruktur, friluftsliv og strandsona langs sjøen. Forslaget er i strid med arealstrategiar. Plankrav. Hytteområdet bør avgrensast mot strandsona.

Konklusjon:
Innspelet bør ikkje imøtekomast.

UTKAST

Område nr. BFR4 - Lid/Berknes

Eigedom:	2/1.	Forslagsstillar:	Norvald Bjerknes.
Formål i dagens kommuneplan:	LNF-A i kystsoneplanen.	Skildring av tiltak:	Ønskjer at området vert lagt ut til naust.
Gjeldande reuleringsplan:			
Foreslått formål:	Naust.		
Areal:	6,35		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ingen registreringar.	
Landbruk og jordressursar	Området har ein del produktiv skog og innmarksbeite.	
Naturmangfald og naturmiljø	Det er ikkje registrert særskilde artar, naturtyper eller naturmiljø.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø.	
Landskap	Området ligg eksponert til. Utbygging kan endre landskapet og gi nær og fjernverknad.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Delar av området er registrert som særleg kvalitetsområde i samband med kartlegging av friluftsområder. Friluftsområde av lokal og regional verdi (badeplass, fiskeplassar, solvendt).	
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Klima	Ei utbygging av naust må ta omsyn til stormflo og havnivåstigning.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje verna vassdrag. Ikkje særskilde konsekvensar for vassmiljø.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Det ligg eit naust og ei lita hytte i området. Området har redusert verdi som urørt strandsone. Ei utbygging i området vil gripe inn i strandsona. Den vil redusere kvaliteten og kan gi negative konsekvensar.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Eksisterande naust i området har tilkomstveg gjennom tun og over landbruksareal. Bygging av naust vil gi auka trafikk i området, med utfordringar i høve til landbruksareal. Behov for endra tilkomst.	
Teknisk infrastruktur	Utbygging til naust vil i liten grad få konsekvensar for eksisterande infrastruktur.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Aktsemdområde flaum.	
Folkehelse	Ingen særskilde utfordringar eller konsekvensar.	
Estetikk og arkitektur	Utbygging vil gi endra estetisk uttrykk for området.	
Barn og unge	Utbygging kjem ikkje i konflikt med barn og unge sine interesser.	
- *Små, spreidde reiselivsanlegg skal like eins normalt lokaliserast og leggjast slik at dei føyer seg etter landskapsforma og utnyttar landskapselement.*
- *Bustadhus knytt til gardsbruk, skal plasserast i eit harmonisk tilhøve til eksisterande gardstun og ta omsyn til kulturlandskapet. Så langt det høver, skal nye bustadhus lokaliserast i tilknyting til tunet. Bygningen si orientering, volum og proporsjonar skal supplere og vidareføre det eldre tunet sin visuelle karakter.*

Ombygging, tilbygg og garasjar

- *Ved tilbygging til eksisterande bustadhus eller fritidsbustadar skal opphavleg bygningsvolum – også takform – som ein hovudregel framleis få teikne seg tydeleg.*
- *I proporsjonar, takform, materialbruk og detaljering skal det takast omsyn til eigenarten av eksisterande bygningar. Der ein i tilbygget søkjer formuttrykk som er avvikande frå eldre bygning, skal det liggje føre ei fagleg estetisk grunngjeving.*
- *Tiltaket skal bidra til at uteareal framleis er tiltalande og held god visuell standard.*

Uteområde mellom husa/eigedomar

- *Nødvendige eller planlagde omformingar av terrenget skal gå klart fram av situasjonsplanen. I bratte tomter skal dei visuelle konsekvensane av omforminga av terrenget illustrerast på ein god måte. Det kan krevjast vurdering av alternative løysingar i slike saker.*

Lyssetting og kvalitetskrav

- *Det skal innarbeidast estetiske vurderingar i gatebruksplanar og opparbeidingsplanar når det gjeld lyssetting av gater, strøk, enkeltbygg, fasaderekker og landemerke. Det skal setjast tekniske og estetiske kvalitetskrav til det tekniske utstyret. Det skal også setjast kvalitetskrav til andre lyskjelder, som reklamelys, lysskilt, vindaugslys og privat utandørs lyssetting som vil verke saman med den offentlege belysninga.*

2.14 Omsyn til eksisterande bygningar og anna kulturmiljø (pbl § 11-9 nr. 7)

§ 2.14.1 Omsynet til eksisterande bygningar

a. Det er krav til dokumentasjon som viser at rimelege visuelle kvaliteter er oppfylt. Dokumentasjonen skal vise forholdet til både det bebygde og det ubebygde naboskap og landskap, og begrunne valde løysningar.

b. Ny bebyggelse og andre tiltak skal tilpassast og vidareføre kvalitetane i områda med omsyn til bebyggelse, landskap, terreng, vegetasjon, kulturminne, miljø og naturmangfald.

c. Ved bygging i etablerte bustadområde skal det leggast vekt på omsynet til eksisterande bebyggelse sjølv om gjeldande reguleringsplan ikkje har detaljerte føresegner om utforming. Fortetting skal bidra til å sikre eksisterande kvaliteter i området og tilføre nye. Fortettingsgevinsten skal alltid vurderast opp mot eventuelle ulemper og potensielle konfliktar i området. Fasadar skal gjevast god arkitektonisk utforming og det skal nyttast materialar av god kvalitet. Arkitekturen kan stå i kontrast med den eksisterande, men skal underordne seg staden sitt særpreg.

d. I byggesaker skal det leggast fram terrengsnitt som viser høgder på ny og eksisterande bebyggelse og nytt og eksisterande terreng.

§ 2.14.2 Omsynet til kulturminner

a. For å ivareta dei automatisk freda kulturminna i kommunen på best mogeleg måte, må aktuelle tiltak etter pbl § 1-6 utanom regulerte område og i område omfatta av reguleringsplanar stadfesta/godkjende

UTKAST

før 31.12.1978 avklarast i høve lov om kulturminne. Dette gjeld tiltak både på land og i sjøen, jf. lov om kulturminne §§ 8 og 9.

b. Dersom det ved arbeid i marka dukkar opp freda kulturminner, må arbeidet straks stoppe opp i den utstrekning det kan røre ved kulturminne eller deira sikringssone. Melding skal straks sendast Fylkeskommunen, jf. kulturminneloven § 8.

2.15 Landskap og grønstruktur (pbl § 11-9 nr. 6)

§ 2.15.1 Landskap og grøntstruktur

a. Samanhengande grøntdrag, grøne lunger, turvegar og område for lek og rekreasjon skal takast i vare og styrkast.

Minimumsbredde på grøntkorridorar bør vere 30 meter.

b. Artar som er svartelista skal ikkje plantast i grønstrukturen.

Det bør i størst mogleg grad nyttast stadeigen vegetasjon i grønstrukturen.

c. Alle planforslag som berørar natur skal vurderast etter naturmangfoldlova kap. II.

Omsynet til naturmangfaldet skal vektleggast og avvegast mot andre samfunnsinteresser, jf. veileder til naturmangfoldloven kap..II, forskrift om utvalgte naturtyper med veileder og i kommunen si forvaltningsbase for naturdata.

d. I større samanhengande naturområde og viltkorridorar, skal økologiske funksjoner søkast oppretthalde.

e. Langs vassdrag skal naturverdiar, landskap, kulturminne og friluftslivsinteresser takast i vare. Langs alle vassdrag med årssikker vassføring, inklusive elver, bekker, vatn og tjern, skal det opprettholdast og om mogleg utviklast eit naturleg vegetasjonbelte som tek i vare viktige økologiske funksjonar, motverker erosjon og tjener flomsikring og friluftsliv.

f. Bekker og elver skal holdes åpne og i sin naturlige form, med tilstrekkelig kantvegetasjon (jf. vannressursloven § 11).

For vassdrag med årssikker vassføring gjeld generelle kantsonar frå normal strandlinje: 20 meter på kvar side av elver og bekkar, 50 meter på kvar side av større elver, tjørn og vatn.

I 100-metersbeltet langs sjøen, og for område langs vassdrag og større elvar inntil 50 meter frå strandlinje målt i horisontalplanet ved høgste vanlege flaumvasstand, skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. pbl § 1-8. Langs mindre elvar og bekkar gjeld ei grense på 20 meter, jf. § 2.6.1 b.

VOLDA KOMMUNE
Utvikling

NOTAT

Interne mottakarar:
Rådmann Rune Sjurgard

Sak: Øvre Rotset Næringsområde - planavklaring vedr. detaljhandel, planid 2012008

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2018/1905	*13840/2018*	*L13*	*UTV/HEIIST*	*09.10.2018*

ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE - PLANAVKLARING VEDR. DETALJHANDEL, PLANID 2012008

Notatet gjeld informasjon om kva type handel som kan etablerast i midtre sentrumssone og initiativ som har kome til kommunen om detaljhandel på næringsområdet på Rotset.

Inntil ny arealdel er godkjent, er det dei eksisterande regulerings- og kommunedelplanane som er gjeldande.

Formannskapet har gjennom arbeidet med ny arealdel for kommunen fått utarbeidd strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda». Dette dokumentet har Formannskapet gjort vedtak om å ta til vitande gjennom fleire vedtak.

Den 12.12.2017 i sak PS 219/17: *Formannskapet tek grunnlagsdokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda», datert 01.12.2017 til vitande, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.*

Den 04.04.2018 i sak PS 52/18: *Formannskapet tek saka til vitende og viser til vedtak 12.12.2017, sak PS 219/17.*

Dokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» er først og fremst førande for arbeidet med ny arealdel, men gir også eit godt grunnlag for vurderingar i andre relevante saker.

I dokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling» er det for midtre sentrumssone foreslått å opne for inntil 6000m2 med detaljhandel og utvalshandel. Øvre Rotset ligg i midtre sentrumssone. Det er foreslått ein minimumsstørrelse på utvalshandel og plasskrevjande varer på 1000m2 BRA for å kunne etablere seg i dette området. Det er og foreslått restriksjonar på kva varegrupper som skal kunne etablerast i området, slik at det ikkje skal vere høve til etablering av handel med sko, klede, blomsterbutikk og anna handel som høyrer heime i sentrum. Det er ikkje lagt inn restriksjonar når det gjeld daglegvarer eller utvalsvarer som hushaldningsapparat, verktøy og sportsutstyr. Desse forslaga til retningslinjer må takast inn i arealdelen som føresegner eller retningslinjer for at dei får verknad for handsaming av byggesaker. Føresegner og retningslinjer til arealdelen er under arbeid og føresegner og retningslinjer når det gjeld handel og andre funksjonar i midtre sentrumssone er ikkje klare.



Det er fleire eksisterande reguleringsplanar innanfor midtre sentrumssone i dag. Nokre av desse har føresegner om t.d. kva type handel som kan etablerast. Dersom ein i arealdelen slår fast at desse eldre reguleringsplanane framleis skal gjelde, så vil ikkje arealdelen sine føresegner og retningslinjer vere styrande i desse områda.

I reguleringsplanen for næringsområde på Øvre Rotset og i kommunedelplanen for E39 Volda – Furene finn ein i dag føresegner om detaljhandel. Det er i begge desse planane opna for detaljhandel inntil 3000 m2 i samsvar med Kjøpesenterforskrifta. Dette er også vidareført i områderegulering for E39 Volda – Furene.

I Reguleringsplanen for næringsområde Øvre Rotset finn ein følgjande føresegn for område merka med F/K/I:

I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel er for heile området avgrensa til 3.000 m2 bruksareal, jf. "Rikspolitisk bestemmelse etter § 17-1 annet ledd i Plan og bygningsloven om midlertidig etableringsstopp for kjøpesentre utenfor sentrale deler av byer og tettsteder".

Innanfor forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med daglegvarer, klede og sko. Sal av bygningsmaterialar, møblar, kjøken- og sanitærutstyr mv. («brunevarer») kan tillatast. Innanfor områda kan det heller ikkje etablerast verksemd som ved utslepp(støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område.

Industriverksemd kan ha utsal for eigne varer og bransjevarer som ein mindre del av verksemda. (slik det til dømes ofte vil vere for ei røyrleggjarbedrift, eller firma som produserer, distribuerer og installerer t.d kjøken, baderom etc.).



Gjennom å ta strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling» til vitande har Formannskapet gitt klare signal om at forslag til retningslinjer bør vidareførast i arealdelen.

I følgje plan- og bygningsloven §1-5 vil ein nyare arealdel alltid vil gå framfor ein eldre reguleringsplan om ikkje noko anna er fastsett i den nye planen:

> *Ny plan eller statlig eller regional planbestemmelse går ved eventuell motstrid foran eldre plan eller planbestemmelse for samme areal med mindre annet er fastsatt i den nye planen eller statlig eller regional planbestemmelse.*

Ein kan gjennom den nye arealdelen fastsette at eldre/eksisterande reguleringsplanar framleis skal gjelde. I slike område vil ikkje føresegnene i arealdelen vere gjeldande ved søknad om byggjeløyve jf. pbl. 11-6:

> *Der det ikke gjelder eller er stilt krav om reguleringsplan, jf. § 12-1 andre ledd, skal kommuneplanens arealdel følges ved avgjørelse av søknad om tillatelse eller ved forestående av tiltak etter reglene i §§ 20-2 til 20-5.*

Dersom ein legg opp til at det er føresegnene i arealdelen som skal vere styrande må arealbruken i reguleringsplanen visast i plankartet til arealdelen. Dersom det er motstrid mellom reguleringsplanen og den nye arealdelen, vil føresegner og retningslinjer i arealdelen vere styrande. Det vil i arealdelen vere krav om at dei aller fleste utbyggingsreal må inngå i ein reguleringsplan. Der det er stor grad av motstrid mellom arealdelen og ein eldre reguleringsplan bør det settast krav om ny reguleringsplan før nye tiltak kan godkjennast.

Dersom Formannskapet ønskjer at det er føresegnene i arealdelen som skal vere styrande må arealbruken visast i arealdelen sitt plankart med tilhøyrande føresegner knytt til areala. I den grad det er strid mellom den nyare arealdelen og den eldre reguleringsplanen vil det vere føresegnene i arealdelen som byggesaka skal handsamast etter.

Dersom Formannskapet derimot ønskjer at reguleringsplanen for Øvre Rotset framleis skal gjelde må dette fastsettast i arealdelen med føresegn og omsynssone på plankartet(kvit bakgrunn med

horisontal skravur). Det vil då ikkje vere høve til anna handelsetablering enn det som er fastsett i føresegnene til reguleringsplanen(m.a. ikkje daglegvarer, klede og sko). Føresegner og retningslinjer i arealdelen vil ikkje vere styrande.

Kommunen har motteke initiativ om etablering av inntil 3000 m2 detaljhandel på Rotset. Det er pr. i dag reguleringsplanen for Øvre Rotset som fastset kva type handel og i kva omfang dette kan etablerast. Reguleringsplanen opnar for 3000 m2 for detaljhandel, men set grensar for type detaljhandel. Dersom Formannskapet ønskjer å opne for type detaljhandel som det ikkje er opna for i reguleringsplanen må det handsamast som dispensasjon jf. pbl. 19-2, eller som endring av plan jf. pbl. 12-14. Uavhengig av sakstype vil det vere naturleg å ta inn vurderingar i forhold til lokale og regionale føringar. Begge sakstyper har krav om høyring til røyvde partar.

Dei regionale føringane er fastsett gjennom ein vedteke plan(regional delplan for attraktive byar og tettstader). Denne planen vil, etter at kjøpesenterforskrifta ikkje er gjeldande, vere å sjå på som retningslinjer som vil bli lagt til grunn for fylkeskommunen og andre planorgan si handsaming av nye kommuneplanar, reguleringsplanar og andre utbyggingsplanar i fylket. I regional delplan(RDP) for attraktive byar og tettstader er det definert kva som kjem innanfor omgrepet plasskrevjande handel:

> *Med plasskrevjande varer meiner ein bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer samt utsal frå hagesenter og planteskolar.*

Anna handel vil derfor vere å sjå på som detaljhandel.

Samfunnsdelen, arealstrategiane i planprogrammet for arealdelen og strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling» vil vere lokale føringar som ein må vurdere uansett sakstype. I Strategidokumentet er det foreslått å opne for inntil 6000 m2 for detaljhandel innanfor midtre sentrumssone. Dersom det i arealdelen vert fastsett at reguleringsplanen for Øvre Rotset framleis skal gjelde, så vil derimot ikkje arealdelen ha noko mulegheit til å styre arealbruken i dette området. Altså det kan fullt og heilt etablerast verksemder i samsvar med reguleringsplanen. I forhold til strategidokumentet har reguleringsplanen for Øvre Rotset ei noko snevrare ramme for kva varetypar som kan tillatast. I følgje strategidokumentet kan det t.d. etablerast 6000 m2 med daglegvarer innanfor midtre sentrumssone, medan reguleringsplanen for Øvre Rotset ikkje tillet daglegvarer.

Konklusjon

Dersom Formannskapet ønskjer å halde fast på føringane i Samfunnsdelen, arealstrategiane i planprogrammet for arealdelen og strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling» bør arealdelen gå framfor reguleringsplanen for Øvre Rotset, som då ikkje vert fastsett som reguleringsplan som framleis skal gjelde. Det vil då vere føresegnene og retningslinjene i arealdelen som vert styrande for Øvre Rotset i dei tilfelle der det er strid mellom den nye arealdelen og den eldre reguleringsplanen. For å sikre ein meir avklara plansituasjon bør det vere krav om ny reguleringsplan for Øvre Rotset, der ein kan få avklara både kor stor del av detaljhandelen i midtre sentrumssone som kan etablerast på Øvre Rotset, og kva type handel ein ønskjer å tillate i området.

Dersom Formannskapet ønskjer å legge til rette for handelsverksemd i strid med dei signal dei tidlegare har gitt gjennom vedtak av arealstrategiane i planprogrammet for arealdelen og strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling» bør dette først og fremst gjerast gjennom handsaming av arealdelen med føresegner og retningslinjer.

Dette vil kunne ta tid, og dersom formannskapet ynskjer ei lik handsaming av det regulerte næringsområdet på Rotset samanlikna med anna næringsareal i midtre sentrumssone, kan det vurderast å setje i verk ein prosess på endring av reguleringsføresegnene i gjeldande planen vert endra i samsvar med strategidokumentet for sentrumsstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling. Det kan gjerast gjennom reguleringsendring ev dispensasjon.

Med helsing

Heidi Istad
Planleggar

Rune Sjurgard
Rådmann

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2018/1255
		Arkivkode:	144

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
151/18	Formannskapet	16.10.2018

KOMMUNEDELPLAN FOR FYSISK AKTIVITET OG ANLEGG FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ - HØYRING AV FORSLAG TIL PLANPROGRAM OG VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap vedtek å starte opp arbeidet med kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, jf. § 11-1 i plan- og bygningslova. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst 6 veker.

Vedlegg:
Forslag til planprogram for kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Uprenta vedlegg:
Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020.
Samfunnsdelen 2016-2028.
Planprogram for arealdelen.

Saksopplysningar/fakta:
I kommunal planstrategi for Volda kommune, vedteken 2.3.2017, er det fastsett at kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-2018, skal rullerast i 2018.

Kommunedelplanen blei sist revidert i 2014, og planen er gyldig for perioden 2014 - 2018. Det er difor nødvendig å revidere planen og gjennomgå status og behov for anlegga for idrett og fysisk aktivitet. Ein oppdatert plan er føresetnad for å søke om spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet.

For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, jf. § 4-1 i plan- og bygningslova. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, alternativ og behov for utgreiingar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn samstundes med varsel om oppstart av planarbeid.

Vurdering:
Det er utarbeidd forslag til planprogram som skal leggjast ut på høyring i samband med varsling om oppstart av planarbeid.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for Volda kommune sine planar. Volda kommune er ein aktiv kommune i folkehelsearbeid. Målretta arbeid gjennom mange år har truleg samanheng med at Volda gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Volda kommune skal ha eit «frisk-fokus» og meistringsperspektiv i alt vi gjer.

Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld mål og strategiar innanfor åtte fokusområde. Fleire av måla og strategiane har tilknyting til kommunedelplanen som ein no skal rullere.

Attraktivitet	• Alle skal ha tilgang til natur og friluftsliv i kvardagen. • Alle skal ha muligheit til å delta i eitt breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv.
Busetting	• Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attaktive bumiljø. • Styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftsområde.
Volda sentrum	• Volda skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for auka handel og aktivitet. • Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum.

Tema og strategiar frå Samfunnsdelen

Kommunen held på med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Arealdelen skal følgje opp målsettingane og strategiane i Samfunnsdelen. I tabellen nedanfor er det opplista strategiar i arealdelen som er relevante for kommunedelplanen.

Tema	Strategi
Sentrumsutvikling og senterstruktur	• Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjord-gløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
Busetting	• Nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod,og planleggast med gode løysingar for kollektiv-transport, sykkel og gange.
Fritidsbusetnad, setrar og naust	• Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.
Transport og kommunikasjon	• Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster med veg, gate og parkeringsstruktur som gjer det lett å orientere seg, er trygt for alle, og inviterer til å gå og sykle i/til sentrumskjernen. • Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelvegar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge.
Grøntstruktur, friluftsliv og kultur	• Sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda. • Sikre og vidareutvikle grønstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell".

Tema og strategiar frå arealdelen

Volda kommune har med støtte frå Miljødirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomført ei kartlegging av friluftsområda i kommunen. Kartlegginga og verdsetjinga er eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med å sikre friluftsområde, ivareta og utvikle god tilgang på friluftsområde, og ivareta og utvikle god tilrettelegging for friluftsliv. Dokumentet vil vere sentralt i samband med søknad om spelemidlar og sikringsmidlar.

Det vil bli lagt til rette for brei medverknad, slik at lag og organisasjonar, enkeltpersonar og andre interessegrupper kan kome med innspel til planarbeidet.

I planarbeidet vil ein ha fokus på følgjande:

- Gjennomgang av gjeldande plan (hovudmål og delmål). Har kommunen ei klar målsetjing for satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv?
- Gjennomgang av status for eksisterande anlegg i samarbeid med anleggseigar. Er det behov for rehabilitering?
- Vurdering av kortsiktige og langsiktige behov for anlegg og aktivitet. Har kommunen ei målsetjing for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv?
- Oversikt over forventa kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg.
- Handlingsprogram.
- Kart som viser lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv mm.

Kommunen vil ha særskilt fokus på mangfald, friluftsliv og anlegg som skaper sosiale møteplassar for inkludering og integrering.

Framlegg til planprogram skal sendast på høyring og offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova § 11-13. Fristen for å gje innspel skal vere minst seks veker. Det er lagt opp til fastsetting av planprogrammet av kommunestyret i desember 2018.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Høyringsutkast

PLANPROGRAM

KOMMUNEDELPLAN FOR FYSISK AKTIVITET OG ANLEGG FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ

INNHALD

1	INNLEIING	s. 2
1.1	Kva er ein kommunedelplan?	s. 3
1.2	Planprogram	
1.3	Formål med planarbeidet	
2	RAMMER OG FØRINGAR	s. 4
2.1	Nasjonale føringar	
2.2	Regionale føringar	s. 5
2.3	Kommunale føringar	
3	MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT	s. 8
3.1	Organisering	
3.2	Medverknad	
3.3	Framdriftsplan	
4	FOKUS	s. 9

Foto framside: Folkestad, Berit Sandvik Skeide
Foto bakside: Grøthornet, Berit Sandvik Skeide
Foto s. 2. Rotsethornet, Berit Sandvik Skeide

1 INNLEIING

1.1 Kva er ein kommunedelplan?

Om kommuneplan i plan- og bygningslova, § 11-1:
"Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. "

1.2 Planprogram

For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, sjå figur 1.

Om planprogram i plan- og bygningslova, § 4-1:
«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart.»

Planprogrammet si hovudoppgåve er å tydeleggjere kva som skal handsamast i kommuneplanen, avklare kva tema kommuneplanen skal konsentrere seg om og å synleggjere kva kunnskap som er naudsynt for avgjerd om plan. Det er viktig å legge til rette for ein open medverknadsprosess, og sikre god politisk forankring av planen slik at den kan bli eit styrande politisk dokument.

Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet skal fastsettast av kommunestyret.

1.3 Formål med planarbeidet

I kommunal planstrategi for Volda kommune, vedteken 2.3.2017, er det fastsett at kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-2018, skal rullerast i 2018.

Mål for arbeidet er å gjennomføre hovudrullering av kommunedelplan (KDP) for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Hovudrullering inneber full gjennomgang av planen med sakshandsaming etter reglane i plan- og bygningslova.

Kommunen sin visjon, mål og strategiar for idretts- og friluftslivspolitikk skal gå tydeleg fram i kommunedelplanen.

Planen er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. I tillegg vil føringar frå ulike departement og fylkeskommune bli vektlagt.

Planen skal gi grunnlag for å søkja om spelemidlar til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg til friluftsføremål.

Figur 1: Kommuneplanprosessen.

2 RAMMER OG FØRINGAR

Jamfør plan- og bygningslova § 1.1 skal planlegging bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver. Dette kapittelet inneheld nokre av dei viktigaste føringane for planarbeidet.

2.1 Nasjonale føringar

Mål og rammer for den nasjonale politikken blir formidla gjennom stortingsmeldingar, rikpolitiske retningsliner, rundskriv, bestemmelsar for tilskotsordningar m.m.

Nasjonale føringar:

- St.meld.nr. 39 (2006-2007). Frivillighet for alle (Frivillighetsmeldinga)
- St.meld.nr. 16 (2010-2011). Nasjonal helse- og omsorgsplan
- St.meld.nr. 26 (2011-2012). Den norske idrettsmodellen (Idrettsmeldinga)
- St.meld.nr. 19 (2014-2015). Folkehelsemeldingen – mestring og muligheter
- St.meld.nr. 18 (2015-2016). Natur som kilde til helse og livskvalitet (Friluftsmeldinga)
- Fritidserklæringa
- FN sin barnekonvensjon
- #Ungdomshelse
- Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2018 (V-0732 B)
- Veileder. Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (V-0798 B)

Staten har følgjande verkemiddel for å stimulere til utvikling av idrett og fysisk aktivitet, herunder friluftsliv:

- Spelemidlar
- Midlar til friluftsliv
- Miljøtiltak i landbruket
- Statleg sikring av friluftsområder

Figur 2: Framsida til St.melding nr. 18 (2015-2016) - Friluftsmeldinga.

Figur 3: Framsida til Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2018.

2.2 Regionale føringar

Møre og Romsdal fylkeskommune har fleire regionale planar som legg føringar for arbeidet.

Regional planstrategi 2016-2020
I planen vert det gjort greie for kva som er Møre og Romsdal sine viktigaste utfordringar og moglegheiter i åra som framover. Planstrategien tek utgangspunkt i målsetjingar om gode inkluderande lokalsamfunn og byar, breitt kultur- og fritidstilbod, kompetanse, konkurransekraft og nyskaping, gode samferdsleløysingar, gode oppvekst- og levekår og miljømessig berekraft.

I strategien er det prioritert kva som er viktige område for regional samhandling og planlegging i perioden.

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020
Fylkesplanen er ein overordna plan for samfunnsutvikling i fylket. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Planen skal også medverke til godt samarbeid og samhandling i fylket

Fylkeskommunen har gjennom fylkesplanen ansvar for å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga i fylket, mobilisere og støtte dei regionale aktørane i kommunar, regional stat, næringsliv, organisasjonar, FoU-miljø, kulturliv og lokalsamfunn, og samordne verkemiddel og innsats.

Fylkesplanen har tre overordna prioriteringar, tre innsatsområde og tre gjennomgåande perspektiv.

Figur 4: Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 sine prioriteringar.

Dei overordna prioriteringane er område der fylkeskommunen saman med kommunane og andre regionale aktørar er utfordra til å ta grep for å gjere fylket meir attraktivt å bu i, drive næring og besøke. Dei gjennomgåande perspektiva er viktige samfunnsomsyn som fylkeskommunen og kommunane skal vurdere i alle planar og tiltak.

2.3 Kommunale føringar

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for Volda kommune sine planar. Volda er ein aktiv kommune i folkehelsearbeid. Målretta folkehelsearbeid gjennom mange år har truleg samanheng med at Volda gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Volda kommune skal ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028
Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret 26.5.2016.

Planen gir føringar og prioriteringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og for handlingsprogram/ økonomiplan. Planen inneheld mål og strategiar innanfor åtte fokusområde; attraktivitet, busetting, Volda i regionen, Volda sentrum, Folkehelse, klima og miljø, tenester og samfunnstryggleik.

Under er opplista målsettingar i samfunnsdelen som har tilknyting til kommunedelplan for idrett og friluftsliv.

Attraktivitet	• Alle skal ha tilgang til natur og friluftsliv i kvardagen. • Alle skal ha muligheit til å delta i eitt breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv.
Busetting	• Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attaktive bumiljø. • Styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftsområde.
Volda sentrum	• Volda skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for auka handel og aktivitet. • Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum.

Figur 5: Tema og strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommuneplanen sin arealdel
Volda kommune held på med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Planprogrammet for arealdelen vart fastsett av Volda kommunestyre 15.12.2016. Målet er å sende arealdelen ut på høyring hausten 2018.

Arealdelen skal følgje opp målsettingane og strategiane frå samfunnsdelen. Følgjande hovudtema har fokus i arbeidet med arealdelen:

- Sentrumsutvikling og senterstruktur
- Busetting
- Offentlege og allmenne formål
- Fritidsbusetnad, setrar og naust
- Landbruk og næringsliv
- Transport og kommunikasjon
- Grøntstruktur, friluftsliv og kultur

Med utgangspunkt i målsettingane i Samfunnsdelen er det utforma rettleiande arealstrategiar for kvart hovudtema. Dei langsiktige strategiane handlar om kva vi skal gjere/prioritere for å nå målsettingane.

Arealstrategiane fastlegg prinsippa for kommunen si arealforvaltning (kva vi vil prioritere, for å oppnå måla i Samfunnsdelen), og vil vere førande for handsaming av innspel og utlegging av nye areal til utbyggingsføremål.

Under dei ulike hovudtemaene er det utforma arealstrategiar. Til høgre er opplista strategiar som er relevante for denne planen.

Kommunal planstrategi 2016-2020
Planstrategien er ein oversikt over kommunen sine planar og styringsdokument, med ei vurdering og prioritering av kva planarbeid ein skal bruke ressursar på i løpet av fireårs-perioden.

Planstrategien skal reviderast i samband med samanslåing med Hornindal kommune.

Tema	Strategi
Sentrumsutvikling og senterstruktur	• Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjord-gløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
Busetting	• Nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod,og planleggast med gode løysingar for kollektiv-transport, sykkel og gange.
Fritidsbusetnad, setrar og naust	• Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.
Transport og kommunikasjon	• Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster med veg, gate og parkeringsstruktur som gjer det lett å orientere seg, er trygt for alle, og inviterer til å gå og sykle i/til sentrumskjernen. • Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelvegar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge.
Grøntstruktur, friluftsliv og kultur	• Sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda. • Sikre og vidareutvikle grønstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell".

Figur 6: Tema og strategiar frå planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel.

Kartlegging og verdsetjing av friluftsområde i Volda
Volda kommune har med støtte frå Miljødirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomført ei kartlegging av friluftsområda i kommunen. Det er registrert område som i dag vert nytta i samband med ulike friluftsaktivitetar som turgåing, bading, skigåing, leik, fisking, båt/kajakk, sykling, naturoppleving m.m.

Kartlegginga og verdisetjinga vil vere eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med å:

- Sikre friluftsområde i høve til dagens behov og for framtida
- Ivareta og utvikle god tilgang på friluftsområde
- Ivareta og utvikle god tilrettelegging for friluftsliv
- Skape forutsigbar arealplanlegging

Den vil også vere eit godt grunnlag i samband med søknad om spelemidlar og sikringsmidlar.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-2018
Kommunedelplanen vart vedteken i kommunestyret 27.2.2014.

Planen hadde to vedlegg:
- Handlingsprogram 2014-2018
- Retningsliner for merking og skilting i natur og friluftsområde i Volda kommune

Handlingsprogrammet har vore gjenstand for årleg rullering. Planen har følgjande hovudmål:

Sitat:
«Ei god folkehelse gjennom auka fysisk aktivitet, trivsel og livskvalitet:
Volda kommune skal, gjennom ei medviten tilrettelegging for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak, medverke til auka fysisk aktivitet og gjennom dette også auke trivselen og livskvaliteten for alle aldersgrupper i alle delar av kommunen.

Særlege omsyn:
Det er kommunen sitt ansvar å sikre areal til slike føremål. Det bør i planperioden i tillegg til tilrettelegging for dei ordinære idrettsanlegga, leggast særleg vekt på utvikling av nærmiljøtiltak i / ved bustadområda, utvikling av barnehage,- og skuleområda som gode aktivitetsareal som kan stimulere til auka fysisk aktivitet både i barnehagen og skulen sin regi og i fritida.

Utvikling av tur- og badeområde som grunnlag for fremjing av friluftsliv og mosjonsidrett.
Det helsefremjande aspektet ved tilrettelegging av tiltak og utvikling av anlegg skal vektleggast.»

I tillegg er det lista opp 11 delmål (handlingsmål i planen.

Figur 7: Framsida på rapport for Kartlegging og verdisetjing av friluftsområde i Volda kommune.

Figur 8: Framsida på gjeldande kommunedelplan.

3 MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT

3.1 Organisering

Kommunestyret har det overordna ansvaret for kommuneplanarbeidet. Det administrative ansvaret ligg hos rådmannen ved sektor for utvikling.

Planleggar ved Sektor for utvikling skal ha rolla som prosjektleiar. Det vil bli sett ned ei tverrfagleg prosjektgruppe med personar frå plan, kultur, oppvekst, helse, teknisk og folkehelsekoordinator. I tillegg vil talspersonar frå ulike ressursgrupper bli involvert i prosessen (Idrettsråd, Barnerepresentant, Ungdomsråd, Eldreråd og kommunalt råd for funksjonshemma). Formannskapet er politisk styringsgruppe.



Figur 9: Organisering av planarbeidet.

3.2 Medverknad

I samband med høyring av planprogrammet vil det bli lagt til rette for at lag og foreningar, enkeltpersonar og andre interessegrupper kan kome med innspel. Det vil bli lagt ut informasjon på kommunen si heimeside, lag og organisasjonar vil få skriftleg invitasjon til å delta, og det vil bli arrangert ope møte.

I forbindelse med utarbeiding av planforslag, vil det bli arrangert arbeidsmøte med prosjektgruppa. I arbeidsmøta vil ein invitere ressurspersonar frå ulike grupper. I perioden med høyring, vil det bli halde møte med ulike lag, organisasjonar og råd. Heimesida vil også bli nytta i samband med høyring

3.3 Framdriftsplan

Tidspunkt	Aktivitet
Okt. 2018	Sak i formannskapet. Vedtak om offentleg ettersyn og høyring av planprogram
Okt.-nov 2018	Offentleg ettersyn og høyring av planprogram (6 veker)
Des. 2018	Fastsettting av planprogram
Jan.2019	Gjennomgang av innspel
Feb.- mar. 2019	Utarbeiding av forslag til plan
Mar.2019	Handsaming av forslag og utlegging til offentleg ettersyn
Apr-mai 2019	Offentleg ettersyn
Mai.-jun.2019	Gjennomgang og vurdering av merknader
Juli 2019	Omarbeiding av plan
Aug.-sept. 2019	Godkjenning av plan

4 FOKUS

Undersøkingar blant ungdom har vist at dei mest brukte anlegga for aldersgruppa er skianlegg, idrettshallar, gang- og sykkelvegar, turløyper, fotballanlegg, symjehallar og symjebasseng.

Dei same undersøkingane viser til at ungdom saknar anlegg som legg til rette for uorganisert og eigenorganisert aktivitet eller kor det er låg terskel for deltaking og stort sosialt fokus.

I planarbeidet vil ein ha fokus på følgjande:

- Gjennomgang av gjeldande plan (hovudmål og delmål). Har kommunen ei klar målsetjing for satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv ?
- Gjennomgang av status for eksisterande anlegg i samarbeid med anleggseigar. Behov for rehabilitering?
- Vurdering av kortsiktige og langsiktige behov for anlegg og aktivitet. Har kommunen ei målsetjing for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv ?
- Oversikt over forventa kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg.
- Handlingsprogram.
- Kart som viser lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv mm.

Kommunen vil særskilt ha fokus på mangfald, friluftsliv og anlegg som skaper sosiale møteplassar for inkludering og integrering.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: +47 70 05 87 00

VOLDA KOMMUNE

ORIENTERINGSSAK

Frå: Utvikling

Sak: Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2018

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd / Sakshandsamar*	*Dato*
2018/1255	*12814/2018*	*144*	*UTV/BERSKE*	*18.09.2018*

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv - oppstart av planarbeid
I kommunal planstrategi for Volda kommune, vedteken 2.3.2017, er det fastsett at kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-2018, skal rullerast i 2018.

Kommunedelplanen blei sist revidert i 2014, og planen var gyldig for perioden 2014 - 2018. Det er difor nødvendig å revidere planen og gjennomgå status og behov for anlegga for idrett og fysisk aktivitet. Ein oppdatert plan er føresetnad for å søke om spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet.

Mål
Mål for arbeidet er å gjennomføre hovudrullering av kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Kommunen sin visjon, mål og strategiar for idretts- og friluftslivspolitikk skal gå tydeleg fram i kommunedelplanen.

Organisering
Planleggar ved Sektor for utvikling skal ha rolla som prosjektleiar. Det vil bli sett ned ei tverrfagleg prosjektgruppe med personar frå plan, kultur, oppvekst, helse, teknisk, folkehelsekoordinator, barnerepresentant og idrettsrådet, som har ansvar for å utarbeide forslag til plan. Formannskapet skal vere politisk styringsgruppe for planarbeidet.

Framdriftsplan
Hovudrullering inneber full gjennomgang av planen med sakshandsaming etter reglane i plan- og bygningslova. Ein ser føre seg slik framdrift av planarbeidet:

Tidspunkt	Aktivitet
September 2018	Orientering i formannskapet
Oktober 2018	Utarbeiding av forslag til planprogram
November - desember 2018	Offentleg ettersyn og høyring av planprogram
Desember 2018	Fastsetjing av planprogram
Januar 2019	Gjennomgang av innspel
Februar – mars 2019	Utarbeiding av forslag til plan
Mars 2019	Handsaming av forslag og utlegging til offentleg ettersyn
April – mai 2019	Offentleg ettersyn
Mai – juni 2019	Gjennomgang og vurdering av merknader
Juli 2010	Omarbeiding av plan
August – september 2019	Godkjenning av plan

Medverknad
Det vil bli lagt til rette for brei medverknad, slik at lag og organisasjonar, enkeltpersonar og andre interessegrupper kan kome med innspel til planarbeidet.

Vedlagt følgjer planstatus for planar etter plan- og bygningslova, jf. kommunal planstrategi.

Planstatus i høve til kommunal planstrategi for planar etter plan- og bygningslova

Tabellen nedanfor viser status for planar etter plan- og bygningslova.

Kort oppsummert, så har ein ferdigstilt/avslutta fire planar, det er varsla oppstart for to planar, ein har planar om oppstart av tre planar hausten 2018, to planar skal ut på høyring hausten 2018, og ein har 13 planar som ikkje er oppstarta.



Overordna planar	Ansvar	Status
Heilskapleg ROS	Utvikling/plan	Oppstart hausten 2018
Samfunnssikkerhet og beredskap	Rådmannen	Ventar på revisjon av heilskapleg ROS
Kommuneplan		
Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta. Ny samfunnsdel bør utarb. i samb. med kommunesamanslåing. Ikkje oppstarta
Kommuneplanens samla arealdel	Utvikling/plan	Høyring hausten 2018
Kommunedelplanar - areal		
Kryssing av Voldsfjorden	Utvikling/plan	Planprogram er vedteke. Uavklara vidare prosess. Prioritering ?
Mork og Furene / Hovdebygda	Utvikling/plan i samarb. med Ørsta kommune	Ikkje oppstarta
Krøvelseidet	Utvikling/plan i samarbeid med Ørsta kommune	Ikkje oppstarta
Kommunedelplanar - tema		
Kystsoneplan	Utvikling/plan	Inngår i arealdelen
Trafikktryggingsplan	Utvikling/plan	Høyring hausten 2018
Klimaplan	Utvikling/plan	Oppstart hausten 2018
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Utvikling/plan	Oppstart hausten 2018
Vatn og avløp	Teknisk	Ferdig. Avslutta
Veg	Teknisk	Ikkje oppstarta.
Reguleringsplanar		
Turveg Rotevatnet	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Urbakkfoten	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Lisjenakkevegen – Solhøgda	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Del av Kleppevegen	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Sevrinhaugen-Kleppevegen	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Røyslida-Smalebakken	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny barnehage i sentrum	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ungdomsskulen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Sentralreinseanlegg	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Vassverk	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny plan for sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Torvmyrvegen med tilgrensande areal	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik veg, Skjervavegen mm.)	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Campusområdet	Utvikling/plan	Vedtatt plan for VCA Mediabygget er det ikkje plankrav for

17.9.2018. Berit Sandvik Skeide

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/148
		Arkivkode:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
152/18	Formannskapet	16.10.2018

SYMFONIORKESTERET VED HØGSKULEN - SØKNAD OM KONSERTTILSKOT

Administrasjonen si tilråding:
Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:
Søknad om konsertstønad v. Marita T. Voldnes, styreleiar

Saksopplysningar/fakta:
Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda skal ha konsert 27. og 28. oktober «Symfoniorkester i full breidde», der det vil bli framført musikk av blant anna Mozart, Fartein Valen og Aram Khatshaturjan. Bert Handrick skal vere dirigent.

Symfoniorkesteret ber om at Volda kommune vil vere med å dekke nokre av utgiftene dei har i forbindelse med dette prosjektet.
Symfoniorkesteret ber også om at kommunen sponsar dei komande prosjekta og konsertane i 2019, og at det blir sett av øyremerka midlar til orkesteret.

Disponibel restramme på formannskapet sin reservepost er kr. 24.800 kr.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Symfoniorkesteret v. Marita t. Voldnes

Marita Therese Voldnes
Dekkevegen, 28
6083 Gjerdsvika
Mob.: 992 51 417
Styreleiar i Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda

Volda kommune
Jørgen Amdam
Ordførar

Søknad om konsertstønad

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda ynskjer å vere eit kraftsenter i kulturlivet på Sunnmøre og omegn og har som føremål å framføre musikk på eit høgt kunstnerisk nivå og formidle kunst og kulturhistorie til folket i regionen, løfte fram, gjere aktuell og utvikle den allmenne interessa for kulturskatten vi har i klassisk symfoniorkestermusikk - Både regionalt og nasjonalt.

Symfoniorkesteret som ber same namn som Høgskulen i Volda, tel omlag 50 musikarar, og er eit semiprofesjonelt symfoniorkester, med ei samansetjing av studentar frå høgskulen og vidaregåande skule, innleigde profesjonelle musikarar på instrument som harpe, fagott og obo og dei beste lokale amatørmusikarane i Volda og Ørsta og omegn. Å få vere med å spele saman med ei slik fin blanding av amatører og proffe, har stor verdi for oss. Dei proffe musikarane og dei svært dyktige amatørmusikarane deler av sin kunnskap og ferdigheiter, rettleier og hjelper oss. Slik løfter vi oss opp som orkester, i lag. Å kome på øving og skape musikk i lag, møte venner og kjende kvar veke er gull verdt og har stor verdi for den einskilde i orkesteret. Det har mykje å seie for vår livskvalitet og sjølvkjensle. Mest av alt er det beste å dele våre konsertar med publikum og glede dykk med fantastisk musikk.

Orkesteret har per dags dato ein årleg aktivitet på 5-6 konserter årleg, med 12-konsert, haustkonsert, julekonsert, nyttårskonsert, vårkonsert og 17. maikonsert. Vi har som mål å produsere og presentere orkestermusikk innanfor eit breidt spekter av kunstuttrykk. Vi har i 2018 gjort spanande prosjekt med lokale solistar som Pål Aam og Dirigent Miki Campins, pianist Olav Egge Brandal og vår internasjonale dirigent Bjarte Engeset, og vi har spele moderne musikk i atonalt tonespråk av vår eigen lokale og internasjonale komponist Magnar Åm. Til haustkonserten vår får vi besøk av ein profesjonell spansk blåsekvintett, Tosca Ensemble. Denne konserten vert dirigert av Bert Handrick. I 2019 får vi besøk av Annar Follesø som skal vere solist på Ole Bull sin fiolinkonsert nr 1 og i januar 2020 set orkesteret opp Nøtteknekkaren, saman med Ørsta-Volda ballettskule på operaen i Nordfjordeid. Dette er konsertar og førestillingar med stort satsingområde der vi er svært avhengig av stønad frå dykk, men òg det lokale næringslivet.

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda, er ein sjølvstendig organisasjon, og styret i orkesteret jobbar jamnleg med å skaffe midlar til orkesteret slik at orkesteret kan fortsette det viktige arbeidet som formidlar av ei stor og fantastisk kulturskatt og gi publikum store musikalske augeblikk i kvardagen. Det er viktig, og som vi òg veit har ein helseframbringande effekt.

Orkesteret har ingen fast musikalsk leiar og/eller dirigent, men har vorte dirigert av musikkprofessorar og lektorar ved musikkavdelinga ved høgskulen i Volda. Ved særskilte høve, som ved sjukmelding får orkesteret høve til å leige inn eksterne dirigentar. Det er Bert Handrick som skal dirigere orkesteret på vår neste konsert. 27. og 28. oktober 2018: "Symfoniorkester i full breidde". Saman med fire medlemmar i blåsekvintetten skal orkesteret spele W.A. Mozart Sinfonia Concertante i ess-dur. Orkesteret skal òg framføre musikk av Fartein Valen: La Isla de las calmas, (Stillhetens øy) og 3. sats av Aram Khatsjaturjan sin fløytekonsert. Solist er Andrea Costa frå kvintetten. I tillegg vil Høgskulekoret synge Pjotr I. Tsjaikovskij: Hymn of the Cherubim og den vakre Gabriel Fauré: Pavane saman med orkesteret.

Å spele musikk i lag og dele den med folket, er noko av det viktigaste og lokale frivillige arbeidet vi gjer i samfunnet vårt. Vi håper Volda kommune vil vere vår sponsor på vår neste konsert og hjelpe oss å dekkje nokon av utgiftene vi har på dette prosjektet. Orkesteret håper òg Volda kommune vil vere vår sponsor på våre komande prosjekt og konsertar i 2019 og øyremerke satsingsmidlar til orkesteret, slik vi kan fortsette dette viktige arbeidet og skape store musikalske opplevingar på eit høgt musikalsk nivå. Det er nettopp det, dette handlar om. Å få moglegheit til å skape augeblikk som utvikler oss som menneske. Takk!

Med venleg helsing

Marita T. Voldnes

Styreleiar i symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda

Budsjett for konserten 27. og 28. oktober 2018
Propellhallen kl 19:00

		Utgifter	Sponsormidlar
Annonsering	Tussa, sponser i 7. stjerna		10 000
Leige av Propellhallen		8000	
Musikarhonorar		25000	
Reiseutgifter		18000	
Dirigenthonorar	Dekt av Høgskulen		25000
Kulturmidlar frå fylket			8000
Andre utgifter	Noteleige, blomar	5000	
I alt		**56000**	**43000**

PS 153/18 Orienteringssaker

VOLDA KOMMUNE

ORIENTERINGSSAK

Rådmann
Frå: Teknisk sektor

Sak: NOTAT OM REKRUTTERING AV PLANLEGGJAR OG BYGGJELEIAR

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd / Sakshandsamar*	*Dato*
2018/1911	*13913/2018*		*KTA/RUNTOT*	*09.10.2018*

NOTAT OM REKRUTTERING AV PLANLEGGJAR OG BYGGJELEIAR

Utvalsaksnr	**Utval**	**Møtedato**
	FSK	16.10.2018

Søkjarmasse og kvalitet:

Erfaringsvis vil ein få fleire søkjarar med høgare kompetanse og lengre erfaring ved utlysing av fast stilling enn ved utlysing av eit vikariat. I prosessen kommunesamanslåing, revisjon av arealdelen til kommuneplan og store utbyggingsprosjekt nært førestående, er vi pressa på tid grunna mange ekstra arbeidsoppgåver. Ved å få inn ein erfaren planleggjar og prosjektleiar kan denne personen starte å produsere kort tid etter tiltreding. Ein utan nokon særleg erfaring vil krevje meir oppfølging og opplæring i ein startfase. Viss det i tillegg er i eit kort vikariat vil dette ikkje vere lønsamt.

Store planleggingsoppgåver no og framover:

Jamfør sist vedteke planstrategi er det ei forventing om oppstart og revisjon av mange planar framover. Vedlagt status oversikt viser at det er utfordrande og følgje planlagt framdrift i planstrategien. Det er i tillegg kome inn ønskjer om nye planar etter at planstrategien vart vedteke. Noko kan løysast ved kjøp av konsulenttenester, men vår erfaring er at dette uansett krev mykje og tett oppfølging.

Vi har i dag 3 prosjektleiarar som er dedisert til store byggeprosjekt i eigedomsavdelinga. Av desse tre er ei langtidssjukemeldt, ei har sagt opp og ei er i full drift. Vedkommande som har sagt opp er tilsett i eit 3 års engasjement. Med dei viktige førestående byggeprosjekta treng vi kontinuitet i prosjektleiarstaben, og der er alltid større risiko for at engasjement tilsette får fast jobb ein annan stad og sluttar før avtaletida er ute. Vi kan leige inn ressursar for a ta toppane, men kontinuitet som byggherre kan ikkje innleigast eller tilsetjast i kortidskontrakt. Det er svært store utbyggingsprosjekt som er under planlegging, som t.d Volda ungdomskule, Volda Campus Arena, Symjehall, kino/kulturhus og sentrumsbarnehage. Budsjett- og økonomiplanhandsaminga vil avklare kva av desse prosjekta som skal prioriterast, men ut frå politiske føringar i enkeltsaker og gjeldande økonomiplan er det tydeleg at det vert behov for å auke kapasiteten for oppfølging av byggje- og anleggsprosjekt. I første omgang må vi sikre kontinuitet ved å tilsetje i fast stilling der vi har ledig vikariat i engasjement. Når vi ser omfanget og framdriftsplan for samla investeringar i komande økonomiplanperiode, må vi sikre å dimensjonere kapasiteten på prosjekt- og byggjeleiing for å greie å gjennomføre prosjekta. Dette kan vere ein kombinasjon av styrka bemanning og innleige av eksterne ressursar.

- **Kompetanseutveksling:**
  Vi opplever at mange ny-tilsette føler at dei må starte litt på nytt og finne ut av ting sjølve grunna at det er liten eller ingen overlapping med sin forgjengar. Viss ein tilsett nokon no vil ein få ein god kompetanseutveksling og viss det tillegg er i ei fast stilling vil ein da halde på denne kompetansen vidare. Ved kjøp av konsulenttenester vil ein få jobben raskt gjort, men sjølvsagt da ikkje halde på denne kompetansen.

- **Økonomi**
  Det er ein risiko for overkapasitet viss ein vel å tilsetje ein i fast stilling der det berre er dekning på budsjettet for ca eit års vikariat. I sektorane for Utvikling og Teknisk er det fleire som nærmar seg pensjonsalder dei næraste 1-5 åra, vi kan då fortløpande vurdere behov for kapasitet og styre ned ressurstilgangen ved naturleg avgang, dersom behov for tilsette avtar etter dei store prosjekta er ferdigstilt. Etter kommunesamanslåinga vil det vere fleire i den nye organisasjonen innanfor tenesteområdet som oppnår pensjonsalder.

  Det er som nemnt mange fordelar med fast tilsetting i staden for vikariat eller kjøp av konsulenttenester så ein bør kanskje ta denne risikoen uansett. Midlertidige tilsette kan berre nyttast til konkrete prosjekt og ikkje til tilfeldige driftsoppgåver. Fast tilsette med primæroppgåver inn mot investeringsprosjekt kan nyttast meir fleksibelt etter kvart som arbeidsoppgåver endrar seg. I tillegg har mange investeringsprosjekt nær tilknytning til drift, slik at der fort vert gråsoner for kva ein midlertidig tilsett kan arbeide med.

  Konklusjon

  For å sikre kompetanse og kontinuitet innanfor byggjeleiing og planlegging vert ledig engasjement som prosjektleiar og vikar for planleggjar lyst ut som faste stillingar. Formannskapet vert orientert om dette for politisk forankring.

  Vedlegg:
  Notat om status planstrategi

Planstatus i høve til kommunal planstrategi for planar etter plan- og bygningslova

Tabellen nedanfor viser status for planar etter plan- og bygningslova.

Kort oppsummert, så har ein ferdigstilt/avslutta fire planar, det er varsla oppstart for to planar, ein har planar om oppstart av tre planar hausten 2018, to planar skal ut på høyring hausten 2018, og ein har 13 planar som ikkje er oppstarta.



Overordna planar	Ansvar	Status
Heilskapleg ROS	Utvikling/plan	Oppstart hausten 2018
Samfunnssikkerhet og beredskap	Rådmannen	Ventar på revisjon av heilskapleg ROS
Kommuneplan		
Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta. Ny samfunnsdel bør utarb. i samb. med kommunesamanslåing. Ikkje oppstarta
Kommuneplanens samla arealdel	Utvikling/plan	Høyring hausten 2018
Kommunedelplanar - areal		
Kryssing av Voldsfjorden	Utvikling/plan	Planprogram er vedteke. Uavklara vidare prosess. Prioritering ?
Mork og Furene / Hovdebygda	Utvikling/plan i samarb. med Ørsta kommune	Ikkje oppstarta
Krøvelseidet	Utvikling/plan i samarbeid med Ørsta kommune	Ikkje oppstarta
Kommunedelplanar - tema		
Kystsoneplan	Utvikling/plan	Inngår i arealdelen
Trafikktryggingsplan	Utvikling/plan	Høyring hausten 2018
Klimaplan	Utvikling/plan	Oppstart hausten 2018
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Utvikling/plan	Oppstart hausten 2018
Vatn og avløp	Teknisk	Ferdig. Avslutta
Veg	Teknisk	Ikkje oppstarta.
Reguleringsplanar		
Turveg Rotevatnet	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Urbakkfoten	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Lisjenakkevegen – Solhøgda	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Del av Kleppevegen	Utvikling/plan	Varsla oppstart
Sevrinhaugen-Kleppevegen	Utvikling/plan	Ferdig. Avslutta
Røyslida-Smalebakken	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny barnehage i sentrum	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ungdomsskulen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Sentralreinseanlegg	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Vassverk	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Ny plan for sentrumskjernen	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Torvmyrvegen med tilgrensande areal	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik veg, Skjervavegen mm.)	Utvikling/plan	Ikkje oppstarta
Campusområdet	Utvikling/plan	Vedtatt plan for VCA Mediabygget er det ikkje plankrav for

17.9.2018. Berit Sandvik Skeide

VOLDA KOMMUNE
Eigedomsavdelinga

NOTAT

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd / Sakshandsamar*	*Dato*
2014/1705	*13641/2018*	*S02*	*EIG/SIRSOL*	*03.10.2018*

SAMFUNNSHUSET - AMFI

Under synfaring på Samfunnshuset er det avdekt to vesentleg manglar/feil med amfiet i kinosalen som kan føre til vesentleg fare for personsikkerheita og bruken. Manglane/feila er skildra under:

- Kjøremekanismen på amfiet er slitt og delvis øydelagt. Mekanismen er i ei slik forfatning at den kan slutte å fungere når som helst, og amfiet kan ikkje køyrast utan vesentleg fare for at mekanismen blir øydelagd. Køyremekanismen krev utbytting før det er forsvarleg å ta den i bruk.
- Rekkverk på amfiet er ikkje iht. gjeldane krav og lover, og det er vesentleg fare for fallskader. Amfiet kan ikkje brukast før rekkverket stettar dagens krav.

Iht. TEK17 skal rekkverk ha ei minimum høgde på 0,9m over trinnhøgda og maks opning i rekkverket på 0,1m. Rekkverket skal også vere utforma slik at born ikkje kan klatre på rekkverket. Rekkverket som er montert på amfiet i dag, har opningar som utgjer stor fare for at eit barn kan klatre over eller falle gjennom rekkverket. Fallhøgda frå høgaste punkt på amfiet er på ca. 3m og det er dermed stor fare for vesentlege personskader ved fall.

I etterkant av synfaringa er det utført akutt utbetring av rekkverket ved å montere nytt fleksibelt rekkverk som er festa i opphaveleg rekkverk. På denne måten hindrar ein born i å klatre på rekkverket, samt at ein reduserer opningane i rekkverket slik at dei er innanfor krava i TEK17. Utbetringa er gjort med tanke på å kunne nytte amfiet, men det gjer at det ikkje er mogleg å køyre amfiet utan at det nye rekkverket fjernast.

Dersom ein skulle køyre amfiet på noverandre tidspunkt, er det vurdert til å vere stor fare for at køyremekanismen blir øydelagt midt i prosessen, og i verste tilfelle kan ein stå igjen med eit amfi som ikkje er fullt samanslått, men som heller ikkje kan brukast då ein ikkje kan køyre det ut. Dersom dette skulle skje, er det, blant anna, ikkje mogleg med kinodrift i salen.

For at amfiet skal kunne brukast som eit skyvbart amfi, må rekkverket bytast ut og det må investerast i ny køyremekanisme. På grunn av den generelle tilstanden på amfiet, vil det vere lite hensiktsmessig å utføre kostbare endringar på amfiet utan å vurdere dette opp mot investering i nytt amfi. I samråd med byggenemda er det vurdert at ei slik vurdering og investering skal avventast til den pågåande saka om nytt kulturhus er behandla og avklart. Fram til dette blir køyremekanismen på amfiet stengt av, og amfiet blir ståande i permanent utslått stilling som eit fast amfi.

Vedlagt ligg bilete som viser køyremekanismen og utbetringa som er gjort av rekkverket.







Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no] Sendt: 09.10.2018 16:40:17 Til: Sonja Håvik Kopi: Svein Berg-Rusten; Kari Mette Sundgot Tittel: VS: Nyheter fra Helseplattformen

Ber om at e-posten frå Helse Midt vert vidaresendt som orienteringssak for THO og FSK.

Rune Sjurgard
Rådmann
Rådmann
Mobil 90053752
www.volda.kommune.no

Fra: Nilssen, Andreas Berg <Andreas.Berg.Nilssen@helse-midt.no> **På vegne av** Programkontor Helseplattformen
Sendt: tysdag 9. oktober 2018 16:04
Emne: Nyheter fra Helseplattformen

Som mange har fått med seg er Helseplattformen mye omtalt i forbindelse med forslaget til statsbudsjett.
575 millioner kroner er foreslått bevilget for 2019, hvorav et lån på 465 millioner kroner som skal dekke 70% av investeringskostnaden til spesialisthelsetjenesten, og en tilskuddsordning som skal dekke investeringskostnaden for kommuner og fastleger, satt til 110 millioner for 2019. Tilskuddet skal betales tilbake med renter av kommuner og fastleger etter hvert som de tar i bruk løsningen. Alle kommuner i Midt-Norge har signert opsjonsavtale med Helseplattformen, og fastleger får også tilbud om opsjoner.
Hvis dette blir vedtatt, er det første gang helsesektoren får lånefinansiering for et IKT-prosjekt. Det vil også gjøre det enklere og tryggere for kommuner og fastleger å ta Helseplattformen i bruk.
Både adm.dir i Helse Midt-Norge Stig Slørdahl og kommunaldirektør Helge Garåsen i Trondheim kommune har uttrykt stor glede over forslaget.
Nederst i denne e-posten finner du lenker til det Helse Midt-Norge og Helseplattformen har skrevet om dette på sine nettsider.
Ønsker du å abonnere på nyhetsbrev fra Helseplattformen finner du mer informasjon om dette her.
Vi publiserer oppdateringer om programmet fortløpende på www.helseplattformen.no.

Les mer om finansiering av Helseplattformen
Les om reaksjonene fra Helge Garåsen og Torbjørg Vanvik

Med vennlig hilsen

Sigrun Berge Engen
Kommunikasjonssjef
Helseplattformen
Helse Midt-Norge RHF

+47 986 28 811
sigrun.engen@helse-midt.no
www.helseplattformen.no

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Formannskapet

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2014/979	12903/2018	614	SVK/ BENTKRO	18.09.2018

MELDING OM POLITISK VEDTAK - KARTLEGGING UNGDOMSKLUBB-UNGDOMSARBEID

Vi melder med dette frå at tenesteutval for oppvekst og kultur den 12.09.2018, hadde føre ovannemnde som sak 30/18, der det vart gjort slikt vedtak:

Rapport om ungdomsaktivitet vart teken til vitende.

Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) meiner at rapporten om ungdomsaktivitet utarbeida av klubbleiar viser at det utan tvil er behov for ein ungdomsklubb i Volda. TOK sender saken vidare til formannskapet for handsaming med oppmoding om å finne rom for ungdomsklubb i budsjett 2019.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel
konsulent
Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til Ungdomsrådet

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058887
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

Handsaming:
Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) meiner at rapporten om ungdomsaktivitet utarbeida av klubbleiar viser at det utan tvil er behov for ein ungdomsklubb i Volda. TOK sender saken vidare til formannskapet for handsaming med oppmoding om å finne rom for ungdomsklubb i budsjett 2019.

Røysting:
Seks røysteføre.
Rapporten vart samrøystes teken til vitende.
Framlegget frå TOK vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 12.09.2018

Rapport om ungdomsaktivitet vart teken til vitende.

Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) meiner at rapporten om ungdomsaktivitet utarbeida av klubbleiar viser at det utan tvil er behov for ein ungdomsklubb i Volda. TOK sender saken vidare til formannskapet for handsaming med oppmoding om å finne rom for ungdomsklubb i budsjett 2019.

Vedleggsliste:
Rapport: Ungdomsklubb - ungdomsarbeid

Samandrag av saka:
Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) ga i mars 2018 administrasjonen i mandat å gjennomføre ei brei kartlegging av ungdom sitt behov/ynskje for tiltak og aktiviteter – inkludert tiltak som det kan vere aktuelt å legge til ein ungdomsklubb. Klubbleiar fekk i oppdrag å samarbeide med ulike ressursgrupper/fagmiljø for å arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eiga lokale til ungdomsklubb.
Når kartlegginga/gjennomgangen av tiltak retta mot ungdom er gjennomført, skal kommunestyret kom tilbake til finansiering og rammer for ungdomstilbodet (jf. KST sak 146/17).
Saka går no først attende til TOK som ga mandatet for å drøfte rapporten og ev kome med vidare signal til tiltak opp mot budsjett- og økonomiplan.

Saksopplysningar/fakta:
I 2015 blei ungdomsklubben flytta frå Telehuset til Salongen (2. etg. på samfunnshuset). Klubben blei drifta her fram til mai 2017 då renoveringa av samfunnshuset starta. Oppslutninga rundt ungdomsklubben var låg dei siste åra den var i drift.
Kartlegginga er gjennomført gjennom kontakt med elevråda ved ungdomskulane og den vidaregåande skulen i Volda, i tillegg til at ungdomsrådet, deltakarar på UKM og Band Camp, ungdom på klubbkveldar og via sosiale plattformar og fagpersonar fått uttale seg. Som

grunnlag for rapporten er det blant brukt data frå UngData-undersøkinga og folkehelseprosjektrapporten «Saman for barn og unge i Volda».

Vurdering og konklusjon:
Tala frå UngData visar at det fleire uromoment å ta tak i med tanke på å nå framtidsvisjonen frå Volda sin samfunnsplan retta mot barn og unge. Med ein stad og ein møteplass der ein kan jobbe målretta i samarbeid med andre instansar – og ungdommen sjølv – for å skape eit betre ungdomsmiljø i bygda, vil kunne ha stor effekt.
Ut frå utsegna til fagpersonane og ungdomen kan ein trekke konklusjonen at det både er *behov for og ønske om* eit eigna klubbhus for ungdom i Volda, der ungdomen sjølv får vere med å bestemme/utforme lokala. Ungdomen ynskjer ein plass der dei kan halde på med fleire aktivitetar, dyrke ulike interesser og ha sosialt samvær med ungdom på deira alder.
Fagpanelet ser at ungdommen treng ein plass der dei har moglegheit til å lære på eigne premissar. Både fagpanel og ungdomen seier at det er viktig at det er eit fast tilbod – på ein fast arena, slik at ungdomen veit *kvar* dei skal gå og *når* dei kan gå dit. Lokalet bør vere så geografisk lett tilgjengeleg som mogleg. Ein ungdomsklubb/fritidsklubb vil ansvarleggjere ungdom på ein heilt anna måte enn «pop-up» tilboda gjer, fordi ungdomen sjølv er ansvarleg for å planlegge og arrangere det som skjer på «klubben». Arrangement og tiltak av meir kortvarig art som er retta mot ungdomsgruppa kan vere med å auke bredda i ungdomstilbodet – men kan ikkje erstatte ein fast tilhaldsstad.
Det har vore gjennomført ei rekke ulike tiltak/arrangement i påvente av eigna klubblokale: Band Camp 2018, UKM (ungdomens kulturmønstring), temakveldar på biblioteket («Prat om») er i startgropa, i tillegg til at klubbleiar har starta eit samarbeid med Volda ungdomsskule, og at klubbleiar har dialog med nokre av dei frivillige laga i Volda for å skape eit heilskapleg ungdomstilbod – for å nemne nokre av dei tiltaka som har starta.
Byggjenemnda har fått i oppdrag å leggje fram eit forprosjekt for kulturhus der m.a bibliotek og ungdomsklubb er ein del av mandatet. Dei presenterte skisser til prosjektet i ope møte i slutten av august. Der var representantar frå ungdomen til stades og uttrykte interesse for planane som vart presentert for ungdomsklubblokale, samt at ungdomsklubben bør liggje i sentrum. Byggjenemnda skal presentere planane for kulturhusprosjektet for formannskapet 18. september.
Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. I samfunnsplanen er det mellom anna fokusert kor viktig det er å forebygge mobbing, rus og psykiske problem. Ein av Volda sine framtidsvisjonar er at «*Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer*».
Aktuelle problemstillingar som bør drøftast politisk som innspel til budsjett og økonomiplan:

Kulturhusplanane og ungdomsklubb integrert i desse som framtidig løysing

Korleis gi tilbod om ungdomsklubb til ein har ei framtidig løysing? Bør ein ta med representantar for ungdomen og drøfte konkrete lokale og korleis desse bør utstyrast?

Kan ungdomen ev tenkje seg at ein i ein mellombels periode kan ha felles ungdomsklubb med Ørsta (i Ørsta) der Volda kommune betaler bussbillett tur/retur?

Kva økonomisk ramme ser ein for seg årleg i leige og drift? Ser ein for seg kreative og nytenkjande idear der ein får til god ressursutnytting?

Økonomiske konsekvensar:

Vert å avklare i samband med budsjett og økonomiplan.

UNGDOMSKLUBB - UNGDOMSARBEID

Tenesteutval for oppvekst og kultur ga i møte 7. mars 2018 administrasjonen følgjande mandat (TOK-sak 13/18):

1. Mandat: Administrasjonen får følgjande mandat:

- *Gjennomføre ei brei kartlegging av ungdom sitt behov/ynskje for ulike tiltak og aktivitetar, inkludert aktivitetar som ungdom meiner det er aktuelt å legge til ein ungdomsklubb.*
- *Gjennom samarbeid med ulike ressursgrupper/fagmiljø arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eigna ungdomsklubblokale.*

Prosess: Involvere ungdomsråd, ungdom i kommunen og fagpersonar som arbeider med ungdomsgruppa for å få kartlagt deira behov og synspunkt på det kommunale tilbodet retta mot ungdom.

Tidsplan: Kartlegginga skal starte opp snarast og vere avslutta innan 3 månader, og Tenesteutval for oppvekst og kultur skal få saka til handsaming så snart som råd etter ferien 2018

2. I påvente av og parallelt med prosess i punkt 1, vert det starta førebels treffpunkt for unge i salongen.

Bakgrunn

UngData, folkehelseprosjektrapporten «*Saman for barn og unge i Volda*», opplysningar frå www.allemed.no og desse to dokumenta frå Ungdom & Fritid – «*Kommunal veileder – i arbeidet med fritidsklubber og ungdomshus*» og «*Kvalitetskriterier for fritidsklubber og ungdomshus*» – er også brukt i denne rapporten.

I samfunnsdelen av kommuneplanen til Volda kommune er «folkehelse» godt omtala.
Fokus framover i høve samfunnsplanen er mellom anna:
Låg terskel for å førebygge

- Mobbing
- Psykisk helse
- Rus

Og visjonen for framtida er:
«Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer»

I tala frå UngData[1] i 2013 vart einsemd, angst, rus og livstilsjukdomar, samt at særleg unge jenter slit med si psykiske helse, trekt fram som hovudutfordringar.

I UngData-presentasjonen for 2017 vart desse uromomenta trekt fram:
Einsemd, depressive symptom, rus, mobbing, låg tru på framtida, ungdommen er mindre fornøgd med skulen sin og framleis er unge jenter si psykiske helse eit uromoment.

[1] Helsedirektoratet finansierar UngData-undersøkinga. NOVA – Velferdsforskingsinstituttet ved høgskulen i Oslo og Akershus handsamar alle data og genererer rapportane.
Svarprosenten frå Ungdata er høg på ungdomstrinnet i Volda i forhold til landet elles (90% versus 80,4%). På dei vidaregåande trinna ligg Volda på 63%, medan det på landsbasis var 64,6% som svarte.

Frå UngData-presentasjonen for Volda kommune



Tala frå UngData 2017 viser at ungdommen ikkje er nøgd med møtestadene for ungdom her i bygda. I heile Noreg er berre 50% av ungdommen nøgde med treffpunkt for ungdom på sin heimstad. Til Samanlikning er 57% av Ørsta si ungdomsgruppe nøgde. I Volda derimot, er talet så lavt som 35%.

Volda ligg også under landsgjennomsnittet med sine prosentandel ungdom oppgir at dei er ute med vener på fridtida (22%), medan Ørsta har nesten dobbelt så høg andel (40%). Nokre av ungdomene i Volda seier at dei reiser til Ørsta på Kaihuset ein gong i veka for å treffe andre på sin alder og for å gå på diskotek.

«*Til neste år har vi ikkje råd lenger. Då blir nemleg bussen dobbelt så dyrt*.» - jente 15 år

Ikkje alle har råd, eller får lov av foreldra til å reise til Ørsta om kveldane.

93% av ørstingane kjenner seg trygge når dei er ute om kvelden og ferdast i nærmiljøet der dei bur. Berre 81% i Volda gjer det same, medan 88% kjenner seg trygge på heimstaden på landsbasis.





Einsemd er i følgje UngData-undersøkinga eit problem for ungdom i Volda. Eit ledd i å forhindre at ein blir einsam, er å møte folk og vere sosial. Det er ein aukande trend at ungdom ikkje lenger treff kvarandre på fritida, men sit på kvart sitt rom foran ein skjerm. Det å møte folk andlet til andlet er rett og slett ein sosial ferdigheit som er i ferd med å gå tapt i den norske ungdommen sitt repertoar.

UngData-undersøkinga viser at 12% av elevane i Volda ikkje har ein einaste ven dei stolar på, og 2 av desse prosentane «har ingen dei vil kalle vener no for tida».
Til saman er 23% einsame.

I følgje undersøkinga slit 12% av ungdommen i Volda òg med depressive tankar, og mobbetala i Volda er høgare enn landsgjennomsnittet. På landsbasis blir 7% av ungdommen mobba. I Ørsta er talet 5%, medan det i Volda er dobbelt så høgt – 10%.

DEL 1 – FØRSTE PUNKT: KARTLEGGING

Ulike ungdomsmiljø har vore kontakta for å få gjort ei breiast mogleg kartlegging av ungdomane sitt behov og sine ynskje. I staden for spørjeundersøking[2], vart det oppretta kontakt med elevråda ved ungdomsskulen og den vidaregåande skulen i Volda. Elevane fekk høve til å stille spørsmål til sine klasser for så å uttale seg om ønskjer og behov i samband med ungdomsaktivitet i bygda si.

I tillegg har Ungdomsrådet i Volda, UKM- og BandCamp-deltakarar, ungdom på klubbkveldar og via sosiale plattformer, samt fagpersonar som jobbar med ungdom i Volda fått uttale seg.

Ungdommen si røyst

Nokre av ungdommane kunne fortelje at dei ikkje hadde noko fritidsaktivitet å gå til og at dei svært gjerne ønskja seg eit slikt tilbod.
Ungdommen syns også det er viktig at klubben blir drifta delvis av ungdom sjølv, og at dei sjølv har eit styre som kan ta eigne avgjersler.

> ”*Ungt ansvar – vaksent nærvær*” - Aina Øyehaug Opsvik

Det er kome inn mange forslag og ønskjer via sosiale media og i møte med ungdommen.
Dei ønskjer å bli tatt på alvor, med eit reelt tilbod om eit lokale dei kan vere i:
Ungdommen vil ha eit ungdomshus som er berre deira og som dei kan innreie som dei vil sjølve.
I huset vil dei ha diskotek med dansegolv, konsertscene, DJ-utstyr, UV-lys, røykmaskin, diskokule og godt musikkanlegg og høgtalarar. Det har kome innspel frå fleire om at dei ønskjer å ha ope diskotek ein gong i månaden, og faste opningstider kvar veke med gratis inngang.

Andre ting dei syns er viktig å ha i ein klubb, er mellom anna ein kiosk med tilhøyrande kjøkken og matsal med låge prisar, samt internettkafé med god internettforbindelse. Av essensielle ting nemnde fleire av dei eit bra klimaanlegg, toalett, garderobe, sofaer og aktivitetsrom.

I tillegg ønskjer fleire seg eit TV-/filmrom, vaksenfritt/foreldrefritt område, spelerom med biljard, fotballspel og airhockey, lydtett studio og fleire øvingsrom, eit område for å spele brettspel og kort, mini-curling, mini-bowling, gaming-rom, PC og kodeklubb, rom til legoklubbrom, ballbasseng/-rom.

Temakveldar, utkledningsfest og biljardturneringar var nokre av dei andre forslaga til kva som kunne gå føre seg på ein fritidsklubbkveld. Andre forslag som ikkje er direkte knytt eit klubbhus per dags dato var ope hall, kodekurs for ungdom, trampolinepark/hoppeslott, konsertar for ungdomsgruppa, parkour, turnmoglegheit i nærleiken og ungdomskino.

Ungdomen ønsker seg med andre ord eit breitt og variert tilbod, og ein stad å utøve sine interesser. Deler av tilbodet bør vere ”flytande” og fleksibelt – og burde kunne følgje interessene til dei ungdommane som nyttar seg av lokala til ei kvar tid.

Når det gjeld opningstider vil ungdomen at ein skal kartlegge fritidsaktivitetane i bygda for å finne opningstidene som passar flest mogleg. Dei ønskja seg òg fleire klubbkveldar i veka når huset eventuelt opna. Dei ville også ha ei eiga heimeside for klubben – når det vert ein ordentleg klubb og namnet er klart. Elevrådet ved ungdomskulen i Volda hadde fleire forslag til kva lokale som kunne nyttast som mellombels lokale.

> ”*Huset skal verte betre enn Kaihuset*” - elevrådsrepresentant ved V.U.S.

[2] Ei større spørjeundersøking retta mot ungdomen i Volda blei vurdert til å vere ei for omfattande oppgåve, i tillegg til at det ville bli svært tidkrevjande å få handsame alle data i ettertid.

Ungdomsrådet meinte at *om* det skulle byggjast nytt lokale var det betre å halde ulike kurs og arrangement medan ein venta på ferdigstillinga, enn å halde fram i dei lokala som no er i bruk. Dei syntes ikkje det er eit seriøst tilbod til ungdommen og at det set klubben i eit dårleg lys. Volda kommune får eit dårleg rykte hjå ungdom når ein nyttar seg av lokalar som er så dårleg eigna til føremålet, seier ungdomane.

Krav til lokala

Erfaringar tilseier at ungdommen si kjensle av tilhøyrsle til klubben sin heng saman med i kva grad dei er gjort ansvarlege i forhold til den. Eit lokale ungdom sjølv har vore med på å forme, gjennom oppussing og-/eller innreiing av rom, vil dei i større grad identifisere seg med og ønskje å verne om. Spørsmålet om sambruk av lokalar med andre brukargrupper må sjåast i denne samanheng.

Om ungdom ikkje får prege sitt klubblokale med eigne symbol, vil interessa fort falle. Som ungdommen sjølv seier, ønskjer dei å drive klubben sjølv. Dei ønskjer eit ungdomsstyre og eit crew som jobbar med arrangement og innhald til sin eigen klubb.

Ungdomsklubblokalet skal fungere både som arbeidsplass og fritidsarena. Lokala må fylle minimumskrava i arbeidsmiljølova. Tilgang til dagslys og frisk luft er essensielt. At det er universalt utforma er sjølvsagt, då Klubben ikkje skal ekskludere nokon, men vere eit tilbod til *alle*.

Ungdom & Fritid meiner at desse 7 punkta bør vere dei rettleiande minimumskrava for eit ungdomsklubblokale:

1. Sal eigna for musikk og dans, med plass til fri leik, spel og framsyningar.
2. Kjøken eller kiosk med moglegheit for enkel matlaging, gjerne tilknytt kafé.
3. Gruppe- og aktivitetsrom. (ikkje spesifisert kor mange)
4. Personalrom.
5. Separate toalett.
6. Inngangsparti eller lobby med garderobe.
7. Lagerrom for varer og utstyr.

Fagfeltet[3] si røyst

Ikkje alle har råd, moglegheit eller lyst til å delta i idrett eller anna organisert aktivitet: I 2016 var det 101 300 barn i Norge som vaks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Relativ fattigdom betyr meir enn mangel på mat, kle og tak over hovudet, det omfamnar også mangel på moglegheiter til å delta sosialt, på lik linje med resten av samfunnet. For landet som heilheit er talet på barn som veks opp i familiar med låg inntekt er sterkt aukande og utgjer omlag 10%. I snitt har kvar skuleklasse 2-3 barn som veks opp i barnefattigdom.

> «*Det må vere eit tilbod til alle – utan inngangsbillett!*» - Aina Ø. Opsvik

Det ein ser er at ungdom i Volda har få møteplassar, og største målgruppa er i ein alder der mange fell i frå og sluttar med fritidsaktivitetane sine. Mange ungdom sit heime og «møtast» over skjerm, og fleire kjenner eit behov for ein stad der dei fysisk treff andre.

[3] Desse personane frå ulike fagmiljø er representert i rapporten: Lisbeth Hoggen Totland (helsesøster for ungdom), Aina Øyehaug Opsvik (leiar for interkommunal barnevernsteneste),
Anette Hauger (fagteamleiar for hjelpetiltaka retta mot einslege mindreårige flyktningar), Inger Stine Bjørneset (miljøterapeut/barnevernspedagog for Volda ungdomsskule), Lene Nupen (assisterande oppvekstsjef), Geir Sæther (miljøterapeut i rus og psykisk helseteneste), Rune Rotevatn (tidlegare ungdomsarbeidar på Telebygget), May Lisbeth Lande (tidlegare leiar for ungdomsklubben), Anne Følsvik (barnehageassistent/ tidlegare klubbarbeidar), Selma Fjørtoft (ungdomsskulelærar med ansvar for elevrådet), Runar Hovde (kommunepsykolog), Marianne Solheim (representant for ungdomsgruppa ved Læringssenteret), Mona Ryssevik (leiar for Fritidsklubben og Ung i Herøy) og Marie Flatin (leiar for Bell ungdomsklubb i Ulsteinvik).

> ”*Folkehelse har å gjere med korleis vi lever liva våre, korleis vi har det i familien, i nærmiljøet, i fritida og på mange andre områder. (...)*
> *Her trengs det meir satsing på lågterskel tilbod, gode møteplassar og eit inkluderande miljø som hindrar utanforskap. Samla sett er ein god barndom ei investering i ei betre og meir berekraftig framtid for alle.*
> *Det er god samfunnsøkonomi*.”
> Folkehelseprosjektet «Saman for barn og unge i Volda»

I eit folkehelseperspektiv er ein møtestad for unge verdifullt. Det er ein viktig faktor for god psykisk helse at ungdom kjenner at dei høyrer heime ein stad. Dei som ikkje har ei slik tilknyting, er ei risikogruppe. Det å ha ein slik open møtestad for all ungdom i aldersgruppa, kan vere eit viktig førebyggjande tiltak.

Faggruppa meiner at eit tilbod som ligg geografisk sentralt er viktig, gjerne i nærleiken av andre fritidstilbod, då dette kan bidra til at dei organiserte og dei uorganiserte ungdommane vert meir blanda og at fleire nyttar seg av tilbodet. Tilbodet må vere såpass attraktivt at dei fleste ønskjer å bruke det – på denne måten vil tilbodet også fungere som eit inkluderingstiltak.

Fleire av fagpersonane påpeikar at det er viktig at det er eit tilbod på ein *fast arena* – det gir tryggleik. Barn og ungdom generelt treng trygge, stabile rammer. Og dei som kjem til Volda utanfrå, har ikkje eit nettverk, kan hende verken i Volda eller Noreg – dei søkjer det kjende og treng klare retningslinjer og regelverk å halde seg til når alt er nytt.

Den nye «trenden» i barneoppfostringa er at mykje foreldreoppfølging vert forventa. Det krevjast ressurssterke foreldre som evner å fylgje opp barna på ein god måte. Dei som ikkje har denne oppfølginga hamnar på ein måte «utanfor». I ein ungdoms-/fritidsklubb skal tilbodet vere foreldrefritt, alle blir like.
På ungdomsklubben/fritidsklubben skjer møtet mellom ungdommane og den vaksne friare og er basert på dei unge sitt initiativ. Klubbarbeidaren si rolle er ein rettleiar som legg til rette for aktivitet, med tid til å lytte og samtale. For å få til dette – må ein ha eit stabilt tilbod med faste opningstider som ungdommane veit dei kan nå dei tilsette på. Barn og ungdom likar at ting er føreseieleg, at dei veit kva som møter dei. Terskelen blir høg for nokre ungdom om dei må planleggje.
«Pop-up»-tilbod er difor eit godt ekstratilbod til det faste, trygge – men kan ikkje erstatte det. Dei kan gå glipp av eit godt tilbod, og vi, som samfunn, kan gå glipp av ei gruppe ungdom som det er viktig at blir sett og støtta.

> ”*Det å ha gode og universelle tilbod der alle er inkludert og kjenner seg verdsett og kan bidra til samfunnet utifrå ressursar og evner, er viktig i det førebyggande arbeidet. (...) tiltak som løfter alle, vil også kome barn og unge som er sårbare til nytte. God skule, god barnehage og gode fritidstilbod som inkluderer alle, er her alfa og omega*.” Folkehelseprosjektet «Saman for barn og unge i Volda»

Fleire av fagpersonane seier at dersom ungdomsklubben får eit godt eigna klubblokale, så er det viktig at Volda kommune sørger for at drifta blir stabil: Det bør ikkje vere eit budsjettspørsmål kvart år om tilbodet skal halde fram eller ikkje. Det blir for ustabilt, og det er viktig å vise ungdom som gruppe at dei er verdifulle i samfunnet. Ungdom treng at vaksne ser dei, og ser at dei kan vere ein ressurs. Mange ungdom i dag strevar nemleg med å oppleve meistring – og meistring er eit viktig moment for utviklinga til både barn og ungdom. På klubben kan ungdom kan få hjelp og støtte til å meistre på andre arenaer enn i skule eller innan idrett.

Ein klubb er såleis eit godt førebyggjande tiltak, eit lågterskeltilbod for all ungdom, der ein kan møtast frå alle samfunnslag, både «ur-voldingar» og tilflyttarar. Dei ungdommane som ikkje engasjerer seg i dei tradisjonelle ungdomstilboda som t.d. idrett, søkjer seg ofte mot eit anna tilbod. Om ein då ikkje

har det tilbodet til dei, kan dei kome i feil miljø, meir eller mindre umedvitne. Dessverre er det nemleg slik at rusmiljøet er eit tilbod med ganske låg terskel, og det er enkelt å integrere seg i det.

Det er ingen i Helsedirektoratet som våger å gå ut med eksakte tal på kva det kostar samfunnet når nokon ender opp i rus. Rokkan-senteret i Bergen anslo i 2008 at samfunnskostnaden knytt til rusbruk var 18 milliardar.
Anslag knytt til statens «rusregnskap» for 2016 viser til ein knappe 6,7 milliardar kroner, og i tillegg kjem kommunenes «rusregnskap» for 2016 som er anslått til mellom 5,5 og 6,7 milliardar kroner. Dersom ein leggjar til utgift til domstol, politi og fengsel knytt til rus, må ein leggje til mellom 1,5 og 3 milliardar. Gode og trygge samfunn er svært, svært lønnsamt. Dette handlar om å ha fokus på både det helsefremmande og det førebyggande arbeidet i kommunen.

> ”*Om vi investerer i ein ordentleg klubb no, gir vi endeleg eit signal til ungdommen om at dei er verdifulle og at dei er ein viktig del av samfunnet vårt!*”
> – Inger Stine Bjørneset

DEL 1, ANDRE PUNKT: Gjennom samarbeid med ulike ressursgrupper/fagmiljø arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eigna ungdomsklubblokale.

Siden nyttår har det vore sett i gang ulike aktiviteter retta mot ungdom, i tillegg til at klubbleiaren har tatt kontakt med ungdom gjennom ei rekke ulike kanalar:

I januar og februar arrangerte Ungdomsklubben i Volda BandCamp2018. BandCamp kom i gang som eit heilårig UKM-prosjekt i samarbeid med kulturskulane i Volda og Ørsta. Dette var det andre året BandCamp vart arrangert, og det vert no satsa på å kunne ha dette som ei årleg hending.
Camp’en har vore ein suksess og UKM hadde 75% av sine deltakarar med utspring frå BandCamp.
I tillegg fekk klubbleiar i stand ein avtale med kulturskulen i Volda som kjem direkte frå samarbeidet om BandCamp. Avtalen er slik at klubben sine medhjelparar og medlemmar kan bruke bandromma på kulturskulen i helgane frå hausten av.

Det vart søkt eksterne midlar frå UKM Norge til gjennomføringa av BandCamp og den 1. oktober er det ny søknadsrunde for stimuleringsmidlar. Kulturskulane vil halde fram med samarbeidet med ungdomsklubben om å søkje midlar til både BandCamp og andre prosjekt. Det komande året ønskjer klubbleiar også å arrangere andre typar kurs og aktivitetar. I samarbeid med Høgskulen i Volda blir det truleg eit Stage Fighting-kurs og eit teatersportkurs i løpet av året. Klubbleiar ønskjer også sjå på moglegheita for å arrangere eit «Sommarprogram» retta mot ungdom i Volda.

Biblioteket og klubben byrja eit samarbeid om ulike temakveldar med debatt for ungdom i biblioteket sine lokale – som skal heite ”Prat Om”. Det har dessverre blitt forseinkingar i dette prosjektet, grunna avgrensa personalressursar. Tanken er å få ungdom engasjert og til å snakke saman om tema som opptek dei, eller ta opp tabubelagde tema med debattleiarar som er opne for ulike meiningar.

Klubbleiar har starta opp eit forum for fritidsklubbleiarane i Volda og omsegn, med ein tanke om framtidig samarbeid, erfaringsutveksling og mogleg spleising på større arrangement. I første omgang er det oppretta eit nettforum, og ein håpar å kunne ha to til tre samlingar i året.

Når klubben ikkje har eigna lokalar å vere i, må ein bruke andre virkemiddel til å knyte til seg ungdom og bli kjend med dei. Utan ein fast og eigna møteplass for ungdom, er prosessen svært vanskeleg. Sidan ungdom ikkje fylgjer særleg med på plakatar, aviser eller andre informasjonskanalar vaksne er vande med å bruke, må ein ta i bruk sosiale media der ungdomen er. Heile 81% av ungdom i Noreg brukar Snapchat, 67% Instagram og berre 54% brukar Facebook. For å knyte – og halde kontakt med

ungdom, har klubbleiar oppretta kontoar på ulike sosiale media under namnet UngiVolda og UKM Ørsta/Volda. I november skal Landskonferansen til Ungdom & Fritid gå av stabelen i Oslo – "Det digitale ungdomsarbeidet". Klubbleiar deltek her for å lære meir om dette.

Eit nærare samarbeid med ungdomsskulen er og satt i gang, der klubbleiar er meir til stades i skulemiljøet på dagtid for å knytte kontakt med ungdom.

I tillegg har leiar engasjert seg i frivillig arbeid for å kome i kontakt med ungdom som treng det, og har starta dialog med nokre av dei organiserte laga i Volda for saman å skape eit betre og heilskapleg ungdomstilbod i bygda. Dei organiserte fritidsaktivitetane og frivillige organisasjonane har ein solid posisjon i Noreg, og i Volda. Dei utgjer ein viktig ressurs i lokalmiljøet, men er ikkje nok for å sikre eit godt barne- og ungdomsarbeid åleine. Det frivillige er sårbart, og det vil vere positivt om ein kan samkjøre kva tilbod ein har og kan dra nytte av kvarandre sin kompetanse.

Andre stader har ein oppretta samarbeidsgrupper der dei organiserte fritidsaktivitetane og fritidsklubben samarbeider i eit «Nærmiljøforum» om større arrangement og liknande. Dette kunne vore interessant for Volda. Frivilligsentralen og klubbleiar planlegg no eit samarbeid om eit Nærmiljøforum og ein AlleMed-dugnad kor ein ønskjer å finne gode løysingar for å inkludere all ungdom i fritidsaktivitet.

Det er òg behov for at kommunen samordnar tenestene sine retta mot ungdom. Tverrfaglege samarbeidsgrupper innan oppvekstområdet kan bidra positivt med ei heilskapstenking, der forslag til gode førebyggingstiltak og eventuelle bekymringar kan drøftast. I ei slik gruppe bør m.a. ungdomsklubben, barnevernet, politiet, skulen si miljøterapeut, kommunepsykologen og helsesøster vere representert.

Om samarbeid og kommunikasjon ikkje fungerer, kan det føre til dobbeltarbeid. Dei ulike aktørane i kommunen kan hende jobbar med parallelle tiltak mot same gruppa. Ungdomsklubbstillinga vart i 2015 delt frå stillinga som ungdomsrådskoordinator, som er ei stilling som tidlegare ungdomsklubbleiar May Lisbeth Lande framleis har. Folk er vande med at ungdomsklubben og ungdomsrådet er tett knytt saman, og tenkjer ikkje på at ein beskjed eller invitasjon no må sendast to gongar – ein til ungdomsrådet og ein til ungdomsklubben. Dette fører til at ungdomsklubben ikkje får alle beskjedar, og ikkje vert invitert inn i alle forum den bør vere i.

DEL 2: "I påvente av og parallelt med prosess i punkt 1, vert det starta førebels treffpunkt for unge i salongen."

På oppmoding frå Tenesteutval for Oppvekst og Kultur, starta ungdomsklubben opp i Salongen sine lokalar og hadde ope ein gong i veka fram mot sumaren.
Det er svært vanskeleg å rekruttere ungdom til lokala og å få med seg ungdom til å delta når dei kjenner seg så lite prioritert. To ungdom hjelpte til med å planleggje og lage til salongen til de fyrste hendingane.
Det starta veldig bra med 17 besøkande på «Vaffelkveld», men dei siste vekene før skuleslutt kom det færre og færre, og til slutt ingen.

I staden for å nytte Salongen som lokale, bør ein vurdere å nytte andre kommunale lokalar når ein treng ein møteplass – då ungdomen sjølv seier at Salongen gir Volda kommune og klubben eit dårleg rykte blant ungdom.

> *"Om ein skal ha ein klubb så må ein satse, eller så må ein la vere.*
> *Men har ein eigentleg råd til det? Å la vere?"*
>
> – Rune Rotevatn

Konklusjon

Ut frå utsegna til fagpersonane og ungdommen, kan ein trekkje konklusjonen at det er eit behov for eit eigna fritidshus for ungdom i Volda, der ungdomen sjølv får vere med å bestemme/utforme lokala.
Det er behov for ein plass der dei kan halde på med fleire aktivitetar, dyrke interesser og ha sosialt samvær med ungdom på deira alder.
Fagpanelet ser at ungdommen treng ein plass der dei har moglegheit til å lære på eigne premissar.
Det er vanskeleg å forklare kva ein lærer, når det er mykje taus kunnskap som lærast.: Å tru på seg sjølv. Å ta ansvar. Stå for og kunne målføre eigne meiningar.



Til helsesøster for ungdom i Volda, teikna av ei voldajente som vil vere anonym.

Ein kan heller ikkje konkret talfeste kor mange ungdom som har «behov» for ein klubb for ikkje å hamne utanfor i vaksenlivet, med tanke på rus, arbeidsledigheit, psykiske plager, m.m.
Men at tilbodet kan vere viktig for mange - og livsviktig for nokon få - er heilt sikkert.

Tala frå UngData-undersøkinga visar at det er fleire uromoment å ta tak i med tanke på å nå framtidsvisjonen frå Volda sin samfunnsplan retta mot barn og unge. Einsemd, mobbing, møtestader, psykisk helse.

Med ein stad og ein møteplass der ein kan jobbe målretta i samarbeid med andre instansar – og ungdommen sjølv – for å skape eit betre ungdomsmiljø i bygda, vil kunne ha enorm effekt på framtida vår.

Salongen på samfunnshuset

Tida med fritidsklubb fram mot sumaren i Salongen stadfester at Salongen ikkje er eigna til formålet. Det er fleire ting som gjer at Salongen ikkje eignar seg som fritidsklubblokale:

1. Det er eitt lite rom. Ungdommen kan ikkje halde på med parallelle aktivitetar der. Det er ikkje plass, og lokalet er ikkje tilpassa at ein skal kunne sjå film i ein del av romet, og for eksempel danse i ein annen del.
2. Ungdommen får ikkje gjere lokalet til sitt eige, då det er restriksjonar på kva som kan skrus opp og hengast på veggane. Dei får ikkje male i dei fargane dei vil og romet er generelt ganske "trist" å sjå til.
3. Det er ikkje god internettforbindelse som ungdommen kan logge seg på.
4. Det ser ut til at Salongen har vorte eit oppbevaringsrom for stolar, dårlege bord og eventuelt anna skrot og verkty.
5. Temperaturen er vanskeleg å regulere i romet.
6. Lyd frå kinoen forstyrrar aktivitet, og klubbens aktivitet kan forstyrre filmframsyningar.
7. Det er ikkje universalt utforma for rullestolbrukarar.

Det er svært krevjande å halde aktivitetsnivået som ein gjerne skulle ønske, når ein manglar eit fast, eigna møtepunkt for ungdomen. Det er ikkje mogleg å få etablert ei ressursgruppe for ungdom som kan hjelpe til å lage til og promotere ulike arrangement utan eit eigna tilhaldssted – der ein kan møtast og etablere gode kontaktar i ungdomsmiljøet. Jamleg kontakt med ungdom er naudsynt for å skape tillitsforhold og bli kjend med ungdom. Dette er naudsynt for at ein skal kunne samarbeide med, og kunne oppdage dei sidene ved den enkelte ungdomen som gjer at dei kan bidra på best mogleg vis – og oppleve meistring.

Ungdomstida er kort. Derfor er det naudsynt og viktig at Volda kommune har eit tilbod til ungdom no – sjølv om det blir som ei mellombels løysing i form av kurs, mindre arrangement og liknande – slik ein har gjort det siste halve året. Dette tilbodet kan likevel ikkje erstatte eigne lokalar til fritidsklubb på sikt. Det er viktig med kontinuitet og forutsigbarheit, og det får ein best til gjennom eit fast møtepunkt og dei rammene det gir. Det at ein tenkjer at ein skal spare pengar på å ikkje gi ungdomen eit godt tilbod, fell på grunn. Ungdom som fell utafor – kostar samfunnet mykje. Og det er vårt ansvar å ta det på alvor.

> «*Eg skjønar at vi er ein enkel gruppe å ignorere, fordi vi ikkje har stemmerett – men vi kjem til å få det! Og vi er 100% av Voldas framtid*.»
> - Astrid Kristine Isene – elevrådsrepresentant ved Volda ungdomsskule

Arena Sunnmøre 2018

Velkommen til Arena Sunnmøre:

Dato: Torsdag 22.november 2018, Tid: 09.00-15.30

Stad: Norsk Maritimt Kompetansesenter NMK-Ålesund

Tittel: Korleis utdanne framtidas sunnmøring? Vårt ansvar!

Målgruppa for konferansen er politikarar i kommunestyrer og formannsskap på heile Sunnmøre og kommunalsjefar for oppvekst i alle kommunar.

Tema vi skal innom er: oppvekstmiljø, læringsmiljø, skule og næringsliv, kompetanse for framtidig næringsliv på Sunnmøre og politisk ansvar.

Selda Ekiz Foto Nadia Frantsen

Konferansier: Selda Ekiz

Selda Ekiz er programleiar i NRK. Ho er lærar og har mastergrad i fysikk frå Universitetet i Bergen.

Dei fleste kjenner henne frå det populærvitskaplege ungdomsprogrammet Newton, Klasse-quizen og realityserien Anno. Våren 2018 husker vi henne frå og underholdnings-programmet Alle mot 1. Ho fekk Gullruten som beste programleiar i 2013.
Selda vaks opp i Sande i Vestfold. Familien er frå Tyrkia.

Nokre av forelesarane du møter på Arena Sunnmøre

Bedriftsleiar Kjersti Kleven:
Kva er viktig kompetanse for næringslivet på Sunnmøre i framtida?

Professor Thomas Nordahl: Kvifor er det viktig å arbeide for eit inkluderande oppvekstmiljø i barnehage og skule i eit framtidsperspektiv?

Professor Peder Haug: Politikarrolla i ein utdanningssamanheng.
Kvar er handlingsrommet?

Høgskulelektor: Synnøve Hedemann Amdam Seksjonsleiar digital kompetanse Høgskulen i Volda: Dersom digitalkompetanse er svaret på framtidas utfordringar, korleis bør vi tenkje no?

<u>Aktuelle spørsmål :</u>

Utdannar vi ungdom ut av Sunnmøre?

Kva er det som gjer at mange fleire gutar enn jenter fell ut av skulen?

Gode læringsmiljø, er det berre eit læraransvar?

Kva er gode Sunnmørske verdiar det er viktig å ta vare på også i framtida?

Er digital kompetanse svaret på alle utfordringar i framtida?

Kva er handlingsrommet til politikarane i desse og andre spørsmål om oppvekst?

Med vennleg helsing
Arbeidsgruppa for Arena Sunnmøre:

Eva Vinje Aurdal, Ordførar Ålesund
Dag Olav Tennfjord, Ordførar Skodje
Jørgen Amdam, Ordførar Volda
Lena Landsverk Sande, Ordførar Vanylven
Gry Nordal, Kommunalsjef Oppvekst Ulstein
Tone Lillebø, Kommunalsjef Oppvekst Stranda
Nils Magne Abelseth, Pedagogisk koordinator, Sunnmøre Regionråd
Torunn Måseide Utviklingsveileder, Sunnmøre Regionråd IKS

Velkommen til Arena Sunnmøre 2018!

PS 154/18 Referatsaker

RS 4/18 Vedtak i Ørsta kommune - Etablering av utviklingsforum for Ålesund lufthamn - invitasjon til deltaking i aksjeselskap